

Folket i myra

Med fokus på komparasjon av myrlik frå yngre bronsealder og før-romersk jernalder i Danmark, samt ei undersøking på relevansen mellom myrlik og sosiale og religiøse endringar.



Anna Lovise Skaar

Masteroppgåve i arkeologi

Institutt for arkeologi, historie, kultur – og religionsvitenskap

Mai 2012

Universitetet i Bergen

Summary

The bog bodies of Denmark have been the selected topic of my master thesis. For many centuries these human beings from the past have been under scrutiny by researchers and others. What people were and still are interested in is why they ended their life in the bog. What I have tried to find answers to is precisely this.

By selecting 13 bog bodies from Danish areas I compared them to try to look for common attributes between them. The point of doing this was to see if this could somehow give an explanation to why they ended up in the bog. One can for instance see that they did not have much personal belongings with them, such as clothing or artifacts. Some of the bog bodies did however stand out in this particular area. An example is the woman from Huldremose. What followed her in the bog were two capes made from sheepskin, a scarf of some kind, with a pin made out of bone attached to it and a plated skirt. She also had a string inside of a bladder and what also might have been some kind of a hair band. Not to mention a very special comb made out of antler. On average the bog bodies in Denmark did not have this much belongings with them. What is common to find with these humans is normally a skin cape or a skin cap.

On account to what they died of it looks like there were three main methods to murder the people from the bogs. This was hanging/strangulation, beheading and a cut to the throat. There are, however, some of the bog bodies that do not have any clear evidence to what killed them.

To explain why the bog bodies ended up in the bog cannot be clarified by comparison alone. I have therefore chosen to look at possible changes in the society from the early Bronze Age to pre-roman Iron Age. By looking at archaeological finds, such as cemeteries and sacred sites, one can see that there probably was some kind of disquiet times in these two periods. Hill forts, protected villages and finds of swords and spears give an impression that they needed to protect themselves. It also gives the impression that there were elements of violence in the society. One can therefore imagine that they needed extra help from the Gods. By sacrificing human beings they would send signals that they needed divine help to deal with the struggle.

It has also been considered that the bog people were convicted criminals, and that they did not deserve a traditional funeral. They were subsequently tossed into lakes and bogs. In my thesis I have come to the conclusion that they may have been both convicted criminals and sacrificed human beings. What is important to remember is that one conclusion does not necessarily fit all of the bog bodies. The reason why they ended up in the bog may differ from case to case.

Føreord

Eg vil nytte dette høvet til å takke alle dei som har støtta meg og medverka på kvar sin måte til at denne avhandlinga er blitt eit ferdig arbeid.

Eg vil først og fremst rette ein stor takk til rettleiaren min, Nils Anfinset, som gjennom heile skriveprosessen har gitt meg konstruktiv kritikk, gode råd og som klarte å roe meg ned då eg hadde full panikk. Denne avhandlinga hadde nok ikkje vore mogleg utan hjelp frå han.

Ei rekke andre menneske fortæna stor takk for hjelp på vegen. Takk til Karen Margrethe Boe, museumsinspektør ved Silkeborg museum, som tok seg tid til å prate med meg i fleire timar om myrlik i Danmark. Takk òg for at eg fekk vere aleine med Tollundmannen og ta innover meg det store ved dette funnet.

Stor takk til mamma, pappa, Tora og storesystera mi Ida for korrekturlesing av oppgåva. Å bli blind på eige arbeid er i alle fall noko eg har fått erfare. Takk òg til syskenbarnet mitt, Åsmund, som tok seg tid til å lese gjennom kapittel som eg personleg ikkje tykte var særleg saftig arbeid. Ein takk til onkel Øystein for korrekturlesing og hjelp til praktiske saker i word-dokument som eg ikkje forstår meg noko på. Takk til kjærasten min, Alexander, og sambuaren min, Mari, som då det var nødvendig fekk meg til å tenkje på noko anna enn oppgåveskriving og myrlik. Takk til klassekameratane mine som så godt dei kunne forsøkte å hjelpe meg med dei spørsmål eg måtte komme med. Ein stor takk må òg skjenkast til veslesøstera mi, Eli "Bibba" Andrea, som til trass for relativt dårleg økonomi sa seg ja til å bli med meg på forskningstur til Danmark, då eg syntest det var altfor skremmande å reise til det danske land aleine.

Tusen takk for all hjelp.

Anna Lovise Skaar, Bergen, 15.05.2012.

Nb: Biletet på framsida er henta frå: van der Sanden, 1996: 91.

Innhald

Summary.....	i
Føreord.....	iii
Innhald.....	iv
Oversikt over bilete, tabellar og figurar.....	vii
1. INNLEIING.....	1
1.1. Overordna målsetting.....	1
1.2. Emne, mål, område og tid.....	1
1.3. Materiale.....	3
1.4. Problemstillingar.....	4
2. FORSKINGSHISTORIE.....	5
2.1. Arkeologi og myrlik i den tidlegare fasen – tankar rundt materiell kultur.....	6
2.2. Ein systematisk arkeologi i utvikling.....	10
2.3. Utforming av ein vitskapeleg arkeologi.....	12
2.4. Kritisk arkeologisk tenking.....	14
2.5. Oppsummering.....	16
3. TEORETISK PERSPEKTIV.....	16
3.1. Vald – som sosialt fenomen.....	17
3.2. Vald i samanheng med institusjonar og organisasjonar.....	18
3.3. Vald i samanheng med religion.....	19
3.4. Kva er tvang?.....	20
3.5. Makt – sosial kontroll.....	20
3.6. Religion som instrument.....	22
3.7. Klasser og rituelle grupper.....	23
3.8. Oppsummering.....	24
4. TILNÆRMING TIL METODE.....	24
4.1. Komparasjonsmetoden.....	24
4.2. ¹⁴ C-metoden.....	26
4.3. Andre dateringsmetodar.....	29
5. PRESENTASJON AV MATERIALET.....	30
5.1. Geografisk plassering.....	30
5.2. Datering.....	33
5.3. Kler og tilbehør.....	36
5.4. Oppsummering.....	43
6. EIT SAMFUNN I ENDRING?.....	44
6.1. Yngre bronsealder.....	44

6.1.1.	Korleis dei daude vart behandla.....	44
6.1.2.	Religion og rituelle ofringar	46
6.1.3.	Samfunnet generelt	48
6.1.4.	Eit krigarsamfunn?.....	50
6.2.	Før-romersk jernalder	51
6.2.1.	Gravskikkar.....	51
6.2.2.	Religion og rituelle ofringar	52
6.2.3.	Samfunnet generelt	53
7.	RESULTAT OG TOLKINGAR.....	55
7.1.	Kva fellestrekk deler myrlika?.....	56
7.2.	Myrlik og vald	62
7.3.	Var det bruk av vald?.....	65
7.4.	Religion og ofring.....	67
7.5.	Vart dei ofra?	67
7.6.	Vald kopla mot religion	70
8.	OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	74
	Litteratur	77
	Appendix: Katalog av 13 myrlik frå Danmark	81
i.	Ravnholtmannen, 1773	82
i.i.	Funnet – posisjon og tilstand	82
i.ii.	Kle og tilbehør	82
i.iii.	Forsking og datering	82
ii.	Haraldskærkvinna, 1835	83
ii.i.	Funnet – posisjon og tilstand	83
ii.ii.	Kler og tilbehør.....	84
ii.iii.	Studiet av Haraldskærkvinna.....	84
ii.iv.	Myrliket frå Haraldskær – ei mykje omdiskutert kvinne.....	84
iii.	Stidsholt-hovudet, 1859	86
iii.i.	Funnets tilstand	86
iii.ii.	Kle og tilbehør	87
iii.iii.	Datering og forsking.....	87
iv.	Huldremosekvinna, 1879	88
iv.i.	Funnet – Posisjon og tilstand	89
iv.ii.	Kler og tilbehør	89
iv.iii.	Datering og forsking	90
v.	Liket frå Krogens møllemose, 1878.....	91
v.i.	Tekstilar og andre funn	91

v.ii. Datering og Forsking	91
vi. Auningpiken, 1886.....	92
vi.i. Funnet – posisjon og tilstand	92
vi.ii. Kle og tilbehør	92
vi.iii. Datering og Forsking	92
vii. Ellingvinna, 1938.....	93
vii.i. Funnet – posisjon og tilstand	93
vii.ii. Mogleg dødsårsak.....	94
vii.iii. Kler og tilbehør.....	94
vii.iv. Forsking og datering	94
viii. Roum-hovudet, 1942	96
viii.i. Funnet - tilstand	96
viii.ii. Kle og tilbehør	97
viii.iii. Datering og forskning.....	97
ix. Borremosemannen, 1946	98
ix.i. Funnet – posisjon og tilstand	99
ix.ii. Kler og tilbehør	99
ix.iii. Mogleg dødsårsak.....	99
ix.iv. Datering.....	100
x. Liket frå Borremose, 1947	101
x.i. Funnet – posisjon og tilstand.....	101
x.ii. Kler og tilbehør	102
x.iii. Datering.....	102
xi. Borremosekvinna, 1948	103
xi.i. Funnet – Posisjon og tilstand	103
xi.ii. Kle og tilbehør	104
xi.iii. Dødsårsak.....	104
xi.iv. Datering og Forsking	104
xii. Tollundmannen, 1950	106
xii.i. Funnet – posisjon og tilstand	107
xii.ii. Kle og tilbehør	107
xii.iii. Datering og forskning.....	107
xiii. Grauballemannen, 1952	109
xiii.i. Funnet – posisjon og tilstand	110
xiii.ii. Kler og tilbehør.....	110
xiii.iii. Datering	111

Oversikt over bilete, tabellar og figurar

Figur 1. Kart over Danmark. Henta frå Google earth	2
Figur 2. Nettverk av makt.	21
Figur 3. Modell av radiokarbondatering.	27
Figur 4. Geografisk plassering av 8 myrlik frå katalogen.	30
Figur 5. Geografisk plassering av 5 myrlik frå katalogen.	30
Figur 6. Måten naturen mumifisera	32
Figur 7. Roumhovudet var pakka inn i denne skinnkappa.	34
Figur 8. Huldremosekvinnas ullskjørt.	36
Figur 9. Kammen som låg ved Huldremosekvinna	37
Figur 10. Borremosekvinna med kappene som dekkja nedre del av kroppen.	38
Figur 11. Skinnhetta som Tollundmannen bar.	39
Figur 12. Pinnane som haldt Haraldskærkvinna fast i myra	40
Figur 13. Ellingkvinna. Furene i nakken etter reipet som har kvelt ho er tydelige.	42
Figur 14. Keramikkkaret som låg ved liket frå Borremose	58
Figur 15. Sjalet til Huldremosekvinna	59
Figur 16. Biletet viser Tollundmannens reip rundt halsen	60
Figur 17. Reipet rundt Borremosemannen er lik reipet rundt Tollundmannens hals.	61
Figur 18. Borremosekvinna	63
Figur 19. Rekonstruksjon av Borremosekvinnas mogleg død.	65
Figur 20. Måten dei var ”haldt” fast i myra varierte.	69
Tabell 1. Oversikt over yngre bronsealder og før-romersk jernalder	3
Tabell 2. Forklaring på markørar i figur 4 og 5.	31
Tabell 3. Oversikt over datering på myrlika i katalogen.	35
Bilete 1, van der Sanden, 1996: 42.	83
Bilete 2, van der Sanden, 1996: 99.	85
Bilete 3, van der Sanden, 1996: 91.	86
Bilete 4, Brothwell, 1987: 99.	88
Bilete 5, Fischer, 2007: 76.	93
Bilete 6, Fischer, 2007:111.	96
Bilete 7, Fischer, 2007: 117.	98
Bilete 8, van der Sanden, 1996: 110.	100
Bilete 9, Fischer, 2007: 119.	101
Bilete 10, Fischer, 2007: 120.	103
Bilete 11, Fischer, 2007: 175.	105
Bilete 12, van der Sanden, 1996: 17.	106
Bilete 13, Fischer, 2007: 69.	109

1. INNLEIING

The dead and the sleeping, how they resemble one another (Gilgamesh referert i Glob, 2004: 31).

1.1. Overordna målsetting

I denne avhandlinga vil eg granske myrlik frå danske område for å leite etter eventuelle svar på kvifor desse menneska hamna i myra. Utgangspunktet for å velje dette emnet er mellom anna at det har vore og framleis er ei oppglødd interesse kring myrlika si eksistens. Mange har forska på dette emnet tidlegare, men ved å føre ein komparasjon av myrlika, samt sjå dei i samband med ein samfunnskontekst, freistar eg å sjå løysingar eller alternativ som kan fungere som eventuelle svar på mine problemstillingar.

I Europas forhistorie gjekk det føre seg ulike endringar i slutten av yngre bronsealder og byrjinga av eldre jernalder. Det som kan bli interessant å sjå er om eit skifte i religion, og eventuelt i valdelege tradisjonar, eller endringar i kosmologien hadde noko betyding for myrlika. Kan myrlik eigentleg koplast opp mot desse forandringane? Eg vil ta inn Europas historie trass i at hovudfokuset ligg på Danmark, fordi det kan vere grunnleggande å sjå endringane i eit heilskapleg bilete.

Eg ynskje på denne måten å få ei meir heilskapleg forståing av myrlika som finnast i det danske området, samt sjå om det finnast samanhengar som ikkje tidlegare har vore utforska.

1.2. Emne, mål, område og tid

Eg vil ta føre meg myrlik frå heile Danmark, men i stor grad kjem eg til å fokusere på Jylland ettersom det er på fastlandet at dei fleste myrlik i Danmark er funne. Figur 1. viser eit kart over det utvalte området. Eg har valt ut 13 myrlik som eg har samla i katalogen. Ein vil sjå at nokre av dei er godt dokumentert og skildra, medan andre nesten ikkje har satt spor i det arkeologiske registeret. Eg har valt å samle desse i ein katalog for å gje lesaren eit klårare oversyn på kvar myrlika vart funne, i kva stand dei var i og kva type gransking som vart gjort på dei i etterkant. I katalogen vil ein òg sjå kva periode dei truleg levde i.



Figur 1. Kart over Danmark. Henta frå Google earth

Målet for avhandlinga er å sjå etter moglege samanhengar mellom endringar i samfunnet. Komparasjon av lika vil forhåpentlegvis gjere dette tydelegare og meir oversikteleg. På den måten kan det bli enklare å gå djupare inn i forandringar innan religion og samfunnet generelt.

Perioden eg har valt å fokusere på er yngre bronsealder og før-romersk jernalder. For å kunne svare på dei ulike problemstillingane eg har satt for avhandlinga må eg sjå på kva det var som faktisk gjekk føre seg i Europa på denne tida. Yngre bronsealder byrja rundt 1300 f.Kr i Sentral-Europa og gjekk mot ei avslutning rundt 750 til 700 f.Kr. Denne perioden går ofte under namnet Urnemark-kulturen. Urnemark-kulturen vart rundt 700 f.Kr erstatta av Hallstattperioden i Sentral-Europa. Dette blir her rekna som tidleg jernalder. I Sør-Skandinavia, derimot, helde bronsealderen på i nokre sekel til (Vandkilde, 2007: 171). Det er først frå om lag 500 f.Kr at Skandinavia går over til jernalder. I Sentral-Europa blir denne perioden kalla La Tène-kulturen (ibid:175).

Med andre ord vil eg fokusere på myrlik som ligge innanfor ei tidsramme på 1300 år. Frå 1300 f.Kr og fram til år null.

Periode	Tidsrom for Europa
Urnemark-kulturen	Ca. 1300-750/700
Hallstatt-kulturen	Ca. 750/700-500
La Tène-kulturen	Ca. 500-0

Tabell 1. Oversikt over yngre bronsealder og før-romersk jernalder

1.3. Materiale

Myrlik er relativt godt bevarte menneskekroppar, eller delar av kroppar, som på eit eller anna tidspunkt har hamna/blitt plassert i ei myr. Myrlik har fått namnet frå staden dei er funne i. Den danske termen ”moselik” har fått innpass i norsk arkeologi, og er kanskje like mykje brukt som det norske ”myrlik” (Beafverfeldt, 2007: 11). Føresetnaden for at eit lik skal kunne bevarast i ei myr er at kroppen er heilt isolert frå luft. På denne måten vil ikkje mikroorganismar som krev oksygen kunne fortære liket. Dette betyr at kroppen ikkje vil ha låge noko særleg på toppen av myra, men vil raskt ha siga ned i den (van der Sanden, 1996: 16, 18). Det er ein skilnad på det ein kalla myrlik og det ein kalla myrskjelett. Kva menneske som blir til eit myrlik eller myrskjelett vil vere avhengig av kva forhold som er tilstade i myra. Dette vil eg komme tilbake til i kapittel fem. I denne avhandlinga vil eg berre fokusere på dei menneska som går under termen ”myrlik”.

I Nordvest-Europa har mosefunna både geografisk og temporal spreining, og det eksistera i dag informasjon om nesten 2000 myrlik frå dette området (Beafverfeldt, 2007: 12, 51). I fylgje Allan A. Lund var det rundt slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet 52 myrlik som var kjend. Desse var alle frå eit gammalt germansk område. Han skriv ”(...) i mangel af sikre dateringsmetoder – med støtte i Tacitus’ vidnesbyrd, at moseligene var udtryk for en gammel germansk straffeform” (Lund, 1976: 17).

I tillegg til at dei vart tolka som tidlegare straffa individ, vart dei vurdert som ei geografisk, etnisk og tidsmessig samanhengande gruppe. Ettersom talet på funn av myrlik auka i løpet av 1900-talet, vart ikkje lengre denne oppfatninga sett på som truleg (Lund, 1976: 17). Alfred Dieck (1965 referert i Lund, 1976: 17) skriv at ”*Moseligenes tilsyneladende særstilling som fundgruppe skyldes nemlig overvejende naturen og er ikke noget kulturelt betinget produkt*” (ibid:17).

I fylgje Wijnand van der Sanden (1996: 84) hadde Alfred Dieck laga ei liste over myrlik i Danmark. På den siste lista var det totalt 441 registrerte myrlik i dette området. Andre forfattarar, ifylgje van der Sanden, hevda at talet strekk seg mot 500 myrlik (van der Sanden, 1996: 84). Morten Ravn skriv i *Acta Archaeologica* (2010) at PhD Ulla Mannering og PhD Margarita Gleba, begge frå ”Centre for Textile Research” har ført ein database for funn av myrlik i Danmark frå bronsealder og eldre jernalder. Konklusjonen av dette arbeidet var at det er gjort funn av ca. 560 myrlik i det nemnte området. 145 av desse var datert til yngre bronsealder og eldre jernalder (Ravn, 2010: 112-113)

Min tanke er ikkje å skape ei klårare oversikt av dei danske myrlika, men heller sjå om det finnst element i mellom anna det arkeologiske materialet som betre kan forklare kvifor dei hamna i myra. Tanken her er å bruke dette materialet i samband med samfunnsendingar i yngre bronsealder og før-romersk jernalder for å sjå om det er løysingar som kan vere eit eventuelt svar på kvifor myrlik møtte døden i myra. I kapittel fem vil eg komme nærare inn på dei ulike myrlika frå katalogen og samanlikne dei for å sjå eventuelle trekk dei har til felles og kva som skil dei frå kvarandre.

1.4. Problemstillingar

Eg vil freiste, ved å bruke definisjonar på vald, tvang, makt og religion, samt sjå på samfunnsendingar i dei to periodane, å komme fram til eit mogleg svar på kvifor desse menneska hamna i ei myr i staden for å bli gravlagt på tradisjonelt vis. Hovudproblemstillingane er:

- Kan ein ved å samanlikne myrlik frå yngre bronsealder og før-romersk jernalder i Danmark finne eit mønster som betre kan forklare deira eksistens? Det er ingen som eigentleg kan forklare kvifor desse myrlika hamna i myra.

Var dei eit offer for samfunnets valdelege overgang? Var det eit nytt religiøst ”regime” som kravde sine gåver?

- Er det ein samanheng mellom vald og religion som er årsaka til at lika hamna i myra? Er det særskilde faktorar som spelar inn i yngre bronsealder og førromersk jernalder som kan vere årsaka til dette?
- Kan myrlika koplust opp mot endringar i samfunnet?

2. FORSKINGSHISTORIE

Arkeologi som disiplin har hatt ei enorm utvikling frå det første menneska byrja å vise interesse for eldre gjenstandar og kultur. I fylgje Bruce G. Trigger (1996: 16) hevda Stephen Toulmins at vitskapen ikkje går gjennom revolusjonar, men har ei gradvis endring. Trigger skriv òg at Bryony Orme meinte at tolkingane innanfor arkeologien i dag ikkje er så annleis enn det den var før, og at dagens arkeologar stort sett er opptatt av det same som tidlegare forskarar (ibid:17).

Dette kapittelet vil omhandle utviklinga av arkeologien frå ”antikvarianismen” fram til i dag. Det vil freistast å få dette fram på ein kronologisk måte, for å få ei meir organisert framsyning av utviklinga. Det vil i enkelte dømer hoppe litt i tid, ettersom desse utvalte eksempla ikkje berre gjeld for ein spesiell periode. I tillegg vil det vere eit fokus på korleis myrlik vart vurdert i tidlegare tider og i moderne tid. Dette vil bli flette inn i det reint teoretiske innanfor den arkeologiske disiplin. Geografisk sett vil dette kapittelet ikkje avgrensast til danske område, fordi det kan vere gunstig å sjå den teoretiske utviklinga innanfor arkeologien og oppfatninga av myrlik i Europa generelt i samband med kvarandre.

Sida dei første myrlika vart oppdaga har både forskarar og publikum vist ei stor interesse for desse gåtefulle menneskeleivingane. Fokuset har derimot flytta seg litt. I byrjinga, då dei første myrlika vart funne, var det nemleg ikkje mykje fokus på forskning, men meir ei interesse for noko som var uvanleg. Folk kunne gjerne finne på å legge myrlik til deira personlege samling. Etterkvart vart det meir interesse for bevaring og framtidig gransking av desse menneska frå oldtida.

2.1. Arkeologi og myrlik i den tidlegare fasen – tankar rundt materiell kultur

Dei første arkeologane viste ikkje særleg interesse for dei eldre periodane av menneskehistoria. Dei var i første omgang opptatt av materiale og folkeslag frå skriftlege kjelder (Trigger, 2006: 80). Etter renessansen byrja utviklinga av det som enkelte kallar for ”antikvarianismen” å ta form. Dette var definert som dei lærdes undring rundt tolkinga av materielle restar, men dette førte likevel ikkje til ei emning av teori om relasjonen mellom materiell kultur og tolkinga av denne (Dark, 1995: 3).

Denne perioden byrja allereie rundt 1400-talet i Italia og på 1500- og 1600-talet i Nord-Vest-Europa. Interesse for utgreiing av tidlegare tider gjekk hand i hand med utforskinga og koloniseringa av område utanfor Europa, som førte til eit nytt perspektiv. Til dømes samanlikna dei stammefolk frå blant anna Amerika og menneske frå Europa frå forhistoriske eller tidleg historisk tid (Dark, 1995: 3).

I 1572 etablerte ei gruppe med antikvarar 'the London Society of Antiquaries' for å fremja bevaringa av tidlegare dokumentasjon og liknande. Dette vart oppløyst tidleg på 1600-talet fordi kong James I var uroleg for at arbeidet deira kunne risikere å svekkje den kongelege makta (Trigger, 2006: 84).

Dei eldste kjeldene frå denne perioden som nemnar myrlik er frå Nederland rundt 1654. Det er nemnt her at eit lik vart funne rundt Gelderland og Utrecht. Skildringa av liket vart framstilt slik:

”A body has been found and buried beneath the surface, dead but complete and undamaged, of a very large man of more than average stature, who, like a second Hercules, had a cowskin wrapped beneath his arms instead of a cloak” (van der Sanden, 1996: 38).

Det at liket vart samanlikna med Hercules, som etterkvart i gresk og romersk mytologi fekk status som gud, kan kanskje tolkast som at dei såg på slike funn som om dei var av religiøs eller sakral karakter.

Vidare kan ein sjå frå denne perioden at myrlika vart vurdert som noko verdifullt. Eit

døme på dette kan ein sjå blant anna frå eit lik som vart funne gjennom torvkutting nær Vendam i Groningenprovinsen i 1791. I fylgje kjeldene vart dette funnet kjøpt av ein jødisk handelsmann ved namn ”Isaak Moses” (van der Sanden, 1996: 39). Denne mannen hadde gjort kjent til andre at han var interessert i godt bevarte menneskekroppar. Når eit slikt lik vart funne tok han det med seg heim for å tørke det. Han ville deretter fjerne beina og selje restane til apotek og gateseljarar ”på begge sider av grensa”. Desse pulveriserte deretter kropane og selde dei som egyptiske mumiar. Dei same kjeldene vitnar om at slike funn sjeldan vart rapportert til autoritetane ettersom finnaren ikkje hadde noko å vinne på å gjere dette (ibid:38-39).

I mellomalderen og lenge etter, var det trudd at mumiar hadde store medisinske eigenskapar, men det var stor variasjon innanfor kvalitet. Det som var mest populært, og difor det dyraste, var dei ekte mumiane frå Egypt. Nokre såg på dette som kannibalisme, medan andre ikkje brydde seg om det. Heilt fram til midten av 1700-talet var det framleis sal av myrlik for å kunne pulverisere dei og selje dei som mumiar. I Tyskland var pulverisert ”mumie” selt heilt fram til 1900-talet. Til dømes vart berre ein liten del av myrliket som var funne ved Obenaltendorf i 1895 sendt til museet Schwedenspeicher. Liket var kjøpt av ein handelsmann og selt som mumie kort tid etter at det var funne. Ekte egyptiske mumiar kunne ein framleis få kjøpt over disken i Tyskland i 1924 (van der Sanden, 1996: 43).

Vi snur fokuset igjen og går tilbake til det teoretiske. Trigger (2006: 84) meina at nokre antikvarar hadde frå byrjinga av ei interesse i fysiske restar frå fortida. Faktisk så tidleg som på 1500-talet var John Rous og William av Worcester frå England klar over at fortida hadde vore materielt sett annleis enn samtida. William sitt arbeid var fokusert på skildringa av gamle bygningar. Fokuset og uroa for materielle restar frå fortida vart forsterka etter øydelegginga av klostra under regjeringa til Henry VII (1509-1547). På denne måten vart forskning og informasjonsanking av restar frå tidlegare tider ei tilføyning til denne perioden, i tillegg til dei skrivne kjeldene og den munnlege tradisjonen (ibid:84).

I byrjinga av ”antikvarianismen” var det ikkje noko klar linje mellom det som var naturleg og det som var menneskeskapt. Både lærde og vanlege menneske trudde at forhistoriske steinreiskap var, til dømes, tresteinar, og i Polen og resten av Sentral-

Europa var det trudd av mange at keramikk-kar kom brått ut av jorda (Trigger, 2006: 85). Det meste av desse sakene vart funne tilfeldigvis av landbrukarar og liknande, og det var endå ikkje ein tradisjon for å grave ut forhistoriske restar (ibid:85). På 1600 – og 1700-talet var det lite graving etter forhistoria. Det var heller ikkje noko fokus på kronologi, anna enn det ein kunne lese ut ifrå skrivne kjelder (ibid:86).

Om ein skal snu fokuset mot myrlik igjen i desse tider, kan ein sjå at dei lærde ikkje hadde ein tilgang til dei ulike naturvitskapelege midlane til datering som forskarar i dag har tilgang på. I tillegg var det ikkje kjend noko oppdeling av forhistorisk tid i stein – bronse – og jernalder. Folk på denne tida tok i bruk mellom anna Tacitus si *Germania* for å forklare funn av myrlik og kvifor desse myrlika hadde hamna i myra (Lund, 2002: 29). Lærde som studerte Tacitus si bok var blant dei første til å kome med eit konkret forslag på ein vitskapeleg forklaring på myrlika. Tacitus har mellom anna skrive at feige menn, homoseksuelle menn og kriminelle kvinner vart senka ned i myrene som straff (ibid:30). Bruk av Tacitus i forskning på myrlik vil eg komme tilbake til seinare.

Til tross for at dei i desse tider ikkje hadde naturvitskapelege dateringsmetodar, som for eksempel ^{14}C -datering, kan ein gjennom kjelder sjå at dei likevel på 1700-talet kunne gjennomføre ei delvis vitskapeleg gransking av myrlik. Eit døme kan ein ta frå eit lik som vart funne i 1784 ved Barelermyra, ei lita myr søraust for Oldenburg. Funnet vart publisert i det fjerde volumet av *Blätter vermischten Inhalts* (van der Sanden, 1996: 39-40), same året som liket vart funne. Her står det mellom anna at ein ”Mr. Kelp”, ein lege og fysikar, vart spurt om å granske restane frå menneskeliket. Han fastslo at dette måtte ha vore ei jente mellom 14 og 16 år. I dag er det berre eit lite stykke hud frå likets mageområde som er att, men utifrå analyser av dette kan ein i dag sjå at Mr. Kelp si vurdering at dette var ei jente/kvinne var korrekt. Diverre er fragmentet for lite å gå på for å kunne gjere ein vitskapeleg vurdering av likets alder (ibid:40).

Om vi går tilbake til dei teoretiske elementa kan ein sjå at det utvikla seg forskjellig både i Storbritannia, Skandinavia, Tyskland og Frankrike, men dei delte likevel knutepunkt som var med på å samle dei. Politiske leiarar og lærde innlema arkeologiske funn i ei samling av restar frå fortida. Etter kvart vart det òg utført noko

graving for å finne fleire artefaktar og anna materiale frå tidlegare tider, I tillegg til at det kom lover for å beskytte desse. Sjølv om ein del av funna ofte var tilknytt historiske personar, vart det ikkje opparbeidd noko fungerande system som var berekna på å datere forhistoriske funn nokon stad i Europa (Trigger, 2006: 90-91).

Sidan dei ikkje hadde opparbeidd eit fungerande system er det truleg at ein del av den informasjonen som gjeld myrlik har gått tapt gjennom tida, men vi har framleis i dag eldre kjelder som gjev noko informasjon om kva dei tenkte om desse. Dei tidlegaste kjeldene der det blir nemnt funn av myrlik kjem, som tidlegare skrive, frå om lag 16 – og 1700-talet, og arkeologien som disiplin var så vidt komen i gong. Dei sentrale spørsmåla som vart stilt på denne tida ved funn av myrlik var; er det liket til ein lokal person som har vore sakna ei stund? I tillegg stilte dei spørsmål om det kunne vore snakk om eit mord. Om desse faktorane ikkje var i bildet mista folk raskt interessa (Lund, 2002: 29). Om det var snakk om mord, fortel enkelte kjelder at desse menneska hadde blitt gravlagt på staden, og at det var reint tilfeldig at dette var i ei myr (van der Sanden, 1996: 39).

Frå kjeldene kan ein sjå at korkje kroppen i seg sjølv, eller den historiske betydning av dette, vekka noko særlig interesse på 1700-talet. Det som var interessant var korleis ei myr kunne ha ein slik effekt på hud (ettersom huda blir lær-aktig) og om kor vidt dette kunne utnyttast på noko som helst måte (van der Sanden, 1996: 40). Rundt omtalen av myrliket frå Bareler Moor som vart funne i 1784, vart liket berre skildra i samband med nytta ein kunne ha av myra med tanke på garving (Lund, 2002: 29).

I 1797 vart eit myrlik funne ved Undelev myr på Jylland under torvkutting. Dette liket av ein liten, tettvaksen mann var veldig godt bevart. Mannen hadde raudt, krøllete hår, han var dekkja av to skinnkapper og på eine foten hadde han ein sko. Funnet av denne mannen fekk stor merksemd og det skapte etterkvart livlege debattar om mannens opphav. Det var spørsmål om han mellom anna kunne ha vore ein tartar eller ein sigøynar (van der Sanden, 1996: 41). Dette dømet viser mellom anna at funn av myrlik på desse tider kunne skape interesse, men det viser også at dei viste lite om kva som kunne skje med myrlik etter at dei vart fjerna frå myra. Det viser i tillegg at dei ikkje såg på det som ei nytte for seinare forskning. På denne tida då liket vart funne var det varmt i vêret, så naturleg nok, etter at liket var fjerna frå myra, starta

rotningsprosessen og liket byrja å lukte. Løysinga på dette var å legge kroppen i ei enkel kiste og gravlegge den på kyrkjegarden ved Holdbøl (ibid:41). Dette stenger muligheita for framtidig forskning av dette myrliket. Etterkvart vart det eit større fokus på nytta eit slikt funn kunne ha for vitskapen, og difor eit større fokus på bevaring.

Fleire utviklingar skjedde på 1700- og 1800-talet teoretisk og metodisk sett. Mellom anna såg Jefferson og Rhode den kronologiske verdien i dei ulike stratigrafiske jordlaga og arkeologiske emne som til dømes graver. Til tross for denne framgangen, vart ikkje fokuset på stratigrafi aktuelt før seinare på 1800-talet, og i mellomtida vart mykje av den stratigrafiske informasjonen greven vekk (Dark, 1995: 3-4).

Til tross for at mykje av den stratigrafiske informasjonen forsvann, byrja registrering av artefaktar og liknande på slutten av 1700-talet å bli viktig. Det første registrerte arbeidet på myrlik i frå danske området vart skildra i "*Odense Adresse- Cointors Efterretninger*" Nr. 2 den 18. juni 1773. Birkedommar H. Chr. Fogh annonserte her funnet av eit myrlik (Lund, 1976: 7). Rundt 1845 publiserte *Antiquarisk Tidsskrift* ei relativt spak framstilling av danske myrlik og det er kanskje dette som er den første systematiske framstillinga av myrlik (ibid:7).

2.2. Ein systematisk arkeologi i utvikling

Etter 1850-talet vart det eit aukande fokus på ei omgrepsutvikling innan arkeologien. I 1859 viste Charles Darwin til menneskets forhistorie og introduserte omgrepet "evolusjon" som raskt vart tatt i bruk om den kulturelle historia (Dark, 1995: 4).

Hildebrand og Montelius var på 1860 – og 1870-talet med å definere eit typologisk konsept for arkeologien. På same tid introduserte Tyler 'kultur' til antropologien, som seinare hadde ein stor innverknad på 1900-talets arkeologi (Dark, 1995: 4). To som verkeleg hadde ein betydeleg påverknad på seinare utvikling av arkeologisk teori var Pitt-Rivers og Petrie. Deira innsats og metodar innan feltarbeid er òg noko som er velkjent innanfor arkeologien (ibid:4). Pitt-Rivers fokuserte på kor avgjerande det var med stratigrafi, detaljert observasjon, arkiv og publikasjon av arkeologisk materiale. I tillegg var det viktig å fokusere på typologisering og antropologi. Han såg på arkeologi som ein vitskap der ein måtte la bakgrunnen for tolkinga vere open og klar for andre lærde. Petrie hadde mange av dei same meiningane som Pitt-Rivers, og var

og ein grannsam feltarbeidar. Hans teoretiske arbeid dreia seg først og fremst om klassifikasjon av keramik (ibid:4).

I denne perioden, då det vart viktig med skildringar og systematisering av arkeologiske funn, vart det eit større fokus på forskning av myrlik. Det var ikkje lengre noko ein fann for raskt å gløyme. Ulike lærde brukte tida på å forklare kvifor ein fann menneske i myr og kva som hadde råka dei.

Johanna Mestorf, som var Tysklands første kvinnelege professor, meinte ho kunne hevde at myrlik var eit germansk fenomen frå om lag 200 til 400 e.Kr. ved å sjå på fellestrekk mellom design, stoff og vevemetodar frå materiale funne i samband med myrlik. Ho studerte på 1870-talet detaljar i desse klesplagga frå myrlik frå Tyskland, Nederland, Irland og Danmark. Det var særskilt det at ornamenta i desse kleda var så like på Korselitse og Obenaltendog at ho kunne påstå dette (van der Sanden, 1996: 49-51). Ho publiserte i tillegg frå 1900 til 1907 to oversikter over myrlik på desse europeiske områda. Mestorf var ein av mange forskarar som på desse tider studerte Tacitus si *Germania* for å forklare myrlika (Lund, 1976: 7).

I mange år etter denne tida brukte forskarar framleis Tacitus si *Germania* for å forklare myrlik. Allan A. Lund (2002: 33) skriv at *"En av forklaringerne er tilsynelatende, at man – udenfor retsmedicinske kredse - ikke riktig forstod betydningnen af den mosegeologiske underøgelse, som fundet af et skeletteret moselig i Vester Thorsted i 1913 havde givet anledning til"*.

Eit par år etter funnet i Vester Thorsted klarte rettsmedisinaren Vilhelm Ellermann, som den aller første, å påvise ein samanheng mellom utsjånaden på myrlika og myras art (ibid:33-34).

Den tyske rettshistorikaren Karl von Amira foreslo i 1922, etter å ha studert *Germania*, at myrlik var kriminelle som var straffa av samfunnet for ugudelege handlingar. Etter at han publiserte denne teorien, vart dette kjend som den sakrale offerteori. Først etter 20 år vart denne teorien utsatt for ein vitskapeleg kritikk. Det vart mellom anna hevda at det ikkje er mogleg å tolke korleis det var i oldtida på bakgrunn av mellomalderske rettslege forhold (Lund, 2002: 34-35).

Det var først fleire år seinare at eit vendepunkt innan oppfatninga av myrlik hendte. Elise Thorkildsen, ein dansk arkeolog, la fram eit forslag i 1952 på eit reint arkeologisk grunnlag at myrlik kunne vere offer til ein guddom. Argumentasjonen for arbeidet hennar var at sidan lika var å finne i myr, altså stader som kan sjå ut som om var brukt til offernedlegging tidlegare, måtte lika òg ha vore ei offergåve (ibid:35).

Det var riktig nok ikkje før at den danske arkeologen P.V Glob førte ideen til Thorkildsen vidare at den fekk ei vidare utbreiing og godkjenning. Først i ein artikkel i *Kuml* i 1956 og så i boka hans *Mosefolket – Jernalderens mennesker bevaret i 2000 år* (ibid:35). Offerteorien vart òg mottatt, ikkje berre på dansk jord, men i tyskspråkelege og angelsaksiske områder (Lund, 2002: 35). P.V Glob skriv mellom anna om funnet av Tollundmannen i den nemnte boka, men med den engelske tittelen ”*The bog people. Iron-Age man preserved*”: ”*I stood with my students, bent over the startling discovery, face to face with an Iron Age man who , two millenia before, had been deposited in the bog as a sacrifice to the powers that ruled men’s destiny* (Glob, 2004: 20).

Rundt 1900 hadde arkeologien utvikla eit fundament som gjorde det mogleg å føre ein vitenskapleg tolking av materielle restar som kjelder for tidlegare kulturar. Dette vart gjort ved å føye saman teori med praksis (Dark, 1995: 4-5). På midten av 1900-talet var grunnlaget for det som i dag blir kalla ’kulturhistorie’ lagt. Arkeologien hadde bevega seg frå å handle om spekulasjonar og sanking til ei systematisk skildring og finsøking av materielle kjelder frå fortida (Dark, 1995: 5).

2.3. Utforming av ein vitenskapleg arkeologi

Enkelte forskarar innanfor den arkeologiske disiplin, til dømes Colin Renfrew, hevdar at hundreåret før 1960 var ’den lange søvnen’ innanfor arkeologisk teori (Olsen, 2002: 57). Før dette var det meint av desse at det ikkje var ein direkte diskusjon av teoretisk tenking i disiplinen. I staden for var det eit fokus på sanking av arkeologisk materiale innafor eit rammeverk som ein ikkje satt spørsmål ved. Dette er og var noko som ikkje alle er/var samd med. Motparten meinte nemleg at denne perioden hadde fleire livlege teoretiske debattar av ulik art (Johnson, 2008: 15). Til dømes hadde ein funksjonalistisk og systematisk teori eksistert, i meir eller mindre lik grad, allereie på

1920-talet. Dei hevda òg at den nye teoretiske tenkinga ikkje var så viktig for utviklinga av arkeologisk tenking som andre ville tru (Jensen og Karlsson, 2001: 15).

Den tekniske nemninga 'prosessuell arkeologi' vart brukt for denne nye tenkinga av enkelte forskarar med ein ny idé som regjerte på 1960 – og tidleg 1970-talet (Johnson, 2008: 20). Omgrepet "prosessuell arkeologi" vart tatt i bruk for å vise at denne "nye arkeologien" var opptatt av dynamiske kulturprosessar, noko som skilde seg frå den tidlegare arkeologiens statiske kultursyn (Olsen, 2002: 45).

Det var sjølvsagt ikkje alle som gjekk under denne termen som hadde dei same tankane eller teoriane, men dei hadde noko som knyta dei saman. Dette var eit mishag på den retninga arkeologi tok vegen og dei meinte difor at endringar måtte til (Johnson, 2008: 20).

I USA var det ein rekke yngre arkeologar, blant desse Lewis Binford, som meinte dei hadde svaret for korleis arkeologisk tenking og tolking skulle fungere. Binford og hans kollegaer hadde eit mykje meir optimistisk syn på arkeologisk tenking enn det tidlegare arkeologar hadde hatt. Dei meinte at konklusjonar skulle vere basert på logiske argument og ikkje berre på den personlege autoriteten av den lærde som arbeida med det eventuelle materialet (Renfrew og Bahn, 2000: 38)

Det var i USA og med Binford at den nye arkeologien først fikk innpass. Dette førte til ei forskyving av det arkeologiske tyngdepunktet frå Europa til Amerika. Amerikansk arkeologi hadde, i motsetnad til Europa, eit tyngdepunkt i antropologien (Olsen, 2002: 45-46). Desse nye arkeologane, blant anna Binford, meinte at arkeologane kunne fokusere på dei same problema som antropologien, men over eit mykje større tidsrom (ibid:45).

Ny-arkeologar meinte at dei tradisjonelle arkeologane ignorerte mennesket ved å plassere artefaktar i ulike kulturar. "Tradisjonelle arkeologar" var difor ikkje antropologiske. Dette var derimot ny-arkeologane, fordi dei stilte spørsmål ved bindeleddet mellom arkeologiske kulturar og tidlegare folkeslag (Johnson, 2008: 21). Dette er årsaka til at mange "prosessuelle arkeologar" ikkje ynskja å ta del i den

normative oppfatninga av kulturar og speida i staden etter andre forklaringar på det som vart greven opp (ibid:21).

Dei ”prosessuelle arkeologane” var ikkje nøgde med den tradisjonelle arkeologien fordi desse, som tidlegare skrivo, berre samla informasjon utan å gjere greie for korleis fortida ein gong hadde vore. Desse ny-tenkande arkeologane ville bruke vitenskap for å finne fleire løysingar, og dei ville teste hypotesar på korleis verda fungerte og generalisere frå desse konklusjonane. Naturvitskapen ville på denne måten gje oss ei formeining om evna til å forstå verda (ibid:20-21).

Med denne ny-arkeologien så vart det òg eit nytt fokus på myrlik. I 1965 foreslo Alfred Dieck at dei eldste myrlika ikkje tvillaust var frå bronse- og jernalder, men at dei mogeleg gjekk så langt tilbake som Mesolitikum. Hans fokus låg på myrlik frå Irland, Nederland og Nord- og Sør-Tyskland og Skandinavia. Det var derimot ikkje alle som ville godta dette forslaget ettersom dei meinte at Dieck var ein mann som trudde på alt han las, og at ein seriøs forskar dermed ikkje burde ta hans ord som påliteleg (van der Sanden, 1996: 54).

I 1967 vart det publisert to større vitenskaplege tolkingar for myrlika. Rettshistorikaren Dieter Feucht si tolking handla om avrettingsmetodar i oldtid og mellomalder, om deira kontinuitet, samt ulikskapar. Den andre tolkinga vart lagt fram av arkeologen Karl W. Strube, der han blant anna gjennomgjekk tidlegare forskning på myrlik. Han såg på skilnader på om lika framleis hadde skjelett og på den gjeldande myras art (om det var ei ”høgmyr” eller ei ”lågmyr”) (Lund, 2002: 36).

2.4. Kritisk arkeologisk tenking

På slutten av 1970 – og tidleg 1980-talet fekk ei skare arkeologar eit aukande mishag med arkeologien og korleis den fungerte i samtida. Enkelte meinte at den ”prosessuelle arkeologien” haldt på å tørke inn på eit intellektuelt plan. Dei meinte det var viktig å fokusere på kognitive faktorar og å kunne sjå det flokete med positiv sannkjenningsteori (Johnson, 2008: 98). Nokon som ville gå vekk i frå denne tidlegare arkeologien var britiske arkeologar som Ian Hodder, Christopher Tilley og Barbara Bender. Den amerikanske arkeologen Alison Wylie var òg ein sentral karakter i kritikken mot dei ”prosessuelle arkeologane”. Desse ynskja eit fokus som

var retta mot symbolisme, strukturalisme og tanke, altså kognitiv arkeologi (Olsen, 2002: 59-60).

Dei første resultat ein kunne sjå ved innføringa av den nye teoretiske tankegangen var at det igjen vart Europa, og då særskilt England, som styrte den arkeologiske teoridebatten (Olsen, 2002: 61). Hodders tidlegare arbeid, til dømes, var på mange område innarbeidd i den ”prosessuelle arkeologien”. Han var i stor grad påverka av den ”nye geografien” og arbeidet til arkeologen David Clarke (Johnson, 2008: 98). Etterkvart gjekk han over til ein ”postprosessuell” tankegang, ettersom han ikkje følte at den prosessuelle tankegangen var strekkeleg nok (ibid:98-99).

Ian Hodder og hans med-studentar i Cambridge meinte at det ikkje var ein riktig måte å forstå arkeologiske slutningar på og at å foreta ein fullstendig objektiv analyse av eit arkeologisk materiale var umogleg (Renfrew og Bahn, 2000: 43). Den ”postprosessuelle arkeologien” fokuserte altså på ein ny måte å få arkeologisk data inn i eit teoretisk perspektiv. Den forsøkte å få sjølve disiplinen til å bli fokuset rundt analyse, og gå frå ideen om den mykje omdiskuterte myten om objektivitet (Smith, 2004: 43-44). Hodder og andre arkeologar som ville mane fram nye tankar ville vise at materiell kultur kunne brukast i sosiale strategiar. Binford, som ”prosessuell arkeolog” hadde satt eit skilje mellom praktiske og symbolske ting. Hodder og hans kollegaer meinte derimot at det spesielle med materiell kultur, som til dømes våpen, keramikk eller hus er at dei faktisk kan ha både ein funksjonell og ha ei symbolsk oppgåve, og at dei kommuniserer noko (Olsen, 2002: 65-66).

Enkelte føler at det ikkje er noko som heite ein ’postprosessuell arkeolog’. På same måte som den ”prosessuelle arkeologien” bestod av fleire forskjellige tankegangar og teoriar var det ikkje ei særskild norm som passa for alle arkeologar innan denne ’kategorien’. Desse ville difor heller kalle dei ’postprosessuelle’ for tolkande arkeologar (Johnson, 2008: 101). Det var derimot enkelte fellestrekk desse arkeologane hadde for at dei skulle reknast som ”postprosessuelle arkeologar”. Det var blant anna at dei kritiserte eit eller anna med den ”prosessuelle arkeologien” og at dei hadde eit kvalitativt syn på menneske og kunnskap (Jensen og Karsson, 2001: 31).

Innanfor denne ”perioden” som ein kan kalle ”postprosessuell arkeologi” var det fleire utviklingar innan vitenskaplege dateringsmetodar. Myrliket frå Haraldskær myr

var det første danske myrliket som vart CT-skanna og røntgenfotografert. Dette skjedde allereie i 1979. C14-datering viste at liket hamna i myra rundt 490 f.Kr. (Lund, 2002: 32).

Omkring midten av 1970-talet vart rettsmedisinarane ein del av forskinga på myrlik, men det var ikkje før byrjinga av 1980-talet at ein meir utført rettsmedisinsk forskning tok til (Lund, 2002: 36).

2.5. Oppsummering

I dette kapittelet har ein sett at det har vore ei utvikling når det kjem til arkeologisk tankemåte og teoretisk tilnærming, i tillegg til nytt syn og behandling av myrlik. Ein kan sjå at det i byrjinga, på 1500 - 1600- talet var lite fokus på historie som ein ikkje kunne finne i skriftleg form og at det endå ikkje var ein tradisjon for å leite etter forhistoriske restar. Myrlik i denne perioden vart vurdert som verdifulle, men gjerne som ein form for medisin eller som eit samlingsobjekt.

På 1700-talet var arkeologi som disiplin heilt i byrjinga av sin eksistens, men allereie då og ut på 1800-talet vart det eit større fokus på stratigrafiske jordlag og registrering av artefaktar. Myrlik var framleis ikkje eit vitenskapleg interessefelt, men samtidas menneske undra seg over effekten myra hadde på hud, og kor vidt dette kunne utnyttast på noko som helst måte.

På slutten av 1800-talet og på 1900-talet gjekk den arkeologiske disiplinen frå å handle om sanking og spekulasjonar til ei meir systematisk skildring og søk etter materielle kjelde frå fortida. Myrlik vart i denne perioden vurdert meir vitenskapleg enn tidlegare, og fleire myrlik vart bevarte for seinare forskning.

3. TEORETISK PERSPEKTIV

I dette kapittelet vil fokuset ligge på dei teoriane som blir brukt for å bygge opp analysen. Det teoretiske perspektivet vil gå over definisjonar av vald, tvang, makt og religion. Gjennom problemstillingane vil desse omgrepa bli brukt som eit verktøy for seinare kapittel.

3.1. Vald – som sosialt fenomen

Vald er eit innfløkt og allsidig omgrep. Det kan mellom anna vere tale om fysiske gjerningar eller trugslar om slike handlingar (North et.al, 2009: 13). Göran Aijmer og Jon Abbink definerer vald som, "the 'contested' use of *damaging physical force* against other humans, with possibly fatal consequences and with purposeful *humiliation* of other humans". Dei skriv vidare at dette er eit middel som blir brukt for å dominere andre, at det er ein viktig ingrediens i skapinga av sosiale forhold og tilbyr eit sterkt grunnlag for oppbygging av makt (Aijmer og Abbink, 2000: xi, 1). Vald er ifylgje Schmidt og Schröder (2001: 1) noko som har utvikla seg parallelt med resten av mennesket sin kultur. Det er ein del av mennesket sin eksistens og vert brukt som eit middel for sosial samanføyning (Aijmer og Abbink, 2000: 1). Alle samfunn, om det er snakk om notidas eller oldtidas samfunn, opplev eit visst omfang av vald. Ifylgje blant anna Douglass C. North (et.al, 2009, 13-14) finnast det ikkje noko samfunn som løyse problemet med vald med å kvitte seg med det. Måten eit samfunn i beste fall kan takle dette problemet er ved å delvis kontrollere det. Sidan trugslar om vald kan bli nytta for å minka bruken av faktisk fysisk vald, er det ikkje noko enkel måte å måle bruken av vald i eit samfunn.

Vald er eit "våpen" som kan bli brukt av alt frå enkeltindivid til organiserte grupper, til dømes ein hær (North et.al, 2009: 14) Vald kan oppstå som eit resultat av konflikhtar. Konflikhtar stammar frå det biologiske konseptet om konkurranse. Schmidt og Schröder (2009: 2) definerer konkurranse som, "competition occurs when two or more individuals, populations, or species simultaneously use a resource that is actually or potentially limiting". Utanom dette kan det seiast at sidan vald er så synleg og konkret er det ein relativt enkel måte å omdanne det sosiale landskap på og å vise ein ideologisk tanke for eit offentleg publikum. Som ei sosial handling er difor vald aldri heilt meiningslaus, isolert og utan hensikt. Vald utan eit publikum vil framleis føre til mogleg død, men vil stå utan eit sosialt poeng (ibid:3-4).

Både valdelege gjerningar og tvang ligg i korrelasjon med trua på handlinga til andre. Der ein er oppmerksom på i kva grad trugslar om vald er truverdig og kva resultat eventuelle valdshandlinga kan ha. Kontroll av vald gjennom repeterande personleg kontakt kan berre fungere i mindre grupper av menneske, gjerne mellom 25 og 50

individ. Individ i eit samfunn av små grupper lærer å stole på kvarandre ved å oppnå detaljert personleg kunnskap. Dette inkluderer ein dragnad for kvart individ til å vere valdeleg; og inkludera trua på at repeterande samspel mellom desse forholda skaper ei interesse (North et.al, 2009: 14). I større grupper er det uråd for det enkelte individ å ha omfattande personleg kunnskap om andre innan gruppa eller samfunnet, og personlege forhold kan ikkje åleine nyttast som ein metode for å regulere valdsbruk. Ein eller annan form for sosial institusjon må oppstå for å kontrollere vald om samfunn skal kunne lage større grupper (ibid:14). Sjølv om det er mogleg å sjå for seg eit større samfunn med fredelege individ, vil ikkje eit slikt samfunn vere ved om den einaste måten å kontrollere vald på er gjennom personleg kunnskap og repeterande personleg samspel (ibid:14).

3.2. Vald i samanheng med institusjonar og organisasjonar

Måtar å takle vald på er innkapsla i institusjonar og organisasjonar. Når sambandet mellom menneske utviklar seg i samsvar med normer, som til dels er implisitt, vil dette føre til ein struktur eller eit system. Frå slike element til fastlagte normer og reglar er det ein overgang til *institusjon* – ein sosio-materiell struktur (Østerberg, 1997: 90). Ein institusjon er som North (et.al, 2009: 15) skriv det ”the rules of the game”. Det er forma av samspelet som herskar over forholda mellom ulike individ. Institusjonar inkluderer formelle reglar, skrivne lovar, formelle sosiale konvensjonar, uformelle normer for oppførsel og felles tru om verda. Om ein ser på institusjonar frå eit felles gruppeperspektiv, vil desse ifylgje Østerberg (1997: 61) oppstå saktmodig og nærast usynlig. Institusjonar kan utforme reglar med formål om få gruppemedlemmane til å avstå frå valdelege handlingar. Til dømes kan det påførast sanksjonar mot dei som utøver vald. Det er meir sannsynleg at ein er villig til å fylgje reglande om ein har tru på at andre vil gjere det same. For at ein institusjon skal kunne temme bruken av vald mellom individ, og då spesielt mellom individ som ikkje har personleg kunnskap om kvarandre, må det eksistere ein organisasjon innan institusjonen. I ein slik organisasjon vil det vere eit sett med personar som har ansvaret for at gruppemedlemmane skal overhalde reglane som er sett. Dette vil skje, i motsetning til i mindre grupper, på ein prinsipiell og ikkje ein personleg basis (North et.al, 2009: 16).

I kontrast til institusjonar består organisasjonar av spesifiserte grupper av individ som søker ei blanding av felles og individuelle mål gjennom delvis koordinert framferd (North et.al, 2009: 15). Sidan organisasjonen koordinerer handlingane til medlemmane, vil summen av dei ulike handlingane vere større enn den enkelte. Når organisasjonsmedlemmane søker ei felles mening i ein organisasjon, og som eit resultat av desse typisk har eit forhold til andre innan organisasjonen, vil medlemmane ofte utvikle eit felles handlingsystem. Dette systemet inkluderer ein kunnskap om oppførselen til medlemmane, og om normene eller reglane for organisasjonen (ibid:15-16). Eit resultat av dette er at dei fleste organisasjonar har eigen interne, institusjonelle strukturar, som inkluderer reglane, normene, og ei felles tru som verkar inn på måten medlemmane oppfører seg på innanfor organisasjonen (ibid:16).

3.3. Vald i samanheng med religion

Innan studie av religion er det blitt sagt at vald og ein valdeleg død, til dømes gjennom ofring og martyrdød, er ein sentral del i mange religiøse system (Aijmer og Abbink, 2000: 14). Otto (et.al, 2006: 320) skriv at vald i nokre tilfelle kan vurderast som eit ritual i seg sjølv. Det blir nemnt vidare at vald aldri står utan mening for den som utfører den valdelege handlinga og at vald aldri er ei isolert handling. Det er ein del av ein historisk prosess, som kan definere ideologien til ei gruppe og kan vere av ein meningsfull karakter når det blir knytt opp mot rituelle gjerningar, til dømes ofring (ibid:320). Krig, som er ein variasjon av vald, kan fungere som rituell praksis fylt med rituell mening og kan vere ein viktig måte å oppretthalde samfunnets moralske verdiar (ibid:320).

Vald treng likevel ikkje kome til uttrykk gjennom handling, så lenge ein har ei overordna førestelling om kva vald inneber. Med dette meinast det at valdelege handlingar, til dømes krig, ikkje formar samfunnet, men at det i staden er ideen om eit *oss* og eit *dei*, og redsla for framtidige eller historiske angrep som fører til ynskje om deltaking i krig, og som dermed er med på å strukturere samfunnet. Like fullt kan valdelege handlingar vere viktige element innan rituelle operasjonar, og innanfor ein sosial omgjevnad vil dette bety at individuell status kan vinnast gjennom deltaking i ei slik rituell handling (ibid:321). Girard (2009: 21) meiner at religion alltid vil forsøke å regulere bruken av vald for å hindre at den tek over systemet eller samfunnet.

3.4. Kva er tvang?

Tvang involverer bruk av vald eller trugslar om vald. Den mest effektive bruken av vald er som regel at den for individet opplevast som ein reel og kontinuerlig trugsel. Dette sjølv om valdelege haldningar sjeldan eller aldri blir utøvd. I samfunn utan eit høgt registrert nivå av vald kan individet difor oppleve eit høgt nivå av tvang (North et.al, 2009: 173). Tvang kan nyttast for å auke velstand i situasjonar der dei som er spesialisert på vald får meir ut av å beskytte samfunnsmedlemmane sine enn dei får av å røve dei. Eit slikt scenario er berre realistisk dersom dei eller den som utøver vald kan forvente å tene på dette over ein lengre tidsperiode. Om den som utøver vald får meir ut av å gjere gode gjerningar enn vedkomande får av å gjere dårlege gjerningar så vil velstand følgje med (North et.al, 2009: 174).

I ei verd av uorden og vald vil individ ty til tvang. Alle må i eit slikt samfunn sørgje for å beskytte sine folk, familiar og ressursar. I samfunn der for mykje av makta er basert på tvang er moglegheita for vekstfremmande tiltak redusert. I dei samfunna der distribusjonen av tvang er meir balansert er det mogleg å styrke militæret, forsterke politisk raffinement og fremje politisk og økonomisk utvikling på same tid (North et.al, 2009: 175).


3.5. Makt – sosial kontroll

Sosial rangering, orden, er ikkje ein del av menneskets natur, men er initiert av ein sosial kontrakt som regulerer den naturlege tilstanden av menneskeætta og dei ulike individas tilbøyelegheit (Otto et.al, 2006: 31). Makt kan oppnåast mellom anna gjennom overtaling eller tvang. Krigføring kan absolutt vere ein del av grupper og ulike individ sitt strategiske forsøk på å oppnå makt over andre (ibid:16). Militære organisasjonar mobiliserer til vald, som kanskje er det mest konsentrerte instrumentet for menneskeleg makt. Konsentrasjonen og den taktiske bruken av denne type makt er avgjerande for krigføring, og vald som er organisert autoritativt har ein fordel i slike situasjonar (ibid, 95).

”Power can be assessed according to its authoritative and diffused types, which refers to whether power is ‘actually willed by groups and institutions (and)... comprises definite commands and conscious obedience’ or whether it is spread in a more ‘spontaneous unconscious, decentered way throughout a population’ (Otto et al, 2006: 94).

Otto (et.al, 2006: 94) skriv om makt og at det innanfor dette omgrepet kan finne to ulike dimensjonar som resulterer i fire ulike organisasjonar av makt. Først av alt kan makt vurderast ut i frå kor langt makta strekke seg og kor intens den er. Altså i kva grad maktbasen har høve til å mønstre eit stort utval av folk over større avstandar, og om ein kan organisere og kommandere eit høgt nivå av mobilisering eller forpliktingar frå andre medlemmar.

Dei fire formene for sosial makt dekkjar politisk, økonomisk, ideologisk og militær makt (ibid, 90). Innanfor desse kan ein då finne høvdingar, handelsmenn, prestar og store krigarar høvesvis. Dei fleste leदारar må derimot bruke fleire former for makt for å behalde sin posisjon (ibid, 100)



Figur 2. Nettverk av makt. (Otto et.al, 2006: 95).

Desse fire ulike typene av makt kan delvis vere avhengig av kvarandre. Militære organisasjonar kan, for eksempel, vere avhengig av autoritært hierarki innanfor politiske rammer, vere avhengig av ideologiske nettverk for å skape ein form for solidaritet mellom krigarar og vere avhengig av økonomiske nettverk for donasjonar og ressursar til mellom anna kamp (ibid, 95). Ein måte å kunne knytte eit maktsenter mot religiøse aktivitetar kan til dømes vere å ofre noko verdifullt. I yngre bronsealder og eldre jernalder vart det lagt ned materiale i myr og våte områder som kan tenkjast å vere verdifulle. Sjølv om det truleg var ei rituell handling kan det nok òg koplust

saman med rivalisering innanfor makteliten. Toppsjiktets verdslege makt vart truleg bekrefta når den var i stand til å kvitte seg med kostbare offergåve (Johansen, 2000: 154).

Forskjellen mellom makt som underforstått sosial kontroll og makt som ettertrykkeleg handling av politisk tvang kan sjåast ved å tilverke eit motsetnadsforhold mellom symbolsk makt (relatert til ritual og ideologi) og verdsleg makt (assosiert med undertrykkande institusjonar). Som ein strategi for makt har ritual spesifikke grenser for kva det kan gjere og kor langt det kan strekke seg. Det psykiske apparatet ved ritual er eit mangelfullt reiskap for å forsvare sosial orden frå fysiske trugslar. Desse grensene, ibuande i sosial kontroll, ville gjere det mogleg for enkelte former av symbolsk og verdsleg makt å fungere saman for å kunne kontrollere samfunnet. For å kunne oppretthalde orden i det sosiale liv kan det vere naudsynt å ha ein form for konsentrert verdsleg makt som kan praktisere sosial vald for å behalde sosial kontroll. Enkelte forskarar vil derimot helst sjå på symbolsk og verdsleg makt som to forskjellige einingar (Aijmer og Abbink, 2000: 57-58).

3.6. Religion som instrument

Enkelte forskarar, som Otto (et.al, 2006: 40) vil hevde at eit øvre ledd, det som vi i dag vil kalle staten, i forhistorisk tid var basert på religion. Religion var sfæren for "den absolutte sannhet" og staten, lover og plikter korresponderte med ideale normer. Dette vil sei at desse samfunna var teokratiske, og at dei gjerne var herska over av preste-politikarar. Truleg reflekterte institusjonaliserte statsreligionar samfunnets tru og var med på å hjelpe autoritetane i å halde sosial kontroll (North et.al, 2009: 39).

I boka "*Grauballemanden – portræt af et moselig*" skriv Asingh (2009: 217) at religionen viser til eit verdsbilde som består av "denne verda" og "den andre verda". Religionen kjem til uttrykk gjennom kommunikasjonen mellom desse to. Leach (1976: 81-82) hevder at denne verda er busett av dødelege, impotente menneske som lever ut liva sine i ei bestemt rekkjefylgje. I denne verda blir vi eldre og til slutt dør vi. Den andre verda er busett av udødelige, allmektige gudar, som eksisterer for alltid i ei unormal tid der fortid, notid og framtid skjer på same tid. I den første verda er makt sett på som kjelda for helse, liv, fruktbarhet, politisk innflytelse og rikdom, men alt dette finnast i den andre verda. Med dette meinast det at menneske som bur i denne

verda treng guddommeleg hjelp for å kunne leve optimalt. Formålet med religiøs tilstelling er å skape ei bru, eller ein kanal for kommunikasjon. Og gjennom denne kan makta til gudane vere tilgjengeleg for elles udugelege menneske (ibid:81-82).

Ein måte å skape ei slik bru mellom denne verda og den andre verda kan til dømes vere gjennom ofring. Som skrive tidlegare er den regjerande teorien innanfor studie av myrlik at dei vart ofra. Hovudgåta rundt ofring er, i fylgje Leach (1976: 81), sirkla rundt metaforen for død. Kva relasjon har dreping av dyr og menneske med kommunikasjon mellom mann og guddom, eller med endring av sosial status for enkeltindividet? Eit syn, som ofte er støtta av folk som forklarar deira egne ofringar, er at slike religiøse ofringar er ei gåve, hyllest eller ei bot betalt til gudane (ibid,83.) Ein måte å få kontakt med dei, blidgjere dei og deretter få makt frå dei. Maurice Bloch (1992: 31) skriv at ofring som oftast blir tatt i bruk i vanskelege tider eller når mennesket treng ekstra styrke, til dømes om nokon har blitt råka av sjukdom eller om det herjar krig. Dette vil eg komme tilbake til seinare

3.7. Klasser og rituelle grupper

Ritual er ein mektig måte å lovmessiggjere og institusjonalisere nye posisjonar av rangering, men etter å ha gjort dette vil også ritual tvinge vidare ei utvikling av makt og hierarki (Kristiansen, 2000: 54).

Det er blitt hevda av blant anna Kristiansen (2000: 55) at ein gjennom bronsealderen kan sjå at det er gjort eit forsøk på å separere formasjon av rituelle klasser og ritual. Dette er noko som repetera seg og går fram og tilbake. Han meiner at forminga av rituelle klasser ikkje står aleine, og at det må kunne sjåast i samband med bruken av tvang. Bruken av tvang blir lyssett ved dominans av våpen i enkelte område.

Det som blant anna Kristiansen meiner med dette er at ein bør behandle ritual og samfunnsdeling som om dei var eitt. Ritual, rang og tvang er ibuande knytt i førstatelege samfunn og burde ikkje bli studert i isolasjon, i fylgje Kristiansen. Balansen mellom dei definerer ulike fasar i formasjonen av makt. Det kan difor definere organisasjonsstrukturar rangert frå rituelle til institusjonelle politisk/militære makter (Kristiansen, 2000: 55).

3.8. Oppsummering

I dette kapitlet har det vore eit fokus på definisjonar av vald, tvang, makt og religion. Når det kjem til vald kan ein sjå at det er eit omgrep med mange variasjonar. Det kan vere både ei fysisk og ei psykisk handling. Den fysiske handlinga kan vere påført av enkeltindivid og i grupper, til dømes gjennom krig. Vald er eit middel som ofte blir brukt for å dominere andre, og tvang, makt og religion kan knytast til omgrepet vald. Tvang kan kome til uttrykk gjennom psykiske vadelege handlingar, som til dømes trugslar. Makt kan ein oppnå ved å bruke vald. Enten gjennom faktisk valdeleg bruk eller gjennom tvang. Rituelle ofringar kan innehalde valdelege handlingar. Ein kan her altså sjå at dei ulike omgrepa er tvinna rundt kvarandre.

4. TILNÆRMING TIL METODE

Dette kapitlet vil fokusere på dei metodane som har vorten tatt i bruk for å kunne svare på problemstillingane som er satt for avhandlinga. Metodane som er brukt er mellom anna metoden der ein brukar komparasjon for å oppnå resultat. Sidan materialet omhandlar myrlik innanfor ein avgrensa periode er datering ein viktig metode som vil bli drøfta nedanfor. Dateringsmetoden som står i hovudfokus er ¹⁴C-metoden, ettersom alle myrlika frå katalogen, med unntak av tre, er datert ved hjelp av denne. Det bør understrekast at eg ikkje har utført nokon av dateringane sjølv, men i staden for har brukt dateringar som allereie er fastslått.

4.1. Komparasjonsmetoden

Komparasjon som metode har vore aktuell innanfor arkeologien i fleire hundre år. Peter N. Peregrine (2004: 287) skriv at denne metoden var eit av dei største hjelpemidla for 1800-tals antikvarar i forminga av det som skulle bli arkeologi som disiplin.

Det er mange arkeologar som brukar ein komparativ metode når dei studera arkeologisk materiale. Ein slik arbeidsmetode kan brukast på fleire område. Til dømes når det kjem til hus, keramikk og til og med kjønnsforhold. Før absolutt datering vart tatt i bruk var slike komparasjonar grunnlaget for mellom anna stratigrafi og klassifikasjon (Peregrine, 2004: 286). I dag blir denne metoden gjerne brukt for å få ei

klårare forståing av materialet og identifisere variasjonar. Ein annan måte å bruke den komparative metoden er å identifisere og forstå variasjonar innanfor ”typar” som til dømes høvdingdøme eller statar. I nyare tid har ei slik form for samanlikning blitt brukt for å forstå ideen rundt ”typen” i seg sjølv (ibid:286). Komparasjonsmetoden har vore ein essensiell metode innanfor antropologi. Nunn (et.al, 2006: 178) skriv om metoden at ”it is only through informed comparison that a general framework for understanding cultural trait evolution can be developed. Thus, the comparative method has played a central role in anthropology”.

Når ein brukar den komparative metoden er det viktig å knyte det opp mot kontekst. For å få ei fullstendig samanlikning bør ein ta med alle elementa rundt emnet. På denne måten vil ein kunne sjå fellestrekk og avvik rundt det som skal samanliknast (Lasswell, 1968:6).

Variasjonar i datakvaliteten kan vere eit problem når ein jobbar med ein komparasjonsmetode. Forskaren som tar denne metoden i bruk bør difor vere var på kva data som blir valt ut og kva resonnement som ligg bak argumenta (Gittlemann og Luh, 1992: 386).

Ved å bruke ein komparasjonsmetode vil ein få ein kontrast i dei registrerte myrlika på det avgrensa geografiske området. Dette blir viktig for å seinare kunne komme med tankar om kva som skjedde med myrlika og kvifor dei hamna i myra. I samanlikninga vil det bli tatt utgangspunkt i mellom anna datering. Tidsperioden er, som tidlegare skrive, yngre bronsealder og før-romersk jernalder.

Under komparasjonen av myrlika vil det registrerast kvar dei vart funne, sjå om det er ein samanheng der, kva fellestrekk dei eventuelt har som kan samanliknast, om dei er datert til same periode og om dei har møtt døden på nokon lunde lik måte. Altså å sjå om lika har nok fellestrekk som gjer at ein om lag kan dra same konklusjon på dei alle. Til dømes vil ein sjå at både Tollundmannen og Ellingkvinna, som vart funne i nærleiken av kvarandre, begge vart funne med eit rep rundt halsen. Ein kan då kanskje gå ut i frå at dei begge døyde av henging eller kveling. For å komme med ei samanlikning med grunnlag er det difor viktig at dei utvalte myrlika er datert innanfor denne perioden. Enkelte av myrlika har ei uklar datering, men det vil då grunngjevast for kvifor lika likevel er tatt med i avhandlinga.


4.2. ^{14}C -metoden

Som skrive tidlegare vil eg ikkje datere noko av materialet sjølv, men bruke og difor stole på allereie publiserte dateringar. ^{14}C -metoden blir mest nytta, men på dei myrlika som ikkje har vorten kolstoffdatert, så vil metodane forskarane har tatt i bruk på myrlika for å sette ei datering bli nytta. Dette vil bli spesifisert i kvart enkelt tilfelle.

Dateringsgrunnlaget på myrlika kan vere forskjellig. Nokre av myrlika har blitt datert gjennom ^{14}C -dateringar, medan andre har hatt materiale eller klede med seg i myra som har vore relativt enkle å datere.

^{14}C -datering vart utvikla frå eit teoretisk grunnlag av Professor Willard Libby i 1960 (Brothwell, 1987: 15). Det radioaktive isotopet ^{14}C blir danna av nitrogen og utgjer 80% av jordas atmosfære. Etter at kosmisk stråling har kome inn i atmosfæren blir denne energien endra, og av dette blir det danna nøytron. Desse inngår i ein prosess med nitrogen som deretter skapar mellom anna radioaktivt kolstoff (Fischer, 2007: 70). ^{14}C -metoden går ut på at ein kan datere levande organismar på bakgrunn av at desse tek opp karbondioksid som inneheld det radioaktive isotopet karbon-14. Av den grunn at det inneheld åtte nøytron i kjernen, og ikkje seks som det elles er, gjer dette isotopet ustabil. Konsekvensen av dette er at det oppstår ei nedbryting av karbonet etter at organismen døyr (Asingh, 2009: 42).

Det tar om lag 5730 år før mengda karbon-14 er halvert, og slik held det fram med å minske. I teorien kan ein bruke denne dateringsmetoden for alltid, men ein set som oftast grensa på kor langt ein kan gå tilbake til rundt 35 000 år (Brothwell og Pollard, 2001: 24).



Figur 3. Modell av radiokarbondatering. (Brothwell & Pollard, 2001: 24).

Forskarar freistar heile tida å forbetre ^{14}C -dateringsteknikken. Ved hjelp av store akseleratorar og massespektrometri (AMS-teknikk) kan ein datere særst små prøvemengde, ned til ein tusendel av det som tidlegare var kravet. Før AMS-teknikken måtte ein ha ei prøve, til dømes treprøve eller trekolprøve, på 5-10 gram, men med denne teknikken kan ein datere ei prøve på nokre få milligram (Fischer, 2007: 73).

^{14}C -datering mykje nytta, men har likevel sine grenser. Kor nøyaktig ei datering er vil vere avhengig av stoda til prøva. Når ein skal datere eit myrlik kan ein støyte på fleire problem. Forureining av humus som har hamna i myra frå ulike tider er vanskeleg å kontrollere og skjer ofte (Turner og Scaife, 1995: 133). I tillegg kan karbon frå grunnvatnet bli utskilt i prøvene (Fischer, 2007: 70). Fleire myrlik er funne utan

daterbare element, noko som bidreg til å gjere dateringane innfløkt. Det er difor ofte prøver av sjølve myrliket som blir datert (Turner og Scaife, 1995: 133).

Eit anna problem med denne metoden er at utrekninga av ^{14}C tek utgangspunkt i at mengda radioaktive karbon i atmosfæren alltid har vore konstant. Konsentrasjonen av ^{14}C i atmosfæren har i dei siste hundre åra endra seg. Delvis på grunn av menneskets levemåte og delvis på grunn av naturens gang (Clark, 1979: 47-48).

Ein måte å lese desse endringane i atmosfæren på er å telle årringane i eit tre. Kvart år dannar det seg ein ny ring og ut i frå dette kan ein lese det enkelte års kolstoffforhold. Denne metoden vart prøvd ut på ei furu kalla *Pinus aristata* som veks i California på rundt 3000 meters høgd. Denne furua kan leve opptil 4600 år (Clark, 1979: 47-48). Ved å lese desse årringane kan ein kartlegge variasjonen av karbon 14 og deretter korrigere karbondateringane (Fischer, 2007: 71). Ved å gjere dette vil ein få ei meir nøyaktig datering. Nedanfor vil eit døme illustrere at det ikkje alltid er så enkelt å operere med ^{14}C -metoden.

Tollundmannen vart først datert av Glob til å vere om lag 2000 år gammal. Denne dateringane vart gjort medan liket framleis låg i myra. Den første kolstoffdateringa av Tollundmannen vart tatt i 1977. Det vart tatt fleire kolstoffprøver av liket for å komme nærare ei sikker datering. Denne første dateringane var langt frå det Glob hadde meint. Ansvar for dateringane låg på leiaren for dateringslaboratoriet, Henrik Tauber, og han meinte at Tollundmannen var viking. Det vart tatt ei kontrollprøve av liket og den viste at det var noko gale med laboratorieutstyret. Ei utskifting av ein reservedel hadde medført ei auka stråling som igjen hadde ført til at dateringane viste ein mykje yngre alder enn først antatt. Ei datering som moglegvis var meir truverdig enn dei tidlegare prøvene viste at Tollundmannen var frå om lag 220 år f.Kr. (Fischer, 2007: 66,71).

Det er ikkje berre Tollundmannen som har vore feildatert. Blant anna viste dei første dateringane av Grauballemannen at han levde mellom 210 og 410 år e.Kr. Han var altså betydeleg yngre enn Tollundmannen. Det viste seg derimot at ved den første dateringane var det ikkje tatt omsyn til at yngre kolstoffholdig materiale kunne ha sive ned i myra. (Fischer, 2007: 73). Som forventet vart dei nye dateringane av

Grauballe mannen ein god del eldre, og dei viste at han truleg levde rundt 55 år f.Kr. Det vart tatt ei tredje prøve av Grauballe mannen. Denne vart datert til om lag 350 f.Kr og han var dermed om lag like gammal som dei fleste andre myrlika frå Danmark (ibid: 73).

4.3. Andre dateringsmetodar

Ein annan metode som vart brukt for å datere myrlik før ^{14}C -metoden var å sjå i myras torvlag. Klimaet og då sjølv sagt planteveksten har forandra seg ein del sidan oldtida. Ved pollenanalyse kan ein sjå kva vegetasjonsperiode og dermed tidsperiode dei enkelte laga med torv stammar frå (Asingh, 2009: 16)

Ved pollenanalyse ser ein over dei mikroskopiske støvkorna frå blomster og tre i området i dei ulike torv laga til myrene. Til dømes var det på starten av eldre jernalder, rundt 700-600 år f.kr var det store klimaforandringar som gjekk frå eit varmt og tørt til eit betydeleg meir fuktig og kjøleg klima. Dette kan ein mellom anna sjå på lyse torvdelar i myra (Asingh, 2009:16).


Å datere tekstilar, våpen og reiskap er òg ein metode som kan brukast, men på lik linje med andre dateringsmetodar, har tilnærminga sine metodiske restriksjonar. Om ein skal bruke ein slik dateringsmetode på myrlik er det avgjerande kor tett innpå lika dei ligg. Det siste av tre lik som var funne i Borremosa i Himmerland var pakka inn i eit ullteppe. Dette skulle for eksempel vere daterbart. Ettersom liket hadde teppet både under og over seg er det lett å gå ut i frå at dei vart lagt i myra på same tid. Problemet med dette teppet er at det var brukt ein vevemetode som har vore i bruk over ein lengre periode (Boe, pers.med).

Ved Tollundmannen vart det funne ein spade i nærleiken. Problemet med å datere denne er at ikkje kan seiast med sikkerhet om den vart lagt ned på same tid, eller om den vart lagt/mista der før eller etter Tollundmannen. Uansett er det vanskeleg å datere ein slik spade. Spaden, som med teppet, var av ein type som var rimeleg alminneleg og som vart brukt over ein lengre periode (Boe, pers.med).


5. PRESENTASJON AV MATERIALET

Dette kapittelet omhandler dei utvalde myrlika for denne avhandlinga. Det er her snakk om 13 myrlik frå Danmark. Nedanfor vil ein sjå kvar dei vart funne geografisk, kva tid dei er datert til og kva som elles vart funne saman med dei. Dette er gjort fordi det skapar ei klarare oversikt over kva fellestrekk myrlika har og kva det er som skil dei frå kvarandre. Til slutt vil det vere ei oppsummering på det som er tatt opp.

5.1. Geografisk plassering



Figur 4. Geografisk plassering av 8 myrlik frå katalogen. Kart laga i Google Earth.



Figur 5. Geografisk plassering av 5 myrlik frå katalogen. Kart laga i Google Earth

Blå markør	Lik av mann
Grøn markør	Lik av kvinne
Rød markør med tal	Fleire lik funne i same området


Tabell 2. Forklaring på markørar i figur 4 og 5.

Om ein ser på figur 4 og 5 kan ein sjå at det stort sett er på Jylland myrlika er funne. 12 av dei 13 lika frå katalogen er funne her. Den einaste kroppen som ikkje er registrert på dette området er Ravnholtmannen som vart funne på øya Fyn. Glob (2002: 64) viser fram eit kart over myrlik i Danmark. I fylgje han er det ikkje funne myrlik på Sjælland. Av funn av myrlik på øyene i Danmark er det berre registrert eitt på Falster, to på Fyn og eitt på Als. På Glob sitt kart er det 15 myrlik på Jylland. Ut i frå dette kan ein sjå at det var på Jylland tradisjonen for nedlegging av menneske i myr var sterkast.

Når det kjem til spreing av myrlika viser kartet at funna av desse myrlika strekk seg frå midten og den austlege delen av Jylland, og nesten heilt til området i nord. Det nordlegaste funnet var liket frå Krogens Møllemose som var funne i Torslev Sogn i nærleiken av Dronninglund. På vestkysten er det få eller ingen registrerte myrlik. Det liket som ligg lengst mot sør er Haraldskærkvinna som vart funne i nærleiken av Vejle på Jylland.

Årsaka til at ein finn fleire myrlik på Jylland enn på øyene har dels med kvaliteten i myra å gjere. Denne kvaliteten avgjer om menneska som hamna i myra blir til myrlik eller noko anna. Om eit menneske blir lagt i myra på Sjælland blir det eit myrskjelett. Om det blir lagt i myra på Jylland blir det eit myrlik. Forskjellen mellom desse to er at myrskjelett ikkje har blautvev att. Myrlik vil som oftast ha bevart blautvev som hud, kjøt og i nokre tilfelle indre organ, medan skjelettet ofte vitrar vekk (Boe, pers.med). På Sjælland er det altså skjelettet som blir bevart, i motsetnad til på Jylland der blautdelane blir bevart (Boe, pers.med). For at dei organiske materiala, altså hud, hår, vev og kjøtt skal bli bevart er det sentralt at myra er ei såkalla høgmyr. Denne myra har ikkje forbinding til grunnvatnet og det kjem ikkje stoffer opp nedanifrå. Den ligg som ein stor svamp ovanpå jorda. *Sphagnum*-planta som lev i slike myrer kan berre overleve i områder der salt som ligg i lufta fell ned med regnet. Denne planta produserer svovelsyre i mindre mengder og på toppen av torva blir det danna

humussyre. Det er dette som gjer at høgmyrene har ein av dei suraste typane av jordbotn. Denne mengda med syre som blir produsert (i myra) føre pH-verdien ned på 3,6-4,0 og vil gjere myra antibakteriell (Fischer, 2007: 60). Til trass for at høgmyrene har godt bevaringspotensiale, er det visse kriterier som spelar inn for at eit menneske skal kunne bevarast i eit millenium. Mellom anna bør nedlegginga skje om vinteren eller medan myra held under fire grader. Om det er varmare enn dette vil dei indre organa rotne og rotningsgassar vil få liket til å flyte til overflata. Dette vil føre til ein nedbrytingsprosess samtidig som det ligg ope for dyr og insekt. Kulde sinkar denne prosessen i den nødvendige perioden for *Sphagnum*-planta å trenge inn i liket og stoppe rotneprosessen (ibid:62).



Figur 6. Måten naturen mumifisera (Ravn, 2010: 114).

I dei myrene som er kalla lavmyr blir hår, hud og anna organisk materiale oppløyst. I denne typen myr fell blad og anna organisk materiale ned, som etterkvart omdannar seg til torv (Boe, pers.med). Lavmyrene er ikkje like klimaavhengig som høgmyrene og blir danna under påverking frå grunnvatnet (Asingh, 2009: 127-128).

At det finnast høgmyrer og gode bevaringsforhold på fastlandet kan forklare kvifor det er funne fleire myrlik på Jylland enn på øyene, men det forklarar ikkje kvifor det ikkje er funne myrlik på vestkysten av Jylland. Dette kan ha fleire årsaker. Til dømes vart det allereie på 1500-1600 –talet gjort funn av myrlik, men på denne tida vart dei sjeldan rapportert til myndigheitene ettersom finnarane sjeldan fekk noko igjen for dette (van der Sanden, 1996: 38-39). Det kan tenkast at det vart gjort funn av myrlik på vestkysten av Jylland i tidlegare tider, men at desse aldri vart dokumentert. Ei anna forklaring kan vere at myrlik i dette området vart plassert i myrene medan det


framleis var varmt i vêret. Som skrive ovanfor om høgmyrene vil dette føre til at nedbrytingsprosessen blir satt i gang og myrlika vil forsvinne.

5.2. Datering

Av dei 13 myrlika i katalogen er det 10 lik som er blitt ^{14}C -datert. Kapittel fire skildrar mellom anna kolstoffdatering, og at dette ikkje er ein nøyaktig metode, men ein kan operere med årstal som er meir eller mindre sannsynlege. For dei lika som er datert på grunnlag av gjenstandar funne saman med dei er det heller snakk om tidsperiodar enn årstal. Nedanfor vil myrlika som er blitt kolstoffdatert bli trekt fram for å sjå nærare på kva tidsrom dei har leve i.

Det eldste myrliket i katalogen er truleg Borremosekvinnna som vart funne i 1948. Ho vart kolstoffdatert til om lag 770 f.Kr (Fischer, 2007: 120). Dette betyr at ho moglegvis var frå yngre bronsealder. Eit anna myrlik som mogleg var frå yngre bronsealder vart òg funne ved Borremosa. Dette er Borremosemannen, og han vart ^{14}C -datert til 650 f.Kr (ibid:118). Desse to lika er dei eldste i katalogen om ein går ut i frå ^{14}C -datering. Om det er nokon av lika som er eldre enn desse kan ikkje seiast med sikkerhet.

Det er nokon av lika i katalogen som ikkje er kolstoffdatert. Ravnholtmannen, Stidsholthovudet og Roumhovudet er datert ut i frå kle som var funne i samband med dei og, i Stidsholthovudets tilfelle, datert ut i frå frisyren (Fischer, 2007: 107). Om desse er eldre enn til dømes Borremosemannen veit ein ikkje, men forskarar, som til dømes Glob, trur at desse tre høyrde til eldre jernalder. Ravnholtmannen vart datert på grunnlag av ei skinnhette som var funne saman med han (Glob, 2004: 66, 68) og Roumhovudet var datert ut i frå ei skinnkappe (Fischer, 2007: 111). Forskarane daterte kle og utstyr ved å samanlikne desse funna med liknande funn frå same periode.



Figur 7. Roushovudet var pakka inn i denne skinnkappa (van der Sanden, 1996: 129).

Sidan det berre er to myrlik som går under yngre bronsealder er dei 11 resterande myrlika truleg frå eldre jernalder. Det eldste myrliket frå denne perioden er Haraldskærkvinna som var kolstoffdatert til 450 f.Kr (Fischer, 2007:106). Liket som vart funne i Borremosa i 1947 er datert til 430 f.Kr (ibid:118). Om desse dateringane er nokon lunde korrekt vil dette kunne bety at dei moglegvis har levd på same tid. Det som er interessant er at menneska som levde i området rundt Borremosa valte å deponere menneske her i ein periode på moglegvis over 300 år. Om det vart plassert fleire menneske i dette myrområdet veit ein ikkje, men det kan tenkast. Kapittel sju vil gå vidare på kvifor dette er interessant.

Grauballe mannen vart ^{14}C - datert til 350 f.Kr. Som skrivi i kapittel fire vart det tatt fleire kolstoffprøver av han. Den første datering viste at han moglegvis levde rundt 210 og 410 e.Kr. Det var den siste prøven som viste at han truleg høyrde til eldre jernalder, og det var denne datering som forskarane som granska han trudde var meir korrekt (Fischer, 2007: 73). Ellingkvinna, som vart funne berre nokre km frå Grauballe mannen vart ^{14}C -datert til ein periode mellom 332 og 205 f.Kr (Coles. et.al. 1999: 96). Dette opnar for at desse kan ha levd på same tid. Tollundmannen som vart funne i kort avstand frå Ellingkvinna vart ^{14}C -datert til 220 f.Kr (Fischer, 2007: 71).

Liket frå Krogens Møllemose, som vart datert til om lag 55 f.Kr (Fischer, 2007: 107) og Auningpiken som var datert til rundt 1 år f.Kr (ibid:110) er truleg ein del år yngre enn dei andre lika i katalogen. Sidan Auningpiken vart datert så tett opp mot overgangen til vår tidsrekning, kan det godt hende at ho var eit myrlik frå romertid. Dette kan ein ikkje vite sikkert. Huldremosekvinna er truleg det yngste liket i katalogen. Ho var kolstoffdatert til 65 e.Kr. (Fischer, 2007: 109) noko som gjer at ho moglegvis levde i romertid, ulik dei andre lika som truleg enten levde i yngre bronsealder eller i før-romersk jernalder. Årsaka til at Huldremosekvinna likevel vart tatt med i denne avhandlinga er at ho har ein del til felles med dei andre lika, noko ein vil sjå nedanfor med tanke på kle og tilbehør. Sidan det ikkje ser ut til å ha så mykje å sei på kva periode dei levde i, kan det argumenterast at det ikkje øydelegg for analysen at ho tilhøyrar ”feil” periode. Det same gjeld dei tre myrlika som ikkje er kolstoffdatert. Forskarar meiner at desse menneska levde i eldre jernalder, men om dette er før-romersk jernalder veit ein ikkje. Nedanfor har eg framstilt ein tabell på dateringane til dei ulike myrlika og vist kva periode dei truleg høyrte til.

Myrlik	Datert til (ca.)	Periode
Borremosekvinna	770 f.Kr	Yngre bronsealder
Borremosemannen	650 f.Kr	Yngre bronsealder
Haraldskærkvinna	450 f.Kr	Eldre jernalder
Liket frå Borremose (1947)	430 f.Kr	Eldre jernalder
Grauballemannen	350 f.Kr	Eldre jernalder
Ellingkvinna	335-205 f.Kr	Eldre jernalder
Tollundmannen	220 f.Kr	Eldre jernalder
Liket frå Krogens Møllemose	55 f.Kr	Eldre jernalder
Auningpiken	1 f.Kr	Eldre jernalder
Huldremosekvinna	65 e.Kr	Eldre jernalder – romertid
Ravnholtmannen		Eldre jernalder
Stidsholthovudet		Eldre jernalder
Roumhovudet		Eldre jernalder

Tabell 3. Oversikt over datering på myrlika i katalogen.

5.3. Kler og tilbehør

Dei fleste myrlika er funne saman med noko form for kler eller tekstilar. Mengda av tekstilar eller gjenstandar variera sterkt . Huldremosekvinna er det myrliket av dei 13 som har mest funnmateriale som er i kontekst med liket. Det vart funne to lammeskinnskapper saman med ho, og begge kappene var rulla rundt ho. Det var ei innerkappe og ei ytterkappe. Den ytre kappva var særskilt dekorert (van der Sanden, 1996: 131). I tillegg var det funne eit rutete skjørt og eit sjal som var festa av ei nål av bein. Ein kam av gevir vart ansett som spesielt interessant. Sjå figur 9. Denne kammen var med på å datere funnet. Kammen skilte seg ut fordi den ikkje likna kjende kammer frå oldtida (Asingh, 2009: 48). Det vart òg funne ei slags blære med innhald av ei lærsnor og noko som er blitt tolka som eit hårbånd. Over brystet på kvinna låg det ein stake av piletre. Dette var truleg meint for å halde kroppen fast i myra (van der Sanden, 1996: 93). Dei andre myrlika i katalogen har ikkje like mykje som Huldremosekvinna, men delar av det same materialet går igjen. Dette vil takast opp nedanfor. Eit anna myrlik som skil seg ut er liket frå Borremose. Ved dette liket var det funne eit halvt keramikkar ved høgre arm. Det er ingen av dei andre lika som har keramikk ved seg. I tillegg var det funne restar av bein som kunne ha vore frå eit spedborn. Dette medfører at liket frå Borremose skil seg ut frå dei andre myrlika.



Figur 8. Huldremosekvinnas ullskjørt (van der Sanden, 1996: 131).



Figur 9. Kammen som låg ved Huldremosekvinna (Glob, 2004:81)

Det var fleire av myrlika som hadde skinnkapper ved eller på seg. Døme på dette er Haraldskærkvinna, Auningpiken og Ellingkvinna. Ellingkvinna hadde ei todelt kappe. Den eine var surra rundt overkroppen, medan den andre var surra rundt beina (Fischer, 2007: 83). Borremosemannen frå 1946 hadde to saueskinnskapper som begge var samanrulla under beina hans (Pearson, 2002: 68). Kva som var årsaka til at nokre av myrlika hadde kapper som var surra rundt beina veit ein ikkje. Det kan moglegvis ha vore for å beskytte mennesket frå vonde ånder eller liknande. Borremoseliket frå 1947 hadde eit teppe eller eit sjal med seg i myra og nokre meiner dette tidlegare var ei mannskappe (Chamberlain og Pearson, 2001: 61) Denne konklusjonen var dratt på bakgrunn av slitasjemerka i teppet og nokre nål-hol funne i kappia (ibid:61). Om teppet frå Borremoseliket berre var eit teppe, og ikkje ei kappe, så er det fleire av myrlika som har dette med seg i myra òg. Auningpika, som nemnt ovanfor, hadde i tillegg til skinnkappa eit teppe eller eit skjørt (Fischer, 2007: 109).

Det kan vere interessant å spekulere i kvifor myrlika i fleire tilfelle hadde med seg eit teppe eller ei kappe i myra. Dette var moglegvis ein symbolsk gestus. Dei skulle ikkje vere nakne i myra. Kvifor hadde dei då ikkje fullstendige klesplagg i staden for? I yngre bronsealder og i overgangen til eldre jernalder var kremasjonsgraver vanlege. I nokre tilfelle vart dei brende beina rulla inn i stoff (Glob, 2004: 144). Kan henda dei utførte det same ritualet på menneska som vart lagt i myra. I staden for fullstendige klesplagg, tulla dei lika inn i kapper eller tepper. Eit anna alternativ kan vere at klesplagga var laga av lin som etterkvart vart løyst opp i myra. Dette er ikkje veldig truleg ettersom den harde myra som låg oppå menneska ville ha ført til at klesplagga lagde merker i huden, som ville ha vore synleg for forskarar som granska desse myrlika i ettertid.



Figur 10. Borremosekvinnna med kappene som dekkja nedre del av kroppen (van der Sanden, 1996: 130).

Eit tilbehør som fleire av myrlika hadde med seg i myra var ei skinnhette. Ravnholtmannen, Haraldskærkvinnna, liket frå Krogens Møllemose og Tollundmannen hadde alle tre slike skinnhetter. Dette var moglegvis eit standardplagg i eldre jernalder og difor noko som følgde dei i myra.



Figur 11. Skinnhetta som Tollundmannen bar (van der Sanden, 1996: 125).

Det som ofte går igjen i funnmaterialet er skinnkappe og skinnhette. Det same gjeld funn av snøre eller reip. Stidsholthovudet hadde eit hårbånd fletta inn i håret (Glob, 2004: 98). Liket frå Krogens Møllemose hadde ein slags lær-ring, som nokon meinte var eit hundehalsband, men som andre meinte var brukt for henging (Fischer, 2007: 107). Denne konklusjonen, at det kan ha blitt brukt for henging, vart moglegvis dratt fordi andre myrlik truleg hadde same dødsårsak. Dette vil bli drøfta seinare. Huldremosekvinna hadde, som skrive, ei lærsnor med seg og noko som moglegvis var eit hårbånd (Glob, 2004: 70-80). Ellingkvinna hadde eit lærbelte (van der Sanden, 1996: 155), Borremosemannen eit reip (Fischer, 2007: 117) og Tollundmannen hadde eit skinnbelte rundt hofta og eit lær-reip rundt halsen (Glob, 2004: 32). Kvifor dei hadde slike snorer eller reip med seg eller på seg vil bli tatt opp nedanfor.

Det er ikkje uvanleg at myrlik har blitt funne med det som ser ut som krokar av tre og greiner på seg. Tre av dei utvalde myrlika hadde dette. Ravnholtmannen hadde kvister eller greiner og pinnar lagt i kross over brystet (Coles og Coles, 1989:11). I nærleiken av Auningpiken var det funne nokre trekroker og pinnar (Glob, 2004: 80), og Haraldskærkvinna satt så fast i myra av trekroker og greiner over brystet, med trekroker dei òg, at det først var umogleg å rikke ho frå myra (ibid:74). Årsaka for dette kan moglegvis vere at dei hadde eit ynskje om at lika skulle bli verande på staden i myra. Dette hadde kanskje ein symbolsk betyding eller at dei ville unngå at lika skulle stige til overflata (tilgjengeleg for dyr og insekt).



Figur 12. Pinnane som haldt Haraldskærkvinna fast i myra (Glob, 2004: 75).

Det einaste av dei 13 myrlika som ikkje har noko med seg i myra er Grauballe mannen. Ingen spor etter tekstilar eller gjenstandar var å finne. Han var heilt naken og aleine i myra. Forskarane som granska han var rimeleg sikre på dette, sidan materiale som skinn eller ull ville ha vore bevart (Asingh, 2009: 14). Dette gjere Grauballe mannen til eit atypisk myrlik, då dei fleste lika har eitt eller anna med seg i myra. Til og med Stidsholthovudet og Roumhovudet som manglar kroppar har tilbehør med seg. Ein kan spørje seg om det var noko spesielt med Grauballe mannen

sidan han ikkje har med seg noko form for kle eller materiale. Kanskje var han ein kriminell som dei meinte ikkje fortente noko form for eigendelar med seg i myra. Nokre forskarar meinte at sidan Grauballe mannen hadde så fine hender måtte dette bety at han var frå det øvre sjiktet i samfunnet. Karen Margethe Boe (pers.med) meiner dette ikkje beviser nokon ting. Ho hevdar at John Coles, arkeolog, fortalte at etter at han hadde jobba i to veker i strekk i myra så hadde han fått den flottaste manikyr av arbeidet. At myrvatnet viska ut spor i hendene og at å ligge i vatten i over 2000 år ville ha same effekt (Boe, pers.med). Om hans sosiale status ikkje kan diskuterast er alternativet at han var ein kriminell som vart avretta ikkje utenkjeleg. Dette vil drøftast grundigare i kapittel sju.

5.4 Kva døyde dei av?

Mange av myrlika står utan ein konkluderande årsak, medan det med andre er meir eller mindre klart kva dei døyde av. Med enkelte myrlik vil ein aldri kunne finne svar på kva som drap dei, eller om det er snakk om mord i det heile. Døme på dette er Ravnholtmannen. Han vart ikkje granska nok til at ein i dag kan spekulere i dødsårsak, og alle restar av han er no forsvunne (van der Sanden, 1996: 40-41). Med andre myrlik som ein finn i katalogen er det heller ikkje noko klar dødsårsak. Kva som drepte Auningpiken er det ingen som har funne svaret på. Rundt Haraldskærkvinna, til dømes, har det vore mykje speulasjonar. Nokon meiner at ho har døydd ein valdeleg død, men bakgrunnen for denne ideen er at ho har eit andlet som nokon meiner uttrykker redsel eller fortviling (Glob, 2004: 77). Det kan i alle høve ikkje reknast som bevis for drapsårsaka.

Eit anna døme er liket frå Borremose. Skallen og andletet var knust, og liket hadde eit brot under høgre kne (Pearson, 2002: 68). Det er òg mogleg at Borremoseliket vart skalpert. Om hovudet var knust før det døyde eller om det var resultatet av å ligge i myra er ikkje sikkert. Forskarane som studerte liket frå Borremose klarte aldri å avgjere om dette var ein mann eller ei kvinne, og det er årsaka til at dette blir omtalt her som "det". Borremosekvinna hadde òg fått andletet knust. Huda på toppen av hovudet var reven av (Pearson, 2002: 68), og eit større stykke av denne huda låg plassert ved halsen og ved den høgre handa hennar (Fischer, 2007: 120)

Huldremosekvinna hadde skade på høgre fot og høgre arm var broten av. Fischer (2007: 108) skriv at det var ein arkeolog (ukjent) som meinte at ho moglegvis døyde av blodtap (Fischer, 2007:108). Andre trur at, sidan ho vart funne med ei lær-snor og eit potensielt hårbånd, at ho vart kvelt eller hengt (ibid:108-109). Forskarar trur at fleire av myrlika ein gong vart hengt. Tollundmannen og Borremosemannen hadde begge ei løkke om halsen som indikerte henging. Ellingkvinna vart òg moglegvis hengt eller kvelt. Forskarane som granska ho meinte at ein framleis kunne sjå furene i nakken etter reipet (Chamberlain og Pearson, 2001: 62-63). (Sjå figur 13). Det er òg foreslått at liket frå Krogens Møllemose vart hengt eller kvelt. Lær-ringen som vart funne ved han kunne fungert som ei løkke (Fischer, 2007: 107). Denne kunne potensielt ha drepe han.



Figur 13. Ellingkvinna. Furene i nakken etter reipet som har kvelt ho er tydelige (Fischer, 2007: 80).

Vi har to hovud, Stidsholthovudet og Roumhovudet som har blitt skild frå kroppen gjennom halshogging. I begge tilfella vart kroppane aldri funne. Om dei har blitt utsett for meir vald enn dette er umogleg å vite.

Grauballe mannen møtte si endelikt då strupen vart kutta frå øyre til øyre. Nokre meiner at han kanskje i tillegg hadde fått eit hardt slag over tinningen. Strupekuttet er så stort at det rår ingen tvil om at det var dette som drap han (Pearson, 2002: 67). Ravnholtmannen kan ha lidd same skjebn. Ettersom huda hans var intakt på alle stader på kroppen utanom rett under haka, var det vurdert av nokre at han hadde døydd av kutta strupe (van der Sanden, 1996: 40-41)

5.4. Oppsummering

I dette kapittelet har fokuset vore på komparasjon av myrlik frå. Ved å samanlikne myrlika ser ein at dei har visse fellestrekk. Når det kjem til geografisk plassering myrlika i Danmark hadde kan ein sjå at dei stort sett var å finne på Jylland. På øyene var det få eller ingen myrlik. Dette kan stort sett forklarast med at det er ulike bevaringsforhold på desse stadane, men det er mogleg at det har ført andre tradisjonar der enn på fastlandet. Noko som skilte seg ut var at ein på Jylland kunne finne myrlik på nordlege, austlege og sørlege del. På vestkysten var det få eller ingen registrerte myrlik. Dette vil diskuterast meir i kapittel sju.

Det neste elementet å sjå på var kva tidsperiode myrlika var datert til. Om ein skal lite på ¹⁴C-datering er to myrlik i katalogen frå yngre bronsealder, 11 frå før-romersk jernalder og eitt frå romertid.

Når det kjem til tekstilar og gjenstandar saman med lika er dette noko som det har vore lite av. Huldremosekvinnen er det myrliket som skil seg ut sidan ho hadde relativt mykje ved seg. Det som går igjen hos desse menneska er skinnkapper og skinnhetter. Kva som er forklaringa på dette er vanskeleg å vite, men det kan ha vore vanlege klesplagg i forhistorisk tid.

Kva det var myrlik døydde av står ikkje alltid like klart. Det ein kan sjå frå katalogen er særskilt tre avrettingsmetodar som har vore brukt. Dette var kveling/henging, strupekutt og halshogging. Det er derimot nokre av myrlika som ikkje har ein klår dødsårsak.

Meir om fellestrekk og det som skil myrlika vil fylgje i kapittel sju.

6. EIT SAMFUNN I ENDRING?

I dette kapitlet skal vi sjå på endringar i samfunnet i yngre bronsealder og førromersk jernalder. Dette vil gå føre seg kronologisk. Først ser vi på yngre bronsealder og endringane der, deretter jernalder. Eg vil i hovudsak fokusere på endringar innan gravskikk, hierarkiske element og nedlegging av gjenstandar og materiale på våte stader. Dette vil eg gjere for å sjå kva samfunn myrlik frå denne perioden levde i og om det var endringar i samfunnet som kan gje ei forklaring på kvifor myrlik møtte eit slikt endelikt.

6.1. Yngre bronsealder

Yngre bronselader byrja rundt 1300 f.kr i Sentral-Europa og gjekk mot ei avslutning rundt 750 til 700 f.Kr. Denne perioden går ofte under namnet Urnemark-kulturen. Dette stammar frå den vanlegaste gravskikken i perioden, der restane etter den døde vart plassert i ei grop og/eller keramikkrukke (Vandkilde, 2007: 121-122). Norden tileigna seg ein del element frå Urnemark-kulturen, men utan å miste sine egne tradisjonar både innanfor metallarbeid og ritual (Kristiansen, 2000: 63).

Urnemark-kulturen var i geografisk og påverknadsmessig mykje meir utbreidd enn føregåande kulturar. Keramikkstil, metallarbeid og jordfestingsskikkar kom i nye former, og fekk midlertidig fotfeste i område som mellom anna dei britiske øyene, Skandinavia, Italia, Frankrike, Spania og Hellas (Vandkilde, 2007: 139).

Samfunnet i yngre bronsealder var prega av sentrale busettingar med skansar og med landsbyar omkring. Kristiansen (2000: 111, 113) meiner at bruken av såkalla urnefelt kan vise til egalitære landsbysamfunn, og forskjellen i gravgoods var normalt sett minimal. Kva som gjer eit samfunn egalitært kan vere vanskeleg å definere. Om ein tenkjer seg at definisjonen er at alle blir behandla noko lunde likt kan urnefelt vise til dette. Derimot er det nokre graver frå yngre bronsealder som skil seg ut på mellom anna storleik som ikkje harmonerer med eit egalitært samfunn om vi brukar definisjonen over. Dette vil eg komme tilbake til nedanfor.

6.1.1. Korleis dei daude vart behandla

Gravskikken i Europa endra seg altså ved overgangen til Urnemark-kulturen. I Norden var det lite av keramikk og metallobjekt som høyrte til Urnemark-kulturen,

men gravskikken som vart vanleg innanfor denne tradisjonen følgde òg i dette området (Coles og Harding, 1979: 491). Tidlegare hadde det vore vanleg med gravlegging av dei daude utan å brenne dei først, men både før og etter starten av Urnemark-kulturen varierte gravmetodane (Cunliffe, 2001: 319-320). Cunliffe skriv om endring til kremasjonsgraver at:

Perhaps the practice of inhuming implies a belief that the wholeness of the body is somehow important to the persona of the deceased in his or hers 'existence' after death. Cremation, on the other hand, indicates that the body itself is valueless (...) and but a feeble and intransient vehicle for higher things – emotions, reflective thought, spiritual conceptions (Cunliffe, 2001: 320-321).

Glob (2004: 145) meiner derimot at sjela til mennesket er frigitt frå den verdslege kroppen ved hjelp av eld, og at sjela deretter flyr til eit land for dei daude og blir født på ny. Ved Alestrup, sør for Borremose i Himmerland er det funne ei kremasjonsgrav der dei brende beina av eit menneske er blanda med venger frå kråker og kråkeføter. Glob meiner at dette er bevis for at desse vengene skulle hjelpe den daude over til landet der dei daude bur (ibid:145). Kremasjon var uansett ein viktig del av døden. Om ser på myrlik i denne samanheng, så er det interessant å sjå at desse menneska ikkje vart kremert. Kvifor vart dei ikkje det? Det kan sjølvstast tenkast at til dømes kriminelle menneske ikkje fekk ei verdig gravsetting slik som andre menneske i samfunnet. Straffa deira kan difor ha vore gravlegging i uverdige jord. Eit myrlandskap kan sjåast på som ein mørk og dystert stad; noko som kanskje var særst passande for straffa kriminelle.

I eldre bronsealder var det vanleg at den daude vart plassert i ei trekiste eller i ei steininnfatning saman med gravgods som deretter vart plassert i ein gravhaug. I byrjinga av yngre bronsealder vart dei brente beina reinsa for deretter å bli plassert i ei kiste eller innfatning med gravgods som ikkje var brent. Denne vart plassert i ein gravhaug som tidlegare. Etterkvart vart dei brente beina plassert i mindre kister eller kar. Det var framleis tilfelle av gravhaugar i denne perioden, men dei var ofte små og kunne innehalde fleire kremerte menneske (Coles og Harding, 1979: 500-502).

Gravgåvene i mannsgraver i byrjunga av yngre bronsealder var mykje det same som det hadde vore i eldre bronsealder. Eit døme på dette er den rike grava frå Vester Skerninge i Svendborg. Den inneheldt brende bein, eit sverd med ein gullbelagt hjalt, eit anna sverd med resten av eit skjede, ein gullinnlagt rakekniv, ein pinsett av gull, ein bronsekniv, to gullbelagde dobbeltnappar med meir (Brøndsted, 1966: 157). Gravgåver til kvinner frå denne perioden var mindre enn tidlegare. Eit døme på dette er ei grav frå Hvedshøj ved Hvedstrup i København som inneheldt eit stort smykke. Dette er ei av få graver som er funne med eit slikt stort smykke i grava. Nesten alle funn frå yngre bronsealder som inneheld store kvinnesmykke, halsringar og beltepynt er funne utanfor gravene, til dømes i form av nedlegging i våte område (ibid:155,157). Etterkvart som kistene for dei brente beina vart mindre var det òg ei minking i gravgodset. Små miniatyrversjonar, av til dømes sverd, vart laga for å fylgje den daude i grava (Coles og Harding, 1979: 502).

Noko anna som endra seg innan gravgåvene var at det ikkje lengre vart vanleg å plassere drikkekar av lær eller i tre saman med den daude. Heilt frå yngre steinalder og inn i eldre bronsealder hadde dette vore relativt vanleg. I yngre bronsealder vart desse kara i staden for brukt til å fungere som behaldar for brente bein (ibid:158). Kva som kan ha vore årsaka til dette kan ha mange grunnar. Eittersom den daude i denne perioden vart kremert kan det vere at dei tenkte at mat og drikke ikkje var noko som var naudsynt lengre. Ved kremasjon ville den daude raskt bli brakt til dødsriket der det kanskje var overflod av mat og drikke, eller at dei ikkje lengre hadde dette behovet i det nye riket.

6.1.2. Religion og rituelle ofringar

Religionen i yngre bronsealder var sentrert rundt sola og sola sin gang. Innanfor dette var dyr som slange og hest viktige element (Fischer, 2007: 159). Johansen (2000: 152) skriv at mennesket i bronsealderen var ”homo religiosus”. Religionen var eit stor viktig, integrert samfunnsэлемент. Eittersom gravskikken i denne perioden endra seg kan ein tenkje seg at det med dette òg følgde ei endring innanfor religion og tankane om døden.

Det kan sjå ut til at religion i yngre bronsealder var prega av fleire guddommar. I fylgje Johannes Brøndsted (1977: 305) var perioden før 1000 f.Kr prega av eit

religiøst eineherredømme, medan det frå rundt 1000 til 500 f.Kr var fleire gudar som stod i sentrum. Dette var mellom anna solguden, som sat i eit skip med sin hest. Så var det ”Storhandsguden” som stod oppreist med sine store, strittande hender, som var der makta kom ut frå. Han er òg omtalt som lynguden. Vidare var det ein ”tvillingguddom” som blir skildra som to like mannsfigurar med kvar sine hjelmar med horn på og begge to med ei øks i hand. Desse var moglegvis gudar for krig og kamp (ibid:304). Til sist har vi gudinnene. Her skriv Brøndsted i hovudsak om to (ibid:304). Ei av desse vil eg komme tilbake til nedanfor.

Rituelle aktivitetar var viktige. I arkeologiske funn er det mange av dei, særleg i form av nedlagt utstyr og materialer i våte område. Desse funna har vore av stor arkeologisk verdi, og gir ytterlegare kunnskap om yngre bronsealder.

Å ofre noko for gudane var, som tidligare skrive, truleg ein metode for å komme i kontakt med gudane. Sjølv om det er gjort fleire funn av gravgåver enn offergåver frå denne perioden, er det langt rikare funn i desse nedleggingane enn i gravene (Brøndsted, 1966: 163). Det meste av desse offerfunna er oppdaga på øyene i Danmark. Eit døme på eit slikt offerfunn har vi frå Simmerholm i Dreslette sogn der det vart funne tre halsringar, fire armringar og tre bøyle-nåler. I offerfunna er det relativt lite mannleg tilbehør (ibid:164). Noko finst det likevel. Eit døme på dette er frå Lillemarkskoven ved Skibbinge i Prestø som inneheldt fem bronsespyd. Eit anna døme er ved Fremmelev i Lunde sogn på Fyn der det vart funne fire sverd (ibid:164).

Ein kan tenkje seg at det var ei blanding av religiøse, sosiale og økonomiske motiv som låg bak nedlegging av materiale og gjenstandar på våte stader. Myrlegging av gjenstandar inngjekk truleg i religiøse handlingar og ritual, men ein kan òg tru at dette var kopla med rivalisering innanfor makteliten. Som skrive i kapittel tre vart den verdslege makta til toppsjiktet truleg bekrefta når den hadde råd til å kvitte seg med kostbare offergåve, ikkje minst om dette skjedde på vegne av heile lokalsamfunnet (Johansen, 2000: 154).

Frå slutten av yngre bronsealder dukkar eit nytt fenomen opp når det kjem til offergåvene. Fleire funn inneheld halsringar som er nedlagt i par, men utan andre gjenstandar saman med dei. Dei fleste av desse halsringane visar slitasje noko som

kan tyde på at dei ikkje var smidd berre for å ofrast. Andre derimot ser ut til å vere nye då dei vart lagt ned (Brøndsted, 1977: 300-301).

Frå denne perioden har vi òg ein del småfigurar som kan gje eit inntrykk av korleis dåtidas kvinneguddom skulle ha sett ut. Frå Sjælland og Skåne er det funn av statuettar som viser ei oppreist, naken kvinne. To statuettar som vart funne på Sjælland har eit par slike halsringar som nemnt ovanfor rundt, halsen (ibid:301).

Brøndsted (1977: 307) hevdar at det av yngre bronsealder skjedde eit religions-skifte. Desse endringane påverka festseremoniane. Her kjem, i fylgje Brøndsted, bronselurane inn som er funne stort sett over heile Danmark. Ei endring i festseremoniane kan tolkast ut i frå at desse lurane, dei heilage signalhorn, vart fjerna frå menneskeleg bruk og overført som offergåver i våte område. Om endring i festseremoniane hadde noko å sei for nedlegging av menneske i myr er vanskeleg å argumentere for. Etersom det er gjort funn av myrlik frå yngre bronsealder, i førromersk jernalder samt i byrjinga av romertida, vil eg ikkje tru at dette religionsskiftet hadde noko å sei for eksistensen av myrlik og kvifor dei hamna i myra.

6.1.3. Samfunnet generelt

I Norden er yngre bronsealder dokumentert gjennom busetjing, gravlundar, metallobjekt, megalittiske monument, stiar og nedlegging av objekt på våte område (Coles og Harding, 1979: 493). Dette tyder på at det var større samfunn med fleire menneske i Norden i yngre bronsealder, enn det hadde vore i eldre bronsealder. Dette fordi busetjingane var større enn tidlegare, gravlundane var større, og det var eit fokus på auke av kunnskap innanfor handverk. Generelt var det ei større spreiding av materiale enn tidlegare, med meir metall som sirkulerte stort sett over heile det nordlege området. (ibid:493). Det kan sjølvsagt òg vere tilfelle at gravlunder og busetjing frå eldre bronsealder ikkje la att like tydelege spor som i yngre bronsealder og at storleiken på befolkninga difor var stort sett lik i dei to periodane.

I denne perioden kan det sjå ut til at det eksisterte eit handelsnettverk som strekte seg over større område og som var basert på ein distribuert økonomi. I fleire tilfelle vart varer frakta over lengre avstandar, noko som tydde på store handelsnettverk (Cunliffe, 2001: 305). Det har på dette grunnlag vore antatt at dei ulike samfunna gradvis vart

så integrert at det vart utvikla eit høvdingsamfunn. Dette er ei meir kompleks form for stammesamfunn ein dei som eksisterte tidlegare (Jensen, 2000: 169).

Som skrive ovanfor meinte Kristiansen (2000: 111, 113) at det yngre bronsealder moglegvis hadde eksistert eit egalitert samfunn. Bakgrunnen for denne påstanden var dei mange urnefelta i denne perioden. Derimot kan det faktum at det er funne større graver med gravgoods som drikkesett, våpen og rustningar tyde på at det var snakk om hierarkiske element i yngre bronsealder. Desse større gravene var som regel skild frå urnefelta (ibid:113-114). Jørgen Jensen (1979: 11) trur at det i bondesamfunna i bronsealderen var snakk om eit samfunn der slekta var avgjerande for kva posisjon ein hadde. Di nærare ein var i familie med dei leiande, di høgare rang hadde ein.

Janet E. Levy (1979:50) hevdar at ein kan sjå samfunnsstrukturen frå andre arkeologiske restar enn gravfelte. Eit døme på dette er dei danske depotfunna frå yngre bronsealder. Depotfunn er ei samling av bronse - (og ein sjeldan gong gull-) gjenstandar. Desse gjenstandane er som oftast ikkje assosiert med avfall frå busetting, kremasjonsrestar eller menneskebein, men det unntaka finst. Gjenstandane er som regel funne plassert i eit pottekar eller ligg laust i ein haug. Sidan dei ikkje er fysisk assosiert med strukturar eller skjelletrrestar er det vanskeleg å sei kva funksjon dei hadde. I tillegg er desse som oftast funne ved ein tilfeldighet i samband med jordbruk eller byggearbeid, og kontekstuell informasjon er sjeldan tilstade. Til trass for dette meiner Levy at det er mogleg å bruke depotfunn til å sjå sosial rangering i yngre bronsealder i Danmark. Sidan det er gjort funn av vanlege ornament eller våpensett meiner ho at dette er eit bevis for hierarkiske element i samfunnet. Eit overordna nivå av rangering kan moglegvis bli tyda gjennom nærveret av sjeldne og verdifulle symbol for politisk aktivitet. Ho hevda òg at ein kan sjå eksistensen av høgt rangerte individ i dei rike depot funna. Dette symboliserte moglegvis høvdingar som kontrollerte dei sosiale aspekta i samfunnet, som til dømes økonomi, ritual og politisk autoritet (ibid: 56).

I den nord-tyske Lausitz-kulturen viser antropologisk data at den demografiske strukturen var mykje den same som i jernalderen - høg barnedødelegheit og få eldre menneske. Berre 20 prosent levde til dei vart eldre enn 40. Gjennomsnittsalderen for menn var truleg rundt 34 år og for kvinner rundt 30 år. Liknande studiar er gjort i Svarte i sør-Sverige (Kristiansen, 2000: 113). I katalogen så kan ein sjå at

Haraldskærkvinnu moglegvis var rundt 40 år då ho døyde. Ellingkvinnu var kanskje mellom 25 og 30 år. Alderen til Huldremosekvinnu var moglegvis heile 50 år (Hvass, 1980: 110). Det er ingen av myrlika i katalogen som var born då dei døyde. Ut frå desse tre tilfella kan ein sjå at det truleg var godt vaksne menneske som hamna i myra. Dette er i alle fall tilfellet i Danmark. I Tyskland, til dømes, var det òg yngre menneske som er funne i myr. Dette vil eg komme tilbake til i neste kapittel.

6.1.4. Eit krigarsamfunn?

Det var ikkje berre det religiøse aspektet ved livet som endra seg. Òg samfunnet gjekk gjennom ein transformasjon. Vandkilde skriv blant anna at:

”The Urnfield culture has recently been interpreted by Kristiansen (1998) as the rise of still another warrior elite (...) The social picture is very complex and probably also more variable than usually thought” (Vandkilde, 2007: 140).

Fleire forskarar, mellom anna Cunliffe (2001) og Vandkilde (2007) skildrar tilverking av palisadar og bygdeborger på bakketoppar eller lågare terreng. Ved å bygge desse på sentrale område kunne ein ha ei strategisk oversikt over fleire landsbyar. Vandkilde trur at målet var å få ei oversikt over andre, men at det likevel var snakk om eit klanbasert system som tidlegare (Vandkilde, 2007: 155).

Det er enkelte som trur at krig og ufred var ein stor del av kvardagen i yngre bronsealder. Funn av velbrukte og skadde våpen kan tyde på det. Det kan tenkast at den militære organisasjonen var meir effektiv enn tidlegare når ein ser på våpen frå denne perioden. Desse var for det meste standardiserte (Vandkilde, 2007: 157-158). Om dette er tilfelle kan det ha hatt betydning for myrlika. Det er vanskeleg å bevise skade som er påført før døden. Dette vil bli drøfta meir i neste kapittel. To myrlik i katalogen er ¹⁴C-datert til yngre bronsealder. Dette er Borremosemannen (1946) og Borremosekvinnu (1948). Begge desse hadde ulike skader på kroppen då dei vart funne. Borremosemannen hadde mellom anna ein broten fot, eit hol i skallen og ei løkke rundt halsen. Borremosekvinnu hadde eit knust andlet og huda over skallen var reven av. Til trass for at ingen av desse hadde stikkskader etter sverd eller liknande kan det framleis vere mogleg at krig har vore ein del av kvardagen deira. Krig kan, som kjent frå kapittel tre både vere ein valdeleg handling og ein måte å tene makta på.

På denne måten er det difor mogleg at menneska som enda som myrlik kjende til krigen sjølv om dei ikkje nødvendigvis var krigarar.

6.2. Før-romersk jernalder

Urnemark-kulturen blir rundt 700 f.kr erstatta av Hallstattperioden i Sentral-Europa. Dette blir her rekna som tidleg jernalder. I Sør-Skandinavia derimot helde bronsealderen på i eit par sekel til (Vandkilde, 2007: 171). Det er først frå om lag 500 f.kr at Skandinavia går over til jernalder. I Sentral-Europa blir denne perioden kalla La Tène-kulturen (ibid:175). Namnet ”La Tène” stammar frå eit rikt funn av våpen ved La Tène, aust for Neuchâtel-sjøen (Brøndsted, 1960: 12). Tidlegare har ein meint at det var eit sterkt skilje mellom yngre bronsealder og eldre jernalder. I dag tenkjer ein heller at det var ein flytande overgang mellom desse to periodane. Materiell kultur som inkluderer keramikk, våpen, smykke og reiskap viser kontinuitet i frå yngre bronsealder og inn i eldre jernalder (Wells, 1990: 441).

6.2.1. Gravskikkar

Det var kremasjon som var den gjeldande gravskikken både i før-romersk jernalder, og i yngre bronsealder. Innanfor denne skikken var det variasjonar. Ein måte var å plassere den daude i ei krukke/urne med eller utan steininnfatning. Beina vart som regel reinsa før dei vart plassert i urna. Som tidlegare vart den plassert i flatmark eller i ein gravhaug (Brøndsted, 1960: 13). Eit anna alternativ var å samle restane frå likbålet saman med gravgodset (som ofte var særskilt enkelt) og plassere dei i ei grop i jorda, utan krukke eller urne for å halde på oska (Klindt-Jensen, 1962: 282). Gravfunn frå eldre jernalder har til tider vore vanskeleg å oppdage. Årsaka til dette er at nokre av gravene mangla synleg markering (Solberg, 2006: 40).

Eit døme på gravskikken i Danmark i eldre jernalder har ein frå Aarre i sørvest-Jylland. Om lag 800 urnegraver har her vore samla på eit område. Kvar av urnene var plassert under ein sandhaug, som var 1 m i høgda, 5-6 m brei. Urna var i fleire tilfelle dekkja av ein stein, eit lag av leire eller eit flak frå eit anna kar. Det ein kan sjå er at ”øyrene” på kvar side av desse urnene var fjerna. Dette kunne ha vore eit rituellet symbol. Ei slik urne skulle ikkje brukast av dei levande (Brøndsted, 1960: 13).

Når det kjem til gravgodset i før-romersk jernalder var dette relativt einsformig og sparsamt. Det bestod for det meste av enkle draktnåler av jern, belteringer og beltehaker av jern og bronse (Solberg, 2006: 45-46). På større gravlundar frå perioden, somme med fleire hundre graver, har det berre vorte funne nokre få beltespenner, triangulere brosjer eller urner (Klindt-Jensen, 1962: 98). Det var derimot nokre av gravene som hadde rikare gravgoods og som innehaldt saker som sverd, skjoldbuler, halvmåneforma barberkniv eller ei saks. Alt i form av jern. Eit døme på ei slik flott grav har ein frå Kraghede på nord-Jylland. Den innehaldt mellom anna bein etter to hestar og restar etter ei vogn. I tillegg var det funne 23 flotte krukker av god kvalitet, tre spydhovud, tre knivar, ei spenne, ei brosjje og ein enkel gullring (Klindt-Jensen, 1962: 98-99).

6.2.2. Religion og rituelle ofringar

Kor mykje betyding religion og trua på gudar hadde å sei for menneska i før-romersk jernalder veit ein ikkje, men Hvass (1980: 99) trur at folketru var det som prega kvardagen, medan gudstrua gav seg utslag i offerhandlingar og årstidsritual. I fylgje Glob (2004: 156) var det ein kvinneleg guddom som sto i sentrum i eldre jernalder. Dette var den same guddommen som òg hadde hatt ein sentral plass i yngre bronsealder. Ho vart avbilda som ein naken figur med band rundt halsen, ringer i øyrene og med hendene plassert under brysta. Glob meiner at ho tydelegvis stod som eit symbol for fertilitet. Det var denne kvinnelige guddommen ein skulle ha ofra til for å sikre velstand og vekst (ibid:156).

Nedlegging av objekt og mat i våte område var ein hyppig rituell aktivitet i før-romersk jernalder. Dette kunne vere alt frå keramikk-kar fylt med mat, torques, våpen, deler av vogner, krigsutstyr og dyr (Coles og Coles, 1989: 191). I tillegg til det nemnte materialet er det òg gjort funn av kvinnekle og avkutta hår (Glob, 2004: 146).

Noko anna som er funne i samband med myr og våte område er arden. Til dømes vart det funne ein slik ard ved Hvorslev på Jylland. Det som gjer dette interessant er at nokre av desse ardane enten var gamle eller øydelagde eller har vore laga av mjukt tømmer som ikkje hadde vore brukande til noko (Klindt-Jensen, 1962: 94). Kvifor valte dei å plassere slike ardar i myra?

I Danmark og Tyskland er det utført ein studie på nedlegging av saker i myr som har vist at desse ulike typane nedlegging truleg hadde ein rituell karakter, men at dei alle hadde eit eige ”bruksområde” (Coles og Coles, 1989: 191). Dette inneber at til dømes nedlegging av våpen og krigsutstyr var meint for nokre særskilde gudar, medan nedlegging av mat og dyr truleg var for andre. Nedlegging av utstyr som ardar kunne til dømes vere for gudar som hadde ansvar for været og dyrkinga.

6.2.3. Samfunnet generelt

Overgangen til jernalder førte med seg mange endringar, både teknologisk og i samfunnet. Det vart lettare å rydde skog og deretter auke jordbruksarealet med det nye metallet. Produksjonen av reiskap i jern vart vanleg i Europa rundt 500 f.Kr. Ein trur ikkje at kunnskapen om jernteknikkar knytt til omfattande folkevandringar, men at det truleg var allereie etablerte populasjonar som tileigna seg denne kunnskapen (Rowlett, 1968: 123). Resultatet av dette vart auka busetjing (Solberg, 2006: 14) Hvass (1980: 58) meiner at veksten i befolkninga i eldre jernalder førte til ei utvikling i samfunnsøkonomien. Denne utviklinga viste seg i form av auka handel og opprusting. Betydinga av dette var at det vart meir krigføring i denne perioden enn i til dømes yngre bronsealder. Sidan det i eldre jernalder ikkje var snakk om noko statsdanning, trur Hvass at krigen eigentleg ikkje var noko som høyrte ”staten” til, men at dei militære maktene var underlagde samfunnslegne landsbyar (ibid,59).

Asingh (2009: 173) hevda at overgangen til eldre jernalder er sett på av mange som ein kald og våt tid som var prega av krise. Grunnlaget for å hevde dette var at det var få markante og flotte funn frå denne perioden, i motsetnad til føregåande periode. Årsaka til at det var færre, flotte funn frå perioden har vert knytt til klimaendring, overutnytting av ressursar og overbefolkning (Berglund et.al, 1991: 77).

Nyare forskning viser, ved hjelp av utgraving av landsbyar og gravstader, at det derimot ikkje var noko teikn på krise i overgangen til eldre jernalder (ibid:174), men at perioden kan ha vore prega av uro. Solberg skildrar blant anna landsbyen Borremose som truleg har forskansa seg:

Landsbyen var anlagt ute på en lite forhøyning eller holme omgitt av myr. Befestningen bestod av voller og en ca. 6 meter bred vollgrav. Landsbyens levetid strakte seg fra ca 300 til om lag 100 før kristus. Da ble den brent og forsvarsverket ødelagt (Solberg, 2006: 36).

Brøndsted (1962: 47-48) skriv at namnet "Borremose" kan ha komme frå "Borrebjerg" (Borgbjerg), som kan ha vore knytt til høge bakkar med restar etter oldtidsbygg, som til dømes Borgbjerg ved Skælsør eller Borgbjer på Sejerø. Om dette er tilfelle vil ein då kunne tolke ut i frå ordet "borg" at "Borrebjerg" har tyda borg med skansar på ei høgde. Han skriv òg at Borremose derimot vil bety eit skjulested. Ein lågtliggende stad med vollar og ytterlegare verna av myr og vatten. Dette ville vore ein stad som ikkje var lett å legge merke til før ein stod i beinveges nærleik av staden. Det er nettopp slik Brøndsted ser føre seg at Borremose har sett ut (ibid:48).

Med Hallstatt-kulturen vart nærværet av eliten meir synleg og det er mogleg at politisk makt vart meir sentralisert (Vandkilde, 2007: 171). Eliten hadde ansvaret for vareutveksling, som var eit komplisert nettverk (Solberg, 2006: 34). Bygdeborgene vart større og det er mogleg at dei dominerte mindre festningar og landsbyar. Hvass (1980: 59) trur at det var vareutvekslinga som gjorde til at det vart meir uro i eldre jernalder. Desse rutene trengte å bli verna og han trur difor at festningsverk vart plassert i område med vanskeleg passasjer, som til dømes i fuktige eng- og dalområder. Det er mogleg at desse områda kravde avgifter for at den reisande skulle få ein fredeleg gjennomfart.

Ut i frå gravmaterialet og dei arkeologiske spor av landsbyar kan det sjå ut til at samfunnet i eldre jernalder altså var hierarkisk. Det er mogleg at det innanfor enkelte landsbyar var hierarkiske element, men som igjen gjerne måtte svare til andre utanfor landsbyen som hadde eit høgare hierarkisk sete. Eit døme på dette er landsbyen Hodde på Jylland. I denne landsbyen har det totalt vore 86 hus, men det er særskilt eitt som skil seg ut. Stormannsgarden, anlegg 1, har det største bygget, den største stallen og det største gardsområdet. I tillegg er den finaste keramikken som er funne i området frå denne staden (Hvass, 1985: 179). Det er difor sannsynleg at denne garden hadde ei viktig rolle innanfor denne landsbyen, men om det øvste setet her hadde nokon andre å svare til er vanskelegare å vite.

I bronsealderen hadde framstilling og omsetting av bronse vore ein del av maktposisjonen for eliten, men det var vanskelegare å kontrollere produksjonen av jern sidan dette var langt meir utbreidd og vanleg. Dette førte etterkvart til at bronsen truleg minka i verdi. Solberg (2006: 34) meiner at dette kan ha ført til svekka forbinding mellom Sentral-Europa og områda i nord.

Karen Margrethe Boe (pers.med) meiner at med framkomsten av jernalderen i Danmark fekk myrane ny betydning. Fyrst og fremst ei større økonomisk betydning fordi dei hadde råstoff tilgjengelig til framstilling av jern. I tillegg vart dei til dels avhengig av torv for å for-varme omnen, ettersom smelting av jern krev høge temperaturar. Dette gjorde til at myrene vart ein viktig del av heile samfunnsøkonomien (Boe, pers.med). Myrlik er derimot ikkje avgrensa til den eldre del av jernalderen. Dei starta allereie i bronsealderen og kanskje til og med før dette

7. RESULTAT OG TOLKINGAR

Tolking og forklaring på kvifor lik hamna i myr er noko som forskarar og publikum har vist interesse for så langt tilbake som 1600-talet. Mange ulike forsøk har blitt gjort for å prøve å kunne forstå kvifor dei enda der. Problemstillingane mine i denne avhandlinga dreiar seg i hovudsak om dette. Nedanfor vil eg legge fram resultat og dei tolkingar eg har gjort, for å prøve å sjå svaret på kvifor nokre menneske i yngre bronsealder og eldre jernalder i Danmark hamna på botnen av ei myr i staden for å bli gravlagde på tradisjonelt vis.

Noko som avgjort har gjort og framleis gjer folk interesserte i myrlik er knytt til spørsmålet om vald og tortur. Mange av lika viser tydelege teikn på kroppsskader. Det kan vere vanskeleg å avgjere om skader er påførte før eller etter døden. Ettersom fleire av myrlika er over 2000 år har ein del viktige spor, som normalt sett kunne gitt forskarar svaret, vitra vekk. Til dømes hadde Borremosemannen frå 1946 ein broten fot. Om dette var før eller etter at han vart plassert i myra er umogleg å få svar på. Derimot er det nokre av lika som viser tydelege teikn på at dei vart tekne livet av før dei hamna i myra. Eit godt døme på dette er Grauballemannen. Strupekuttet hans som går frå øyre til øyre ser ut til å ha blitt påført han frå ein person som stod bak han.

Diverre er heller ikkje Grauballemannen eit enkelt myrlik å forklare. Ein kan her forstå korleis han døydde, men ikkje kvifor.

Om Grauballemannen og andre myrlik var straffa kriminelle som vart kasta i myra eller om dei var offer i religiøs forstand er moglege forklaringar som skal vurderast. Nedanfor vil eg sjå på myrlik i forhold til vald, religion og samfunnsendringar, men først vil eg samanlikne myrlik frå katalogen. Dette vil eg gjere for å sjå om det er eventuelle fellestrekk mellom myrlika som skil seg ut.

7.1. Kva fellestrekk deler myrlika?

Ei problemstilling eg har sett for denne avhandlinga er om ein kan samanlikne myrlik frå yngre bronsealder og før-romersk jernalder i Danmark for å kunne forklare kva som gjorde at dei hamna i myra. Datering vert ikkje omhandla i dette kapitlet. Eg har valt ut nokre døme, og desse gjev ikkje eit tidsrett bilete. I det utvalde materialet er det berre to myrlik som truleg stammar frå yngre bronsealder. Det bør understrekast at dateringane ikkje er nøyaktige, og at det i tillegg er tre myrlik i katalogen som ikkje er kolstoffdatert. Eg vil likevel nemne datering kort der dette er høveleg. Nedanfor vil eg fokusere på geografisk plassering, kva utstyr og kle dei hadde med seg, og sjå på mogleg dødsårsak.

I kapittel fem er det skrivi at myrlik i Danmark stort sett var å finne på Jylland. I sør var det færre tilfelle av lik enn i midtre, austlege og nordlege del. På vestkysten var det få eller ingen lik registrerte. At dei var å finne på Jylland framfor mellom anna Sjælland kan forklarast med at det på Jylland finnast høgmyrer som har eit godt bevaringspotensial når det gjeld organisk materiale. Som skrivi i kapittel fem vil eit menneske lagt i myr på Sjælland som oftast bli til eit myrskjelett og ikkje eit myrlik (Boe, pers.med). Dette forklarar ikkje kvifor det nesten ikkje er funne myrlik på vestkysten av Jylland. Ei årsak til dette kan vere at den same tradisjonen ikkje har eksistert der som på resten av Jylland. Til dømes er det mogleg at landsbyar og samfunnsgrupper på vestkysten hadde andre type ressursar eller eit anna type levesett enn andre stader på fastlandet. Ei anna årsak som kan forklare at funn i desse områda er sjeldne, kan vere bevaringsforholda. At det ikkje er funne myrlik på vestkysten treng ikkje bety at det aldri har vore nokon der. Det kan mellom anna skuldast at lik

som vart nedlagt forsvann ettersom dei vart plassert i myra på ei ugunstig årstid. Som skrive i kapittel fem er dei beste bevaringsforholda i myr når det er kaldt i vêret. Som skrive i kapittel to vart det på 1500-1600-talet funne myrlik, men som ikkje vart spart eller registrert fordi finnarane ikkje hadde noko å tene på å gjere dette (van der Sanden, 1996: 38-39).

Når det kjem til utstyr som myrlik hadde ved seg, kan ein blant anna sjå at til dømes våpen er fråverande. Våpennedlegging er noko som ikkje var uvanleg i perioden frå yngre bronsealder og før-romersk jernalder. Eit døme på dette er Hjortspring-båten frå øya Als. Båten vart truleg lagt ned i før-romersk jernalder, og var om lag 20 m lang. Båten inneheldt våpen som jernsverd, spydhovud og skjold; i tillegg var det kvardagslege saker som bollar, kassar og smedutstyr. Under båten låg ein partert hest. På andre stader i same myra låg det bein etter ein stor hund, ein kvelp og eit lam (Glob, 2004: 187-188). Ein veit ikkje om desse dyra vart lagde i myra på same tid som båten. Tolkinga som ligg bak dette funnet har vore at denne båten kom med 22 menn som vart nedkjempa av ein fiendestyrke. Heile båten med utstyr hadde då moglegvis blitt myrslagde som eit offer til gudane (Hvass, 1980: 59, 94).

Trass i at det er funne våpen er dette ikkje noko som vart kopla mot myrlegging av menneske. Gjenstandar generelt er noko ein ser lite av saman med lika, med unntak av den spesielle kammen som låg ved Huldremosekvinna. Det som oftast er å finne er tekstilar av ulike slag. Dette kan vere kapper, tepper eller liknande. At det ikkje er gjort større funn av gjenstandar og våpen kan ha fleire grunnar. Lat oss sjå litt på dette.

Om dei var straffa kriminelle, dei som vart lagde i myra, kan dette vere grunnen til at dei ikkje fekk med seg noko særleg. Grauballe mannen, til dømes, var heilt naken i myra, hadde ingen artefaktar med seg, og i tillegg ser det ut til at han vart drepen. Ravnholtmannen hadde heller ikkje noko særleg med seg, med unntak av skinnhetta på hovudet. Huldremosekvinna vart funnen med ein kam laga av gevir. Denne er sett på som særspesiell sidan det ikkje er gjort liknande funn frå oldtida. Om ho var ein avretta kriminell, ville ein då tillate at ho fekk med seg noko verdifullt i grava? Sjølv om det ein ikkje har funne liknande kammar frå denne perioden, treng det ikkje nødvendigvis bety at den var spesiell for dei. Ein kan spørje seg om ho likevel hadde


fått med seg noko slikt i grava, uansett om den var verdifull eller ikkje. Det same er tilfelle med liket frå Borremose. Ved likets arm låg det eit keramikkar. Ingen av dei andre har keramikk med i myra. Kvifor skjedde det i dette høvet? Om ein tenkjer seg at myrlik var vanlege menneske som vart ofra til ein guddom, vart kanskje ein personleg eignelut akseptert.



Figur 14. Keramikket som låg ved liket frå Borremose (van der Sanden, 1996: 94).

Det kan vere interessant å merke seg at det er ein forskjell på kor mykje tekstilar og gjenstandar lika hamna i myra med. Huldremosekvinna var eitt av få lik som hadde relativt mykje materiale med. Medan ho mellom anna hadde to lammeskinnskapper, eit sjal festa med ei nål, den nemnde kammen av gevir, eit skjørt og nokre snorer med seg, er det andre lik igjen som nesten ikkje har noko. Borremosekvinna hadde berre eit slags ullteppe eller eit skjørt med seg. Grauballemannen hadde ikkje nokon form for kle eller utstyr. Han var etter alt å dømme heilt naken og åleine fram til han vart funnen. Kvifor var det slike skilnader? Kan hende var det fordi dei hadde ulik status i samfunnet. Om ein ser bort i frå at dei var straffa kriminelle og heller tenkjer seg at dei var offer til ein heilag guddom, kan det vere mogleg at dei tok offer frå dei ulike samfunnslaga. Kanskje var Huldremosekvinna av høg byrd, medan Grauballemannen kanskje var ein fattigkar. Som skrivi i katalogen er det vurdert av mellom anna Glob (2004:56) at Grauballemannen ikkje hadde vore av arbeidarklasse ettersom linjene på hendene var så fine. Derimot hevda Boe (pers.med), som skrivi i kapittel fire, at arkeologen John Coles meinte dette ikkje hadde noko å sei. At etter om lag 2000 år i

myrvatnet ville alle menneske sine hender bli like reine og fine som Grauballemannens. Dette ville difor ikkje vere eit godt nok argument for å hevde at Grauballemannen hadde høg sosial status.



Figur 15. Sjalet til Huldremosekvinna (Glob, 2004: 81).

Ei anna mogleg forklaring kan vere at Huldremosekvinna er datert til romersk jernalder. Ho er, kan hende, det yngste myrliket i katalogen. Kanskje var det endringar i måten dei myrta lik på i romersk jernalder samanlikna med kva som var vanleg i før-romersk jernalder. Sidan kolstoffdatering er ein upresis dateringsmetode er det mogleg at Huldremosekvinna var frå før-romersk jernalder. I tillegg er Auningpiken datert til år 1.f.Kr og kan vere frå romersk jernalder. Dette liket hadde ikkje så stor samling av tekstilar som Huldremosekvinna. Ein kan heller tenkje seg at det var noko spesielt med Huldremosekvinna, enn at det var etablert ein ny tradisjon for myrlegging.

Det er vanskeleg å slå fast korleis dei mange av myrlika møtte si endelikt. Nokre av dei har i dag forsvunne og kan difor ikkje forskast meir på. Det ser ut til at det generelt er brukt tre former for avretting. Dette er henging/kveling, halshogging og strupekutt. Tollundmannen, Borremosemannen og Ellingkvinna var alle funne med eit reip kring halsen. Det er mogleg at dei var anten hengde eller kvelte. Liket frå Krogens Møllemose vart funne med ei slags løkke, og det er difor mogleg at det handlar om kveling. Stidsholthovudet og Roumhovudet er resultat av halshogging,

men om dette skjedde før eller etter at dei døyde veit ein ikkje. Kroppane deira vart aldri funne. Grauballe mannen døydde mest truleg av eit strupekutt som gjekk frå øyre til øyre. Dette er òg moglegvis det som tok livet av Ravnholtmannen. Når det kjem til dei resterande myrlika, det vere seg Haraldskærkvinna, Auningpiken, liket frå Borremose og Borremosekvinna er ein meir usikre på dødsårsak. Ein kan sjå i katalogen at begge lika frå Borremose hadde knuste skallar. Dette kan moglegvis ha vore det som drap dei, men det kan òg ha vore tyngda på myra som pressa ned mot hovudet deira. Korleis ein kan vurdere dei ulike dødsårsaker vil eg komme attende til seinare.



Figur 16. Biletet viser Tollundmannens reip rundt halsen (Fischer, 2007: 27)




Figur 17. Reipet rundt Borremosemannen er lik reipet rundt Tollundmannens hals (Fischer, 2007: 117).

Basert på tilgjengeleg materiale kan det sjå ut til at kjønnsfordelinga er nokolunde lik. Det tykkjest ikkje vere fleire menn enn kvinner som vart myrslagde. I katalogen er det fleire kvinner enn menn, men blant kjende funn er det stort sett like mange av kvart kjønn. I det danske materialet, i motsetnad til det tyske og nederlandske, er det ikkje gjort funn av born i myr (Fischer, 2007: 124). Ved liket frå Borremose var det funne nokre bein som kunne ha vore frå skjelettet til eit spedborn (Glob, 2004: 93). Dette liket har det vore mykje diskusjon rundt når det gjeld kjønnsbestemming. Nokre forskarar meinte at det måtte vere ei kvinne sidan beinrestane moglegvis var frå eit lite born (Fischer, 2007: 118). Dette har det vore for lite forskning på og ein kan difor ikkje vere sikker. I så tilfelle skil dette myrliket seg frå alle dei andre i Danmark. Kan hende hadde dette mennesket tatt livet av barnet sitt og måtte difor bøte med livet. Jamt over ser det ut til at tradisjonen for nedlegging av menneske i myr var for dei vaksne. Om myrlik er eit resultat av straffa kriminelle, kan det vere at ein ikkje nytta same straff for born som for vaksne. Om dei var eit resultat av gåve til gudane kan det vere at born ikkje var like spirituelt tilgjengelege som vaksne, og at det berre var menneske i ein viss alder, eller som hadde gjennomgått eit viss ritual, som var verdige for ofring.

7.2. Myrlik og vald

Som skrive i kapittel tre kan vald handle om fleire forhold. Det kan til dømes vere snakk om fysiske gjerningar, eller bli brukt som tvingande trugslar om fysiske handlingar (North et.al, 2009:13). Rundt om i Danmark kan ein sjå i frå yngre bronsealder og før-romersk jernalder at enkelte landsbyar var bygde med kringliggande forsvarsverk. Dette kan tyde på at folk hadde behov for å forsvare seg mot andre. I tillegg til at desse skansane kan ha fungert som eit forsvarsmiddel, kan dei òg ha fungert som trugsmål eller ein måte å vise makt på. Ved å sette opp vollar og skansar rundt eit område ville ein på denne måten indikere at dette er eit område ein ikkje kan spasere rett inn i. Som skrive i kapittel tre kan vald vere ein måte å forme det sosiale landskap på og å vise ein ideologisk tanke for eit offentleg publikum. Ettersom vald utan eit publikum valdar skade, men står utan eit sosialt poeng, vil kanskje dette forsvarsverket stå som eit symbol på makt og viljen til å kunne utføre valdelege handlingar (Schmidt og Schröder, 2009: 3-4)

Myrlik er oftast assosiert med ein valdeleg død. Det er nokre av myrlika som er funne i Danmark som ikkje har nokon klar dødsårsak, men dei fleste har ei eller anna form for skade på kroppen. Er dette resultatet av fleire valdelege handlingar som har sett spor, eller er det det tunge myrlaget som har forårsaka det? Om ein ser på figur 18 ser ein at hovudet til Borremosekvinna er knust. Kva som er årsaka til dette veit ein ikkje. Ei tredje forklaring kan vere at torvgravarane eller andre har råka kroppane, men det er kan hende liten sjanse for at dei påførte lika fleire skader. Det er kjende tilfelle der nokre av torvgravarane har kutta av ein fot, som til dømes på Ravnholtmannen, eller ein arm, men i desse høva har det som oftast vore tydeleg kva skade dei har gjort. Om ein reknar med at myrlika har fått ligge i fred fram til dei vart funne i moderne tid, og at torvgravarane har påført minimal skade på kroppane, kan ein tenkje at nokre vart utsette for valdelege handlingar.



Figur 18. Borremosekvinna (Fischer, 2007: 175).

Årsaka til at det er vanskeleg å vite om det handlar om vald eller ikkje, heng saman med fleire faktorar. For det første er ein sikker studie heilt avhengig av tilstanden til lik. Di dårlegare tilstanden er, di vanskelegare er det å føreta ein sikker analyse. Ein annan faktor som spelar inn er behandlinga lik fekk før og etter utgraving. Ein del av myrlika vart forska på lenge etter at dei var tekne opp. I mellomtida hadde dei tørka ut og krympa ein del (van der Sanden, 1996: 154). At dette skjedde kan ha ført til ei sletting av viktige spor, som igjen ville gjere det vanskeleg å komme fram til ein truverdig konklusjon.

Definisjon av omgrepet vald kan variere, men ofte handlar det om å påføre andre menneske skade. Påføring av skade vil vere av dei viktigaste elementa. Om til dømes Tollundmannen eller Ellingkvinna var blitt kvelt eller hengt, utan andre angrep på kroppen, vil dette kunne definerast som ei valdeleg handling. Uavhengig av intensjon er dei blitt utsett for vald. Dei er påførte skade, og døden var truleg resultatet av handlinga. Døden kan ha vore sjølvpåført, men dette kan vere vanskeleg å fastslå. Det er uvanleg å konkludere at desse to tok sine egne liv, men ein kan ikkje forkaste alternative forklaringar. I tida då dei levde var det vanleg å brenne dei daude og deretter gravlegge dei. Om dei hadde teke sine egne liv mista dei kanskje høvet til å verte gravlagde på vanleg måte.

Eit anna døme er Stidsholt-hovudet, som vart funne i 1859. Dette mennesket vart nok utsatt for ei eller annan form for vald. Det som forskarar går ut ifrå var ei kvinne, hadde vorte halshoggen. Resten av kroppen vart aldri funnen, så det er ikkje mogleg å sjå om ho hadde vore utsett for andre overgrep enn sjølv halshogginga. Halshogging i seg sjølv må definerast i kategorien vald. Bakgrunnen for halshogginga kan derimot vere uklar, og ha fleire årsaker. Det kan ha vore ei ulukke, sjølv om det skal sterke krefter til for at eit hovud losnar frå kroppen. Om ein definerer valdelege handlingar som å påføre skade, kan ein sei at halshogging er ei valdeleg handling. Problemet med Stidsholthovudet og andre halshogne myrlik, er at ein ikkje kan vite om halshogginga skjedde før eller etter at personen var død. Bevisst halshogging av eit allereie dødt menneske må likevel vurderast som ei valdeleg handling.

Tacitus (1921: 29) skriv at utruskap var sjeldan omtala. Om det skjedde, og om dette vart oppdaga, skulle straffa utøvast av mannen. Ei slik straff kunne vere at han klipte håret kort på si skuldige hustru, og deretter jaga ho gjennom landsbyen med piskeslag. Som ein kan sjå i katalogen var dette eit antyda scenario rundt måten Borremosekvinna døydde, og dette er skildra slik Tacitus har skrive; ei utru kone som vart teken av mannen sin. Håret på hovudet vart først klipt kort, og ho vart deretter jaga ut av landsbyen og inn i myrlandskapet. Etter at folk frå landsbyen hennar hadde greve eit hol i myra og gjeve henne fleire slag i hovudet, dumpa dei henne i myra og holet vart fylt att (Coles og Coles, 1989:197). Eitt av problema ein støytar på knytt til dette biletet av Borremoskvinnas død, er at ho ikkje har forsvarsmerker på armane, noko som ein kan tenkje seg hadde vore logisk. Om ho hadde vore under angrep og ho var ved medvit då det skjedde; er det normalt å tenkje seg at ho ville gjort eit forsøk på å forsvare seg mot dei som utførte desse handlingane.



Figur 19. Rekonstruksjon av Borremosekvinnas mogleg død (Hvass, 1980: 109).

I følgje Karen Margrethe Boe (pers.med), museumsinspektør ved Silkeborg museum, er ikkje dei danske myrlika utsette for anna vald enn det som har ført til døden. Ho nemner at Michael Gregersen, rettsmedisinar ved Århus universitet har undersøkt fleire danske myrlik og konkludert med at det ikkje er mogleg å påvise om skadane som er påført lika har skjedd før eller etter døden, men at det i dei fleste høva var snakk om etter døden. Til dømes hadde Huldremosekvinna ein arm som var hoggen av. Her trur Boe at skaden skjedde då torvkuttarane hakka ned i torva, og at dei altså hogg av henne armen. I tillegg er torva som ligg over lika veldig tung. Enkelte av lika har lege fleire meter under torva. Ei høgmyr fungerer òg som ein svamp. Den er i rørsle. Dette kan føre til skade på menneskekroppen. Boe nemner at Gregersen meinte at den einaste skaden som truleg vart påført før døden, er Grauballemannens brotne fot (Boe, pers.med).

7.3. Var det bruk av vald?

I fylgje forskarar er det altså umogleg å sei noko om myrlik ein gong vart utsette for vald ved å bruke medisinsk vitskap. Kva om ein ser det i eit arkeologisk perspektiv? I kapittel seks ser vi mellom anna at dei starta i yngre bronsealder med å bygge fort på bakketoppar, eller palisadar i lågare terreng (Vandkilde, 2007:155). Dette kan ein

tolke som at det vart meir urolige tider, og at folk hadde eit større behov for å forsvare seg. Når det kjem til gravmateriale var det i enkelte område til tider store graver med eit stort tal av gravgoods saman med dei daude (Cunliffe, 2001: 305). Arkeologiske artefaktar, som til dømes våpen og krigsutstyr, kan påvise trugslar om vald, men ikkje i kva grad valdelege handlingar vart utførte. Sidan dei la verdifulle saker i gravene kan ein tenkje seg at dei hadde ein viss rikdom. I kapittel tre skriv eg at ut frå konflikhtar kan vald oppstå, og at konflikhtar oppstår igjen frå konkurranse. Urolege tider i yngre bronsealder og før-romersk jernalder kan ha oppstått grunna konkurranse om velstand. Arkeologiske funn av våpen og krigsutstyr kan òg vise at det var urolege tider. Krig er ei form for vald som vert nytta for å kunne dominere andre.

Ein kan tenkje seg at det i yngre bronsealder og før-romersk jernalder var snakk om hierarkiske element i samfunnet. Dette kan ein til dømes sjå ved at det var nokre graver som var større enn gjennomsnittsgrava, og at desse vart plasserte utanfor dei store urnefelta. Her var det gravgoods som drikkesett, våpen og rustningar. I enkelte høve var det òg gravsetting med vogner (Kristiansen, 2000:113-114). Med eit hierarki i samfunnet må toppsjiktet inneha makt for å kunne halde kontrollen. Sosial rangering, som skrive i kapittel tre er nemleg ikkje ein del av menneskets natur, men vert oppretthalde av ein sosial kontrakt som tvinga den naturlege tilstanden til menneskeætta og individas dragnad (Otto et.al, 2006:31). For å oppretthalde makta kan det ha vore snakk om bruk av vald. Vald er ein viktig ingrediens i skapinga av sosiale forhold og står fram som eit sterkt haldepunkt for oppbygging av sosial kontroll og makt (Aijmer og Abbink, 2000: xi, 1).

Med dette biletet av yngre bronsealder og før-romersk jernalder ser ein at myrlik frå desse to periodane truleg levde i ei tid som var prega av uro. Festningar vart bygde, anten for å halde uvedkommande ute, eller for å sikre rikdommen innanfor. I kapittel tre har eg skrive at alle samfunn, i notid og fortid, vil oppleve element av vald. Douglass C. North (et.al, 2009: 13-14) hevdar at det ikkje finst samfunn som prøver å gje seg i kast med valdsproblem ved å eliminere det heilt. Metoden som fungerer best vil vere å freista å kontrollere det. Ein kan heller ikkje måle bruken av vald i eit samfunn, ettersom vald består av mange ulike element. Sidan ingen samfunn kan unngå vald totalt, og på bakgrunn av arkeologiske funn frå yngre bronsealder og før-romersk jernalder, var vald, så og sei kvar dagskost for fortidas menneske, anten i

form av fysisk vald eller i form av trugslar om vald. Ein kan difor tenkje seg at menneske og myrlik frå desse to periodane vart utsette for vald. Det er sjølvsagt mogleg at nokre av myrlika døydde ein naturleg død, men ut i frå materialet i denne avhandlinga vil eg argumentere for at dei fleste av desse vart myrda. Ettersom mord er eit resultat av vald vart difor menneska som enda som myrlik, om ikkje alle, utsett for ei eller anna form for vald.

7.4. Religion og ofring

Som skrive i kapittel tre kan vi tru at topplaget i eit samfunn som vi i dag vil kalle staten, truleg var basert på religion i forhistorisk tid (Otto, et.al, 2006:40). Religionen var altså truleg ein stor del av kvardagen til menneska i yngre bronsealder og førromersk jernalder. Gravskikken frå desse periodane var i Danmark kremasjon. Eg argumenterer derimot at ein heller kan tenkje at myrlik i desse to periodane ikkje bør sjåast i samband med gravskikkane i frå desse periodane, men heller sjåast i samband med offertradisjonane. Dette er fordi myrlik viser meir likskap til offertradisjonane frå desse to periodane enn dei gjere til gravskikken.


Som skrive tidlegare er det gjort mange funn av det ein kan tru er offergåver plassert i myr. Ein kan kanskje difor vurdere myrlik som gåver til gudar og at dei ikkje lengre vart sett på som menneske. Det som er problemet med denne komparasjonen er nettopp det eg har skrive i kapittel seks er at det meste av offerfunn i Danmark er funne på øyene og ikkje på fastlandet (Brøndsted, 1966: 163). Dette viser stor motsetnad til funn av myrlik, som i hovudsak er funne på Jylland. Myrlik har visse element til felles med offernedleggingane, men ikkje når det kjem til lokalitet. Kvifor var det slik? I kapittel fem har vi sett at det omtrent ikkje har vore myrlik å finne på øyene i Danmark. Om ein tenkje seg at myrlik var offer til guddommar, er det merkeleg om dette berre skulle utførast på fastlandet. Eit argument for dette kan vere at dette området hadde nær kontakt med germanske område i sør. Det er funne eit stort tal av myrlik i mellom anna Tyskland. Det er kanskje mogleg at dette var ein tradisjon som først tok til der for deretter å få fotfeste på Jylland.

7.5. Vart dei ofra?

Som skrive i kapittel tre var ofring ein metode folk nytta for å komme i kontakt med gudane. Gudane oppheldt seg i ei anna verd enn det menneska gjorde, og ofring vart

då ein måte å oppnå kommunikasjon på (Leach, 1976: 81). Det var truleg slik at ulike gjenstandar og materiale vart ofra til ulike gudar.

Ein kan tenkje seg at eit område, som ei myr der vatnet ligg stille og mørkt, kan vere inngang til ei underverd - ein stad der ein kunne komme i kontakt med dei gudane som hadde med underverda å gjere. Dette kan òg forklare kvifor dei valde å gravlegge dei djupt i myra. Ved å plassere lika djupt ville dei kanskje ha lege rett ved inngangen til gudane. Kanskje dette òg kan vere forklaring på kvifor nokre av myrlika hadde greiner og kvistar plasserte over brystet. Haraldskærkvinna hadde, til dømes, trekrokar lagde over brystet. På grunn av desse vart det i første omgang veldig vanskeleg for utgravarane å fjerne henne frå myra. Kanskje dette vart gjort nettopp fordi dei skulle sikre seg at kroppen vart verande på denne staden - ved inngangen til underverda. Ved å plassere slike greiner på liket kunne dei i tillegg hindre at det flaut opp til overflata der dei ville bli tilgjengelege for dyr og insekt, og at nedbrytingsprosessen då ville byrje. Kor mykje kunnskap dei hadde om nettopp nedbryting veit ein ikkje, men ein kan tenkje seg at dei forstod ein del. Til dømes hadde nok nokre av desse menneska sett dyr i skogen som heldt på å rotne vekk. Om dei derimot forstod at dei ville hindre denne rotningsprosessen ved å plassere liket djupt nede i myra, er vanskelegare å påstå. Difor vil ein heller kunne tru at myrlik vart festa fast på botnen av myra fordi dei på denne måten alltid var tett innpå gudane. Ei anna forklaring kan vere at dei var redde for at lika skulle klyve opp att frå myra. Det var nok tilfelle av overtru i yngre bronsealder og før-romersk jernalder. Det er mogleg at dei var redde for kva den daude kunne finne på om vedkommande kom seg fri frå myrlandskapet. Det at myrlik er funne med kvistar eller greiner lagt over kroppen er i seg sjølv eit bevis på at desse menneska bevisst vart myrlagde. Det kan vanskeleg tenkast at desse hamna i myra ved ei ulukke når ein ser desse kvistane.



Figur 20. Måten dei var "haldt" fast i myra varierte (van der Sanden, 1996: 100).

Glob (2004: 163,166) meinte at han kunne bevise at myrlik var offer til kvinnelege gudar ved å samanlikne halsløgger funne rundt myrlik, som til dømes Tollundmannen og Borremosemannen. Dei hadde ulike halsringar av metall frå bronsealderen og førromersk jernalder. For å støtte opp under dette viste han til den kjende Gundestrupkjelen. Han meinte at ein kunne sjå ei av desse gudekvinnene avbilda på kjelen (Glob, 2004: 166-167,171). På utsida av denne kan ein sjå ei kjærleiksgudinne med ein fugl i handa og med andre fuglar og dyr rundt henne. Ved sida av denne kjærleiksgudinna står det to andre kvinner. Den eine har same type kjole på seg som Huldremosekvinna hadde. Over henne kan ein sjå ein hund. Glob meinte at dette kunne bety at ho òg var gudinna for døden. Dette er styrka av at det nedanfor henne ligg ein daud mann og ein daud hund. Alle gudinnene på Gundestrupkjelen har eit tvinna band som går over panna. Glob hevdar at dette er same type band som ein kan sjå igjen hos ulike myrlik (ibid:173). Døme på myrlik som har liknande band med seg i myra er blant anna Stidsholthovudet og Huldremosekvinna. Dette er ei interessant tolking, men som kan verke noko veik. At Huldremosekvinna har same type kjole som den eine kvinna på kjelen treng ikkje å bety noko meir enn at det var ei slik type klesdrakt som var vanleg på den tida. Om dette var ei klesdrakt som var for dei rike, kan det tenkast at Huldremosekvinna høyrte til i samfunnets øvste sjikt. Det var heller ikkje alle myrlika som hadde band med seg. Det kan godt tenkast at myrlik var religiøse offer, men ein bør òg sjå på andre faktorar i tillegg til det Gundestrupkjelen fortel.

Kvifor, om det var snakk om ofring, fekk dei ikkje fleire gåver med seg i? Kanskje fordi å ofre eit menneske i seg sjølv var nok? Kanskje det ikkje var ynskjeleg å blande offergåvene. Som skrive tidlegare er det mogleg at offergåvene hadde ulike formål. At til dømes våpen og krigsutstyr vart ofra til ein spesiell gud, medan kvinneutstyr som halsringar og smykke skulle ofrast til ein annan. Det kan difor vere at menneskeofring ikkje skulle blandast med artefaktar og materiale som var meint for andre gudar. Eit anna forslag kan vere at desse heilage stadane ikkje skulle plyndrast av tjuvar. Det var ikkje uvanleg at offergåver i yngre bronsealder og eldre jernalder vart øydelagde før dei vart lagde ned i myr, nettopp fordi dei ikkje skulle bli tatt opp att eller forstyrrast av andre (Hvass, 1980: 59). Det kan difor vere, at for å unngå plyndring av dei heilage stadane, skulle ikkje menneska ha eignelutar som kunne tiltrekke tjuvar med i myra.

Dersom myrlika vart ofra til gudar, kvifor valde dei ulike måtar å drepe dei som skulle ofrast? Her kan vi igjen sjå på Gundestrupkjelen. På denne er det skildra eit menneske som står bøygd, og der blodet strøymer ned i ein kjele (Coles og Coles, 1989:197). Kan hende ein del av ofringa var å skilje blodet frå kroppen. Blodet skulle ofrast for seg, og sjølve mennesket for seg. Grauballemannen, som har eit kutt som går frå øyre til øyre, kan vere eit slikt døme. Ved å kutte strupen på denne måten vil det renne ein del blod som kunne samlast opp. Det same kan gjelde for Ravnholtmannen. Ettersom huda hans var intakt på alle stader utanom under haka er det mogleg at han vart strupekutta, og då moglegvis for blodofring. Det kan til dømes vere at ein kjele som Gundestrupkjelen vart brukt til slik blodofring. Den kunne fungere som ein behaldar eller oppsamlar. Kanskje vart slike kjelar nedlagde innehaldande blod. På grunn av at Gundestrupkjelen ikkje var heil, men vart funne som fragment, er det truleg at den var nedlagd, og ikkje gøymd bort. Den var ikkje verna frå skade då den vart nedlagd i myra, noko som hadde vore sannsynleg om den skulle bli spart for seinare bruk (Glob, 2004: 176-177).

7.6. Vald kopla mot religion

Ein av mine problemstillingar i denne avhandlinga er om det finnast ein samanheng mellom vald og religion som kan koplast opp mot myrlik. Om dette var tilfelle, og om

det var særskilte faktorar i yngre bronsealder og eldre jernalder som er resultat av dette.

Under delkapittelet om makt – sosial kontroll i kapittel tre - har eg skrive at det finst fire former for sosial makt. Desse er politisk, økonomisk, ideologisk og militær makt. Ein som innehav makt, det kan vere ein høvding, ein prest eller ein krigar, må føye saman fleire former for makt for å kunne behalde sin posisjon (Otto et.al, 2006:100). Ved å kople verdsleg makt mot guddommeleg ville ein på denne måten kunne ha eit overtak på dei underordna.

Tacitus (1921:15) har skrive at prestane i Germania var dei som hadde dommarmynde. Dei var ansvarlege for domsnedlegging i alle spørsmål. Dei kunne legge den kriminelle i lenker og straffe han eller henne med piskeslag. Årsaka til at prestane fekk dette ansvaret, var at dette ikkje medførte ei kjensle av hemn eller militær straff, men at det var ei straff pålagd av gudane. Det var difor mogleg å blande vald med religion. Vald vart kanskje heller ikkje sett på som grusom når det var utført i regi av gudane.

Som skrive ovanfor og i kapittel tre består vald av fleire faktorar. Tvang involverer bruk av vald eller trugslar om vald. Fysiske valdelege gjerningar treng ikkje å bli tekne i bruk for å endre åtferd. Tvang kan vere det å tvinge nokon til å gjere noko dei ikkje ynskjer å gjere. Det er gjerne det siste elementet ein tenkjer på når ein høyrer ordet ”tvang”. Om det er tilfelle at myrlik var offer for gudane kan ein spørje seg om dette var noko friviljug. Var det ein ære å bli ofra? Eller var det noko dei var tvungne til å gjere? Lund (2002: 30) skriv om Tacitus sine skildringar av myrlik. I fylgje han meinte Tacitus at myrlik var eit uttrykk for ein gammal germansk straffeform. Som skrive i kapittel to meinte han at det var feige menn, homoseksuelle menn og kvinner som vart straffa ved å bli senka ned i myrane. Om dette var tilfelle var det kanskje ikkje berre snakk om eit offer til gudane, og truleg heller ikkje om ei friviljug handling.

Under delkapittelet om vald har eg skrive om festningsverka som vart sette opp kring enkelte landsbyar i Danmark i yngre bronsealder og eldre jernalder. Kvifor desse vart bygde kan ha fleire forklaringar. Om dette betydde at dei hadde eit behov for å

forsvare seg mot ytre trugslar, kan det innebære at dei i større grad enn før trengde guddommeleg hjelp, og at dei difor måtte ofre mykje. Ein vil kunne hevde at det å drepe eit menneske for ein guddom er eit stort offer, i alle fall i dagens samfunn. Kanskje var det slik for våre forfedrar, òg. Ved å gå så langt at dei ofra eit menneske kan dei ha sendt eit tydeleg signal til gudane om at dei trengde hjelp.

Ein stad som her er særst interessant er landsbyen Borremose på Jylland. Som skriv tidlegare vart denne teken i bruk mellom 300 til om lag 100 f.Kr. Etter dette vart landsbyen brend (Solberg,2006:36). I dette området er det funne tre myrlik. Alle desse tre lika har blitt ¹⁴C-datert til tida før landsbyen Borremose vart til. Liket frå Borremose, som ein ikkje veit om er kvinne eller mann, er datert til 430 f.Kr. Borremosekvinnen er frå om lag 770 f.Kr og Borremosemannen er frå rundt 650 f.Kr. Som skriv i kapittel fire er ikkje ¹⁴C-datering ein sikker dateringsmetode, så om desse har vore eldre eller yngre enn den datering som er sett, kan vi ikkje vere sikre på. Liket frå Borremose kan difor ha vore innanfor perioden der landsbyen Borremose har eksistert. Det bør nemnast at heller ikkje tidsperioden for denne landsbyen er sikker. I tillegg er det vist spor etter bygg av festningsverk i Danmark frå yngre bronsealder òg, så det er truleg at det har vore ei form for aktivitet i Borremoseområdet før denne landsbyen. Det ein sikkert kan sjå frå dette området er eit behov for å forsvare seg, eller eit behov for å vise makt, samt nedlegging av menneske i myr. Det er funne tre lik i dette området, men det kan ha vore fleire nedleggingar av menneske som seinare har forsvunne. Vi kan difor tru at området rundt Borremose har vore ein til dels herja stad. Behovet for skansar saman med ofring av menneske kan vere eit bevis på at det var urolege tider i yngre bronsealder og før-romersk jernalder som kravde større offer enn tidlegare. Med urolege tider kan ein ofte tenkje krig. Ein kan difor argumentere for at myrlik var krigsfangar som deretter vart ofra. Kanskje var det ein hyllest til krigsguden som hadde sikra dei siger.

Spørsmålet ein kan stille seg om desse menneska nedlagt i myr er: vart dei ofra for gudane eller var dei straffa kriminelle? Det ein kan tenkje då er at det eine ikkje treng å utelukke det andre. Kan hende var det dei kriminelle dei valde å ofre. Desse fortente uansett ikkje å leve lenger, og på denne måten kunne dei gjere nytte for seg. Vil gudane derimot akseptere å få ”mindreverdige” frå menneskerasen? Vil ikkje det vere for enkelt for menneska om dei kunne sleppe unna med å ofre menneske som dei

uansett ikkje lengre ynskte å ha i samfunnet? Det kan vere at dei kriminelle handlingane til den dømde var noko som hadde fornærma gudane, og at dei difor kravde den kriminelle sitt liv. Under delkapitlet om religion diskuterte eg kvifor myrlika vart avretta på ulik måte. Om dei til dømes var kriminelle som skulle straffast, er det mogleg at måten dei skulle døy på var avhengig av den kriminelle handlinga dei hadde gjort. Som skrivi i katalogen er det til dømes spekulert i om Stidsholthovudet var resultat av halshogging grunna barnedrap. Straffa hennar kunne difor ha vore halshogging, og at hovudet skulle gravleggast på ein stad, medan kroppen skulle gravleggast ein annan stad (Glob, 2002: 98). Kva som skjedde med myrlik som var halshogne kan vere mange. Ei anna forklaring kan ein kanskje få frå andre kulturar: Dei vest-afrikanske stammene ser på hovudet som sjelas bustad. Hovudet til viktige personar må difor gjennomgå spesielle ritual etter at dei er daude. I nokre tilfelle er hovudet skilt frå kroppen. Nokre gonger er hovudet gravlagt for seg sjølv, medan det andre gonger er gravlagt saman med kroppen. I predynastiske Egypt (perioden før 3100 f.Kr.) var ein av fleire gravskikkar å fjerne hovudet frå kroppen til den daude (Ravn, 2010: 118). Det er difor mogleg at dette var eit rituale dei nytta i enkelte område. Det som kanskje talar mot dette er at det ikkje er funne fleire halshogne lik i det området Stidsholthovudet var funne i. Det er altså ikkje sterke indikasjonar på at dette var ein tradisjon der Stidsholthovudet kom frå.

For at eit lik skal kunne bli bevart i ei myr er det viktig at det er plassert så djupt i myra at nedbrytingsprosessen ikkje startar. Om myrlika ein gong var kriminelle menneske og det ikkje var noko form for ofring med i biletet, kan vi kanskje tru at dei ikkje tok seg mykje bry med kva som skjedde med liket. Å bruke tid og energi på å grave ut ei grav i myra verka som mykje arbeid. Tacitus (1921:21) skildrar nasjonalforsamlingane der dei tar opp klager og der det blir ført opp sak for større brotsverk. Han skriv at straffa for forræderi eller desertering er å bli hengd i galgen, og der sedelighetsforbrytarar og kujonar blir kasta i ei grav eller ei myr. Om myrliket berre hadde blitt kasta i myra og ikkje blitt gravlagt djupt, er det store sjansar for at det hadde rotne vekk. Om vi heller ser på ein kombinasjon av straffa kriminelle som skulle ofrast til gudane kan det vere større moglegheit for at dei valde å gravlegge lika så langt nede i myra som mogleg.

8. OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Denne avhandlingen har i hovudsak dreia seg om kvifor myrlik i Danmark ikkje vart gravlagt på tradisjonell måte, men i staden hamna i ei myr. Ved å samanlikne 13 myrlik med kvarandre, samt sjå dei i lys av samfunnsmessige endringar freista eg å svare på kva som kan ha skjedd med desse menneska.

Den første problemstillinga eg ynskte å svare på var om ein kunne forklare kva som skjedde med myrlika ved å samanlikne dei. Ved å utføre ein komparasjon av myrlik kan ein sjå at dei har mange fellestrekk. Ein kan mellom anna sjå at det i dei fleste tilfelle har vore funne lite gjenstandsmateriale saman med lika, og ingen har på seg ei full klesdrakt. Som oftast har desse menneska på seg kapper av skinn, skinnhetter på hovudet eller ein form for skjørt. At dei hadde desse kappene på seg kan mellom anna tolkast som ein symbolsk gestus. Menneska skulle ikkje vere nakne i myra. I yngre bronsealder og før-romersk jernalder var den vanlegaste gravskikken kremasjon. I nokre tilfelle vart dei brende beina rulla inn i stoff. Det er mogleg at det same ritualet var gjeldande for menneska som vart lagt i myra. I staden for fullstendige klesplagg vart myrlika rulla inn i kapper eller tepper. Ei anna forklaring kan vere at desse var menneske som vart straffa for noko. Om dei til dømes var kriminelle er det mogleg at dei vart nedlagt på ein stad som ikkje var rekna som heilag. Om dette var tilfelle er det mogleg at det var sett på som skamfullt å gravleggast utan gjenstandar og særskilt med klede. Noko som talar mot dette er at myrene i yngre bronsealder og før-romersk jernalder truleg var vurdert som heilage stader. Myrene var stadar ein la ned gjenstandar og materiale til gudane. Denne teorien er i alle fall gjeldande i dag.

I tillegg til tolkingar ein kan gjere ut frå tekstiler og materiale som følgde myrlika, kan dødsårsaka til menneska belyse problemstillinga i denne avhandlingen. Ein kan sjå at det er tre metodar som er brukt for å ta livet av myrlik som går igjen. Desse er kveling/henging, halshogging og kutta strupe. Somme av myrlika vil ein aldri kunne konkludere dødsårsak for, men det er mogleg at også andre avrettingsmetodar enn dei nemnde tre har vore brukt.

Ein kan vurdere det som vanskeleg å forklare kvifor myrlik hamna i myra berre ved å samanlikne dei med kvarandre. Ved å i tillegg sjå på samfunnsendingar i perioden då desse menneska levde kan det kanskje vere mogleg å forstå meir.

I yngre bronsealder og før-romersk jernalder kan ein sjå teikn på urolege tider. Eit anna spørsmål eg ynskte å finne svar på var om det kunne vere ein samanheng mellom vald og religion, og om myrlika kan koplast til politiske endringar i samfunnet.

Det er vanskeleg å konkludere noko med bakgrunn i det materialet vi har om myrlik i dag. Hovudteorien er at dei har vore ofra. Tidlegare var det trudd at dei var straffa kriminelle. Det er godt mogleg at det riktige er ein kombinasjon av desse to teoriane. Eller eit tredje alternativ, der myrlik var krigsfangar. Offer til krigsguden som ein takk for siger. Eg vil argumentere for at myrlika har vore utsett for vald. Dette treng ikkje vere tilfellet for alle, men ut i frå skadane som er vist på desse menneska gjeld dette størstedelen. Ein del av desse skadane kan nok skuldast det tunge myrlaget som låg over myrlika, men nokon av skadane er tydeleg menneskeskapte. Eit godt døme på dette er Grauballemannen. Det djupe kuttet på strupen som gjekk frå øyre til øyre var truleg påført av ein mann som stod bak han. Stidsholthovudet og Roumhovudet vart begge halshoggen. Det er mogleg at dette skjedde etter at dei var daude, men dette er like fullt ei valdeleg handling. Spørsmålet om dei vart utsett for valdelege handlingar vil eg svare ja på, men kan ein knyte det opp mot religion?

Religion var viktig for menneska i yngre bronsealder og før-romersk jernalder. Ein vesentleg del av dette var å ofre til ymse gudar. Nokre forskarar meiner at ulike gjenstandar vart ofra til ulike gudar. Myrlik viser likskap til gjenstandar som vart ofra i myr. Til dømes meinte Glob (2004: 166 -167) at Gundestrupkjelen skildra gudinnene som menneske vart ofra til. Argumenta hans var blant anna at den eine kvinna på kjelen hadde same "kjole" som Huldremosekvinna hadde. I tillegg hadde denne kvinna og dei andre kvinnene på kjelen eit tvinna band som gjekk rundt hovudet deira. Glob meinte at ein kunne sjå att desse banda på nokre av myrlika, til dømes Stidsholthovudet og Huldremosekvinna.

Noko som er interessant når ein prøver å sjå samankoplinga mellom vald og religion er spor etter landsbyar med festningsverk rundt og menneske nedlagt i myr i same område. Landsbyen Borremose og dei tre lika frå Borremose er eit godt døme på dette. Ein kan difor tenkje seg at innbyggjarane i Borremose hadde eit behov for å anten forsvare seg eller sende ut eit skremmande signal til andre. Om ein ofrar menneske kan dette vere eit symbol på at menneska trengde guddommeleg hjelp.

Menneska i myra kan ha blitt eit offer for det valdelege regimet i samtida. Ettersom krigar og maktdominans forma samfunnet, kan det ha vore naudsynt å ty til det ein i moderne tid vil tenkje er ekstreme metodar, å ofre menneske, for å skape balanse. Ettersom det er somme skilnader på myrlika kan det vere at desse kom frå ulik bakgrunn. Til dømes kan det vere at Huldremosekvinna, som er det myrliket med mest materiale og tekstilar, var ei vanleg kvinne, eller ei kvinne frå toppsjiktet, som vart ofra til fordel for fred eller makt. Grauballemannen, som var like naken i myra som den dagen han vart født, kan moglegvis ha vore ein kriminell. Straffa hans kan ha vore at han måtte bøte med livet, bli ofra, til fordel for resten av samfunnet.

Det er altså godt mogleg at dei var straffa kriminelle og at dei deretter vart ofra til gudar, eller at dei var vanlege menneske som vart valt ut som offer. Sjølv om myrlika deler mange fellestrekk er det ikkje nødvendigvis slik at den same forklaringa gjeld for dei alle.

Det er ikkje sikkert at vi nokon sinne vil finne svaret på kvifor desse menneska vart nedlagt i myr. I alle høve er myrlika si historie eit emne som er særskilt interessant og som inviterer til vidare forskning.

Litteratur

- Aijmer, Göran & Abbink, Jon (2000) *"Meanings of Violence. A cross cultural perspective"*. Oxford, New York.
- Asingh, Pauline (2009) *"Grauballemanden. Portræt af et moselig"*. Moesgård & Gyldendal. Slovenia.
- Baefverfeldt, T.V. (2007) *Overkill. En kartlegging av norske moselik fra eldre jernalder, med fokus på mulig rituell overvold"*. Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Berglund, Björn E. Tesch, Stend & Olausson, Deborah (1991) The Late Bronze Age Landscape. *Ecological Bulletins*. Nr. 41. S. 73-77.
<http://www.jstor.org/stable/20113064?origin=JSTOR-pdf>
- Bloch, Maurice (1992) *"Prey into hunter. The politics of religious experience"*. Cambridge University Press, Cambridge.
- Boe, Karen Margrethe (pers.med, 20.01.2012, Silkeborg museum, Danmark).
- Brothwell, Don (1987) *"The Bog Man and the Archaeology of People"*. Harvard University Press, Great Britain.
- Brothwell, D.R. & Pollard, A.M. (2001) *"Handbook of Archaeological Sciences"*. John Wiley & Sons, LTD, England.
- Brøndsted, Johannes (1960) *"Danmarks Oldtid. III. Jernalderen"*. Gyldendal, Danmark.
- Brøndsted, Johannes (1966) *"Danmarks Oldtid. 2. Bronzealderen"*. Gyldendal, København.
- Brøndsted, Johannes (1977) *"De Ældste tider. Danmark indtil år 600"*. Politikens Forlag, København.
- Chamberlain, Andrew T & Pearson, Michael Parker (2001) *"Earthy remains. The History and Science of Preserved Human Bodies"*. Oxford University Press, New York.
- Clark. R. M. (1979). Calibration. Cross-Validation and Carbon-14. I. *Journal of the Royal Statistical Society. Series A (General)*. Vol. 142, Nr. 1, s. 47-62.
<http://www.jstor.org/stable/2344653?origin=JSTOR-pdf>
- Coles, Bryony & Coles, John (1989) *"People of the Wetlands. Bogs, Bodies and Lake-Dwellers"*. Thames and Hudson, New York.
- Coles, Bryony, Coles, John & Jørgensen, Mogens Schou (1999) *"Bog Bodies, Sacred Sites and Wetland Archaeology"*. WARP, UK.
- Coles, J.M. & Harding, A.F. (1979). *"The Bronze Age in Europe. An introduction to the prehistory of Europe c.2000-700 BC"*. Methuen & Co Ltd, Beccles & London.
- Cunliffe, Barry (2001) *"The Oxford illustrated prehistory of Europe"*. Oxford Univeristy press, New York.

- Dark, K. R. (1995) *"Theoretical Archaeology"*. Cornell University Press, Ithaca & New York.
- Fischer, Christian (2007) *"Tollundmanden. Gaven til guderne. Mosefund fra Danmarks forhistorie"*. Silkeborg Bogtrykk A/S, Danmark.
- Glob, P.V. (2004) *"The bog people. Iron-Age man preserved"*. The New York review of books, New York.
- Girard, René (2009) *"Violence and the sacred"*. Continuum. London & New York.
- Gittlemann, John, L. & Luh, Hang-Kwang. (1992). On comparing Comparative Method. *Annual Review of Ecology and Systematics*. Vol. 23, s. 383-404. <http://www.jstor.org/stable/2097294>
- Hvass, Lone (1980) *Jernalderen. 2/Bønder, købmænd og krigskarle"* Sesam, Danmark.
- Hvass, Steen (1985) *"Hodde. Et vestjysk landsbysamfund fra ældre jernalder"*. Akademisk forlag, København.
- Jensen, Jørgen (1979) *"Danmarkshistorien. Bronzealderen. 2/Guder og mennesker"*. Sesam. Danmark.,
- Jensen, Jørgen (2000) *"The Prehistory of Denmark"*. Routledge, New York.
- Jensen, Ola W & Karlsson, Håkan (2001) *"Aktuell Samhällsteori och Arkeologi. Introduktion till processuellt och postprocessuellt tänkande"*. Bricoleur Press, Göteborg.
- Johansen, Øystein Kock (2000) *"Bronse og Makt. Bronsealderen i Norge"*. Andresen & Butenschøn, Oslo.
- Johnson, Matthew (2008) *"Archaeological theory. An introduction"*. Blackwell Publishing, UK.
- Klindt-Jensen, Ole (1962) *"Denmark. Before the Vikings"*. Thames and Hudson, London.
- Kristiansen, Kristian (2000) *"Europe before History"*. Cambridge University press, United Kingdom.
- Lasswell, Harold. D. (1968) The Future of the Comparative Method. *Comparative Politics*, Vol. 1, Nr. 1, s. 3-18. <http://www.jstor.org/stable/421372>
- Leach, Edmund (1976) *"Culture and Communication. The logic by which symbols are connected"* Cambridge University Press, London.
- Levy, Janet E. (1979) Evidence of Social Stratification in Bronze Age Denmark. *Journal of Field Archaeology*. Vol. 6.Nr.1.S,49-56). <http://www.jstor.org/stable/529509?origin=JSTOR-pdf>
- Lund, Allan, A. (1976) *"Moselig"*. Kannike Tryk, Århus.
- Lund, Allan, A. (2002) *"Mumificerede moselig"*. Narayana Press, Gylling.
- North, Douglass C., Wallis, John, Joseph. & Weingast, Barry R. (2009) *"Violence and Social orders, A conceptual framework for interpreting recorded human history"*. Cambridge University press, US.

- Nunn, Charles. L., Mulder, Monique, Borgerhoff., & Langley, Sasha (2006) Comparative Methods for Studying Cultural Trait Evolution: A Simulation Study. *Cross-Cultural Research*, Vol. 40, Nr. 2, s. 177-209.
- Olsen, Bjørnar (2002) ”*Fra ting til tekst. Teoretiske perpektiv i arkeologisk forskning*”. Universitetsforlaget, Oslo.
- Otto, Ton, Thrane, Henrik & Vandkilde, Helle (2006) ”*Warfare and Society*”. Aarhus University Press, Danmark.
- Pearson, Mike, Parker (2002) ”*The archaeology of Death and Burial*”. Texas A&M University Press, US.
- Peregrine, Peter. N. (2004) Cross-Cultural Approaches in Archaeology: Comparative Ethnology, Comparative Archaeology, and Archaeoethnology. *Journal of Archaeological Research*. Vol. 12, Nr. 3, September, s. 281-309.
- Ravn, Morten (2010) Bronze and Early Iron Age. Bog Bodies from Denmark. *Acta Arcaheologica*. Vol. 81. Nr. 1. S, 112-123.
- Ravn, Morten (2010) Bog Bodies as Executed criminals. *Acta Archaeologica*. Vol. 81. Nr. 1. S, 114–115.
- Renfrew, Colin & Bahn, Paul (2000) ”*Archaeology: Theories Methods and Practice*” Thames & Hudson, London.
- Rowlett, Ralph M. (1968) The Iron Age North of the Alps. *Science, New Series*. Vol.161. Nr. 3837. S. 123-134. <http://www.jstor.org/stable/1723905?origin=JSTOR-pdf>
- Sanders, Karin (2009) ”*Bodies in the Bog and the Archaeological Imagination*”. The University of Chicago Press, Chicago.
- Schmidt, Bettina E og Schröder, Ingo W (2001) ”*Anthropology of Violence and Conflict*”. Routledge, London & New York.
- Smith, Laurajane (2004) ”*Archaeological theory and the politics of cultural heritage*”. Routledge, London & New York.
- Solberg, Bergljot (2006) ”*Jernalderen i Norge. 500 før Kristus til 1030 etter Kristus*”. Cappelen Akademisk Forlag, Oslo.
- Tacitus (1921) ”*Tacitus's beskrivelse av Germanien*” oversatt frå latinsk av de Besche, Joh. With & Co's forlag, Kristiania.
- Trigger, G. Bruce (1996) ”*Arkeologiens idéhistorie*”. Pax Forlag A/S, Oslo.
- Trigger, G. Bruce (2006) ”*A history of arcaheological thought*”. Cambridge University Press, New York.
- Turner, R. C. & Scaife, R. G. (red) (1995) ”*Bog Bodies. New Discoveries and New Perspectives*”. British Museum Press, London.
- van der Sanden, Wijnand (1996) ”*Through nature to eternity. The bog bodies of northwest Europe*”. Batavian Lion International, Amsterdam.

- Vandkilde, Helle (2007) ”*Culture and Change in Central European Prehistory. 6th to 1st millenium BC*”. Aarhus University Press, Denmark.
- Wells, Peter S. (1990) Iron Age Temperate Europe: Some Current Research Issues. *Journal of World Prehistory*. Vol. 4. Nr. 4. S. 437-476.
www.jstor.org/stable/25800588?origin=JSTOR-pdf
- Østerberg, Dag (1997) *Sosiologiens nøkkelbegreper og deres opprinnelse*. Cappelen akademiske forlag, Oslo.

Appendix: Katalog av 13 myrlik frå Danmark

Meininga bak denne katalogen er å gje lesaren eit meir oversikteleg bilete av dei 13 utvalte myrlika. For å gjere dette så oversikteleg som mogleg, har eg plassert eitt myrlik på kvar side.

I denne katalogen vil det stå oppført namnet myrliket går under, kva tidsperiode det truleg hørte til og kva for utstyr eller kle som fylgde det i myra. I tillegg vil det stå forklart korleis det låg plassert då det vart funne, og kva for forskning som seinare er utført på det. Det vil også fylgje med eit bilete av myrliket, om det har vore tilgjengeleg. Nokre av myrlika har ikkje vore fotograferte.

i. Ravnholtmannen, 1773

Datert: Er ikkje kolstoffdatert, men er truleg frå eldre jernalder. Dette er basert på skinnhetta som var funne saman med han (Glob, 2004: 66).

4. juni 1773 vart eit myrlik funne i ei lokal myr nær Odense. Funnet vart oppdaga då ein mann ved hjelp av ein spade uheldigvis kutta av kroppens fot. Etter at dei vart var over at dette faktisk var eit menneske var fire menn med på å grave fram det relativt godt bevarte menneskeliket (Coles og Coles, 1989: 10).

i.i. Funnet – posisjon og tilstand

Myrliket var ein mann som låg på rygg, med armane i kryss bak på ryggen, som om dei hadde vore bunden fast. Han var heilt naken i myra bortsett frå ei skinnhette som dekkja hovudet hans. Mannen hadde eit raudleg skjegg og kort hår. Nokre meinte at det korte håret passa saman med bruken av parykk (Glob, 2004: 66). Huda var framleis intakt på alle stader utanom under haka, der ein kunne sjå rett inn til beinet. Enkelte forskarar meiner at dette kan bety at strupen hadde blitt kutta (van der Sanden, 1996: 40-41). Tennene hans såg ut til å ha blitt pressa inn i munnen. På alle andre måtar var kroppen godt bevart og alle lemmene var tydelege, med unntak av den eine foten som hadde blitt kutta av i løpet av torvkuttinga. Det vart òg registrert at det oppå kroppen var plassert eit tal av små kvistar eller greiner. Oppå desse igjen var det lagt små pinnar i kross, som om dette skulle forhindre kroppen frå å flyte eller å klyve ut att frå myra (Coles og Coles, 1989:11).

i.ii. Kle og tilbehør

Det var liten tvil om at det her var snakk om eit tilfelle av ein forhistorisk mann som med vilje var plassert i myra. Skinnhetta som var funne med han er kjend frå samanliknande funn frå tidleg jernalder (Glob, 2004: 66,68).

i.iii. Forsking og datering

Kva som skjedde med Ravnholtmannen er ikkje kjend. Ingenting frå liket har overlevd (van der Sanden, 1996:40-41). Det vart ikkje tatt kolstoffprøver av dette liket, men det vart datert til eldre jernalder på bakgrunn av skinnkappa som var funne saman med han (Glob, 2004: 66).

ii. Haraldskærkvinna, 1835

Datert til: om lag 450 f.Kr. (Fischer, 2007: 106).



Bilete 1, van der Sanden, 1996: 42.

Haraldskærkvinna vart funne i nærleiken av Vejle, Jylland 20. oktober i 1835. Det første som var funne av liket var ein arm og ein fot på ei djupne som ikkje stakk meir enn 1 meter ned i myra (van der Sanden, 1996: 41).

ii.i. Funnet – posisjon og tilstand

Etter at det var registrert at det var snakk om eit menneske prøvde dei å få liket opp av myra ved å dra i det. Dette gjekk ikkje. Dette var overraskande ettersom det såg ut til at kroppen låg i mjuk torv. Etter nøyare gransking såg ein at liket var festa til den underliggande torva ved hjelp av trekrokar som var tredd hardt ned på kvart kne og ved olbogane. I tillegg var det plassert greiner over brystet og mageområdet. Desse greinene hadde òg krokar på endane som haldt liket på plass i myra (Glob, 2004: 74).

På grunn av dårleg vêr måtte utgravinga utsettast, men det vart begynt på att sommaren i 1836 då vêret var betre. I løpet av utgravinga vart eit område på 10 kvadratmeter med torv fjerna og dei gjekk 3 meter ned i djupna, men ikkje noko anna enn åtte krokjar og nokre greiner vart funne. I tillegg til det som allereie var fjerna frå myra året før (van der Sanden, 1996: 41).

Då liket vart løfta frå myra kunne ein sjå at det hadde langt hår og det vart difor konkludert av forskarar at den døde var ei kvinne. Kroppen var hoven, huda var mørk og håret var farga raud-brunt av myrvatnet. Stillinga ho hadde hatt i myra var med hovudet mot aust og andletet retta mot vest (Sanders, 2009: 91).

ii.ii. Kler og tilbehør

Det som var funne saman med Haraldskærkvinnna var ei skinnkappe, ei slags hette og noko som var laga av finveve saueull (Chamberlain og Pearson, 2001: 58). Hetta var av raudleg-brunt lær, truleg av skinn eller ku, og var laga av fleire små betar som var sydd saman (Glob, 2004: 79).

ii.iii. Studiet av Haraldskærkvinnna

Kvinnna vart i 1978 undersøkt av det same teamet med legar og tannlegar som hadde undersøkt andre myrlik som Tollundmannen og Ellingkvinnna. Desse meinte at Haraldskærkvinnna hadde vore om lag 150 cm i live. Då ho vart funne i myra var ho ikkje meir enn 133 cm. Forskarane trur at ho døyde når ho var rundt 40 år, men sjølv dødsårsaka var vanskeleg å komme fram til. (Fischer, 2007:105-106). Nokon trur at ho møtte ein valdeleg død og deretter vart festa fast i myra. Desse meiner nemleg at andletsuttrykket hennar viser skrekk eller fortvilning. Tennene hennar var intakt, men veldig slitte. Sidan huda hennar var veldig rynkete og sidan ho hadde store bryst er det foreslått at ho moglegvis var ei korpulent kvinne. (Glob, 2004: 77).

ii.iv. Myrliket frå Haraldskær – ei mykje omdiskutert kvinne

Sidan myrliket var ei kvinne og det var funne i nærleiken av Jelling, Danmarks royale residens, var det mange som trudde at Haraldskærkvinnna faktisk var Erik Blodøks si dronning, Gunhild. Dronning Gunhilds historie skildrar blant anna ei lausaktig og herskesjuk kvinne som etterkvart vart lokka i bakhald og visst nok senka i ei myr (Fischer, 2007: 105).

Kong Fredrik VI var så imponert av funnet og av den dei trudde kvinna var at ho vart lagt i ein sarkofag av eik, som sjølvsagt var passande for ei kvinne av hennar status, og deretter plassert i St. Nicholas kyrkja ved Vejle. Her befinn Haraldskærkvinna seg framleis i dag (Van der Sanden, 1996: 41).

Det var derimot ikkje alle som var like sikker på at dette dreia seg om dronning Gunhild. Den 22 år gamle arkeologen J.J.A Worsaae var ein av desse. Han meinte at myrliket måtte stamme frå jernalderen og difor ikkje kunne vere dronninga frå Noreg (Fischer, 2007: 105). Dette førte til ein stor debatt. I 1977 fekk Worsaae bevist at han hadde rett i sine tankar (Van der Sanden, 1996:41). ¹⁴C-datering viste at ho levde på rundt 450 f.kr (Fischer, 2007: 106). Worsaae hadde likevel blitt overraska over dateringa ettersom han sjølv trudde at liket var frå 700 eller 80 e.kr. (Van der Sanden, 1996:41).



Bilete 2, van der Sanden, 1996: 99.

iii. Stidsholt-hovudet, 1859

Datert til: Vart aldri tatt ei kolstoffprøve av det, men frisyren antyda at det stammar frå eldre jernalder (Fischer, 2007: 107).



Bilete 3, van der Sanden, 1996: 91.

Dette myrliket, sjølv om det kanskje ikkje kan kallast eit lik – det er trass alt berre eit hovud, vart funne i ei myr mellom Dronninglund og Horne. Det vart funne då ein unggut stakk ein kjepp ned ved sida av eit stoffband som stakk opp av myra (Fischer, 2007:107).

iii.i. Funnets tilstand

Det var antatt at dette var hovudet til ei spe kvinne, då det hadde eit langt, oppsett hår og var utan hårvekst i andletet (Glob, 2002: 98). Resten av kroppen hennar vart aldri funne (van der Sanden, 1996: 91).

Forskarane som granska hovudet meinte at det var skilt frå kroppen med eit hogg som kom bakfrå. Hogget hadde gått skrått gjennom halsen, skore av halsmusklane og reve av eit stykke av huda under haka (Glob, 2002:98). Hjørnetennene til Stidsholt-hovudet var ikkje lengre i munnen på ho. Dei andre tennene var framleis der, men

nokre av dei hadde blitt slått ut av kjeppen då ho vart funne i myra. Dei resterande tennene var særslitte (Fischer, 2007:106) Forskarane som har studert hovudet trur ikkje at kvinna vart skada på nokon måte eller slått bevisstlaus før ho vart halshogga (Brothwell, 1987: 31).

iii.ii. Kle og tilbehør

I det lange håret var det fletta inn eit langt hårbånd på om lag 80 cm med frynser på (Glob, 2002: 98).

iii.iii. Datering og forskning

Bandet som var funne saman med hovudet eksistera ikkje lengre, og er difor ikkje mogleg å datere (Glob, 2002: 98).

Glob (2002: 98) meiner at det ikkje er mogleg å sei om dette er eit myrlik som er mykje yngre enn eldre jernalder. Han skriv at det kan vere snakk om ei ung kvinne som var skuld i barnemord og der straffa var døden. Om dette hadde vore tilfelle kan det vere at dei valte å gravlegge kroppen ein stad og hovudet i myra. Ei myr som var plassert i ”ingen-manns-land”, mellom to gardar, Dronninglund og Horne.

Det vart ikkje tatt noko kolstoffprøver av hovudet, men vart datert ut i frå frisyren som var relativt vanleg i eldre jernalder (Fischer, 2007: 107).

Stidsholt-hovudet er i dag oppbevart på Nationalmuseet i København (Fischer, 2007:107)

iv. Huldremosekvinn, 1879

Datert til: om lag 65 e.Kr. (Fischer, 2007:109).



Bilete 4, Brothwell, 1987: 99.

I 1879 vart det på Huldremosen ved Ramten i Djursland funne ein kvinnekropp under torvkutting. (Coles og Coles, 1989: 188). Kort tid etter funnet vart liket lagt i ei kiste og gravlagt på Ørum kyrkjegard. Det vart deretter greven opp att og sendt til Oldnordisk museum i København. Der vart det vurdert i 1904 om ikkje liket skulle gravleggast igjen (Fischer, 2007: 108). Det vart det ikkje, men det var heller ikkje

store interessa rundt det og kvinna forsvann ut av folks minne fram til Glob skreiv si populære bok ”*The Bog people: Iron age man preserved*”. I dag ligg Huldremosekvinna på Nationalmuseet i København (van der Sanden, 1996: 160).

I byrjinga, rett etter funnet av kvinna, vart det trudd at det her var snakk om ein mann som hadde vore meldt sakna i tida rundt funnet. Difor var det først politiet som vart tilkalla til staden. Liket vart dratt opp av myra og brakt til ein låve der det vart avkledd og reingjort. Då såg dei at dette var ei kvinne og ikkje ein mann og det var etter dette at liket vart gravlagt (Coles and Coles, 1989: 188).

iv.i. Funnet – Posisjon og tilstand

Kvinna låg på ryggen med hovudet mot vest og føtene mot aust. Føtene var i tillegg dratt opp mot underkroppen hennar. Ho hadde nokre skader på høgre bein, men det er uvisst om dette har skjedd før ho døydde eller ved at torvkuttarar har råka ho i myra (Pearson, 2002:69). Bryony og John Coles (1989: 188) trur blant anna at hoftebeinet hadde brote ein gang medan ho framleis var i live og at det resulterte i at Huldremosekvinna halta når ho gjekk.

I nokre kjelder står det at Huldremosekvinna hadde kort, barbert hår (Chamberlain og Pearson, 2001: 59). I andre kjelder blir det skriva at ho hadde langt, mørkt hår som var dratt bakover. I dag har ho ikkje hår (Coles og Coles, 1989:188). Høgre arm var broten av, medan den venstre låg tett plassert over brystet, festa i ei lær-snor (Chamberlain og Pearson, 2001: 59). Nokre forskarar som Bryony og John Coles (1989) hevda at den eine armen braut av då torvforskarane fann kroppen. Andre, som Chamberlain og Pearson (2001) meiner at dette skjedde rett før ho døydde. Van der Sanden (1996: 162) hevdar òg at studiar av denne armen og huda rundt viser at det må ha skjedd før ho døydde. Det er til og med foreslått at det var brotet i armen som førte til Huldremosekvinnas død. At ho døyde av blodtap (Fischer, 2007: 108). I tillegg til at armen var kutta av kan ein sjå kuttmerker andre stadar på armen. Særskilt på handleddet, på underarmen og overarmen (van der Sanden, 2006: 162).

iv.ii. Kler og tilbehør

Huldremosekvinna hadde blant anna på seg to lammeskinnskapper som begge målte 78 cm lange. Ho bar begge kappene på same tid. Kappa som låg innerst hadde ull på

innsida og den ytre kappa hadde ull på utsida. Den ytre kappa var særskilt dekorert. Den var laga av fleire deler med ulik farga ull-skinn (van der Sanden, 1996: 131). Kvinna hadde i tillegg eit sjal, som dekkja hals og hovud og som var festa med ei nål av bein, og eit rutete skjørt. Sidan skjørtet var 78 cm langt er det truleg at det dekkja Huldremosekvinna til rista (ibid:131).

Ei lær-snor på litt over ein meter og det som kanskje var eit hårbånd i ull var pakka inn i ei blære. (Glob, 2004:70-80). I ei lomme låg det ein sær spesiell kam laga av gevir, som truleg var frå byrjinga av tidleg jernalder. Denne kammen var blant anna med på å datere heile funnet. I tillegg til dette vart det funne eit fletta ull-snøre, der den eine hadde to perler av rav på. Desse perlene forsvann kort tid etter at dei var funne (van der Sanden, 1996: 93). Ein stake av piletre på litt under ein meter tjukk låg på skrå over kvinna's bryst (Glob, 2004:70-80)

iv.iii. Datering og forskning

Forskinga på Huldremosekvinna fann stad på slutten av 1980-talet, altså meir enn 110 år etter at ho var funne (van der Sanden, 1996: 160). Etter at kvinna's mage var blitt undersøkt kunne ein sjå at det blant anna var spor etter ulike typar gryn og ugras. I tillegg var det funne spor etter dyrehår og dyre-kjøtt (ibid:110). Det er anslått at Huldremosekvinna var rundt 50 år då ho døydde (Hvass, 1980: 110).

Når det kjem til kva dødsårsaken til Huldremosekvinna var så har ikkje nyare forskning gjett noko klare svar. Det blir framleis spekulert i om det var skadane på arm og bein som drap ho, men det er òg foreslått hending eller kveling (Fischer, 2007:108-109).

¹⁴C-datering av kvinna viser at ho var frå om lag 65 e. Kr. Det vil sei at ho var frå romersk jernalder (ibid:109).

v. Liket frå Krogens møllemose, 1878

Datert til: Om lag 55 f.Kr. (Fischer, 2007:107)

Dette myrliket var funne ved Krogens Møllemose i Torslev sogn i nærleiken av Dronninglund i 1878. Kroppen låg på kring ein meter ned i myra. Torvgravarane vart oppmerksom på noko skinn som låg i myra. Då dei drog dette fram såg dei nokre menneskeknoklar i myra (Fischer, 2007: 107).

v.i. Tekstilar og andre funn

Funne saman med liket var eit skinnlag med ei hette, og ein lær-ring på 47 cm lang og 1 cm brei. Den var knyt saman med ei fletta lær-snor som var laga av fire lisser. Kva akkurat dette er kan vere vanskeleg å vite. Nokon har forklart det som ei løkke brukt for henging. Den originale forklaringa frå 1878 var derimot at det var snakk om eit hundehalsband (Fischer, 2007: 107).

Det var noko som vart funne saman med liket som forsvann då dei vart mista ned att i myrvatnet. Blant anna ein del tøyrestar og skinnrestar (ibid:107).

v.ii. Datering og Forsking

Liket vart diverre ikkje nøyare granska og det vart difor ikkje kjønnsbestemt. Derimot vart det spekulert i om det var snakk om ei kvinne ettersom knoklane var relativt spede (Fischer, 2007: 107). Til trass for at det var mangelfull forskning på liket vart det tatt kolstoffprøver av det. Det vart datert til rundt 55. År f.Kr. (ibid:107).

vi. Auningpiken, 1886

Datering: om lag 1 år f.Kr. (Fischer, 2007:110).

Dette myrliket var funne i Dønmore ved Gl. Estrup som ligg aust for Randers. Som med mange andre myrlik vart det òg med dette først antatt at det var snakk om eit drukna dyr. Etterkvart som torvgravarane fortsette nedover i myra kom eit andlet til syne. Først då vart museet i Randers tilkalla (Fischer, 2007: 109)

vi.i. Funnet – posisjon og tilstand

Hovud, hender, fingre og det eine brystet var relativt godt bevart, men huda var likevel broten på enkelte punkt slik at skjelettet stakk ut. Resten av kvinnas kropp var i ein verre tilstand (Fischer, 2007: 109). Hovudet var, som nemnt, godt bevart. Det vart sagt at ein tydeleg kunne sjå alle linjene og rynkene i andletet hennar. Det vart òg sagt at andletet viste eit uttrykk som fekk ein til å tenkje på redsel (ibid:109-110).

vi.ii. Kle og tilbehør

Saman med liket vart det funne eit firkanta, veva teppe, skjørt eller noko liknade. Det målte 150x101 cm. I tillegg vart det funne ei skinnkappe. Denne var i veldig dårleg stand (Fischer, 2007: 109). Det vart òg funne nokre trekrokar og trepinner saman med liket. Det kan vere at ho var haldt fast i myra av desse (Glob, 2002: 80).

vi.iii. Datering og Forsking

Legane som granska Auningpiken kunne ikkje komme fram til dødsårsaka (Fischer, 2007: 110).

Det vart tatt kolstoffprøve frå eine underarmsknokkelen i 1981 som viste at kvinna truleg levde på rundt år 1 f.Kr. (ibid:110).

Det var gjort eit forsøk på å konservere hovudet med gips, men det vart i staden for utstoppa med vatt. I dag er Auningpikens hovud utstilt på Kulturhistorisk museum i Randers (Fischer, 2007: 110)

vii. Ellingvinna, 1938

Datert til: mellom 335 og 205 f.kr (Fischer, 2007: 80-81)



Bilete 5, Fischer, 2007: 76.

Myrliket som er kjend som Ellingvinna vart funne berre 70 meter frå området der Tollundmannen vart funne (Chamberlain og Pearson, 2001: 62-63). Det var ekteparet Jens og Jenny Zakariassen som i 1938 fant det dei i første omgang trudde var eit drukna dyr. Til trass for dette kontakta dei ein gardseigar, Søren Jensen, frå området som var kjend for sin interesse for arkeologi (Karen Margrethe Boe). Søren Jensen hadde dei same tankane som ekteparet og trudde det dreia seg om eit rådyr. Beklageleg nok hadde han nesten greve vekk bein og underkroppen på liket før han innsåg at det kunne vere snakk om eit menneske. Han tok då og kontakta Nationalmuseet (Fischer, 2007: 77-78).

vii.i. Funnet – posisjon og tilstand

Kvinnas kropp, som hadde på seg ei skinnkappe med korte hår, låg med hovudet mot nord og beina mot sør. Ho låg om lag 36 cm over sandbotnen til myra, og 155 cm under myras overflate (Fischer, 2007: 78). Jens Zakariassen har fortalt i seinare tider at han kunne hugse at det i tillegg var funne ein spade i nærleiken av liket, og at det difor ikkje kunne vere tvil om at kvinna hadde vore gravlagt, og det på ein måte som gjorde at ho satt nærast oppreist i myra (ibid: 78-79).

Baksida på kroppen var godt bevart. Framsida var derimot så skada at det var i byrjinga vanskeleg å sjå om det var snakk om ei kvinne eller ein mann. Det var det lange, fletta håret som gjorde at dei i første omgang vurderte liket som ei kvinne

(Coles et. Al. 1999: 96). Først i 1977 var det at eit team med legar og tannlegar som ved å sjå på tannsettet hennar og røntgenbilde kunne stadfeste at dette myrliket var ei kvinne (ibid:96).

vii.ii. Mogleg dødsårsak

Ellingkvinna var truleg mellom 25 til 30 år gamal, og hadde på same måte som Tollundmannen truleg blitt hengt i eit lær-rep. Denne konklusjonen kom forskarar fram til ettersom ein bak håret hennar framleis kunne sjå dei v-forma furene denne løkka hadde laga i nakken på ho (Chamberlain og Pearson, 2001: 62-63). Ein av forskarane, ein radiolog, som undersøkte Ellingkvinna konkluderte med at ho leid av osteoporose, noko som var urovekkande ettersom ho var så ung (van der Sanden, 1996: 141).

I nærleiken av Ellingkvinna var det funne eit 40- cm langt lær-belte. Nokon forskarar, blant anna Winjand van der Sanden (1996: 155) har foreslått at ho kanskje vart hengt i dette. Då det under gransking vart sett at det på beltet var lause hår meinte mange at det hadde måtte vere i nærleiken av likets hår eller hårgrense. Det vart foreslått at Søren Jensen eller Jens Zakkariasen hadde kutta av dette beltet med spaden då liket vart funne (Fischer, 2007: 81).

vii.iii. Kler og tilbehør

I tillegg til dette beltet hadde Ellingkvinna ei kappe, som tidlegare skrivi. Denne besto av to deler. Ein del som ho hadde rundt seg og ein del som ho hadde rundt beina. Denne kappan er samansett av fleire skinnstykker (Fischer, 2007: 83).

vii.iv. Forsking og datering

Utover det som no er skrivi vart det ikkje gjort fleire granskingar på Ellingkvinna. Etter at det kom til Nationalmuseet vart det lagt til side og det tørka ut. Skinnkappan saman med lær-beltet vart konservert. Diverre vart det ikkje tatt nokon bileter av kroppen liggande i myra, utanom eit bilete som er tatt av Søren Jensen med ei kasse fylt med delar av liket og beltet (Fischer, 2007: 78-79).

¹⁴C-datering viste at ho var frå perioden då Tollundmannen levde, men om det var snakk om akkurat same tida eller om det var eit par generasjonar som skilde dei er

vanskeleg å seie (Coles. Et. Al. 1999:96). Den endelege datering vart sett til mellom 335 og 205 f.Kr (Fischer, 2007: 80-81).

viii. Roum-hovudet, 1942

Datert til: Er ikkje kolstoffdatert, men datert på grunnlag av ei skinnkappe funne saman med hovudet og er kanskje frå rundt slutten av før-romersk jernalder (Fischer, 2007: 111).



Bilete 6, Fischer, 2007:111.

I juni i 1942 vart det i Roum-myra i Himmerland funne eit hovud. Som det ofte skjer når eit lik er funne i myra vart politiet tilkalla. Saman med politiet kom ein lege og ein museumsarbeidar. Etter nøye gransking i område måtte dei gje opp, og kroppen som hørte til hovudet vart aldri funne (Glob, 2002: 100).

viii.i. Funnet - tilstand

Etter studering av hovudet vart ekspertane einig i at det måtte ha vore frå ei kvinne på bakgrunn av at hovudet hadde langt, raudleg hår og ingen skjeggstubbar. Andletet var ovalt og tennene var godt bevart, men slitte (Glob, 2002:100). Derimot meinte nokre, deriblant Coles og Coles (1989: 180) at dette hovudet kom frå ein mann. Dei gav ikkje noko grunngjeving på kvifor dei vurderte dette som eit mannshovud.

Hovudet var kutta frå kroppen i halsområdet. På grunn av at brotflata var ru trudde forskarane at det har vore snakk om halshogging. Hovudet var relativt godt bevart, men auga og litt av nasa manglar. Augebryna var intakte og hadde ein raudleg farge. Håret var litt mørkare enn augebryna, men satt lausare fast. Håret var om lag rundt 10-12 cm lange (Fischer, 2007: 110).

viii.ii. Kle og tilbehør

Hovudet var rulla inn i eit saueskinnskappe som var typisk for eldre jernalder (Fischer, 2007: 110).

viii.iii. Datering og forskning

Forskarane som granska kvinna, hovudet, meinte at ho måtte ha vore i tjuåra (van der Sanden, 1996: 159).

Glob (2002) spekulerer i om dette hovudet var ei offergåve, fordi det er funne ulike kle og artefaktar tidlegare i den same myra som Roum-hovudet var funne i (Glob, 2002: 100). Hovudet vart først sendt Hobro museet, som vidare sendte det til Nationalmuseet i København. Nationalmuseet sendte det etterkvart vidare til Normalanatomisk institutt, der hovudets mål vart tatt. På dette instituttet tørkar hovudet heilt inn og vart øydelagt (Fischer, 2007: 111).

Hovudet vart aldri kolstoffdatert, men det vart utført ei form for datering på skinnkappa det var pakka inn i. Forskarar som har studert denne kappan meiner at den var typisk for eldre jernalder (Fischer, 2007: 111).

ix. Borremosemannen, 1946

Datert til: om lag 650 f.Kr. (Fischer, 2007:118).



Bilete 7, Fischer, 2007: 117.

I Borremosen i Himmerland vart det i 1946 under torvkutting funne liket av ein mann på rundt to meters djupne i ei gammal utgraving av myra (Fischer, 2007:)

Ikkje uvanleg var det først trudd at det her var snakk om eit nyleg mord og politiet vart tilkalla. Det var sagt at folk faktisk vart skuffa når det viste seg å vere eit menneske frå lang tid tilbake, til trass for at dette har ein stor historisk og arkeologisk interesse (Glob, 2004: 86).

Det var konservatoren for Vest-Himmerland museum, S. Vestergaard Nielsen som fekk ansvaret for utgravinga. Han sørgja for at myrliket vart frakta ut av myra med torv pakka rundt seg. Det vart deretter sendt til Nationalmuseet i København for grundigare forskning (Glob, 2004: 86).

ix.i. Funnet – posisjon og tilstand

I myra var han plassert i ei sittande stilling med bein som var i kryss og låg bøygde. Overkroppen hans var delvis snudd rundt (van der Sanden, 1996: 97). På haka hadde han tjukke skjeggstubbar. Venstre augeball var godt bevart med ein svart iris (Coles og Coles, 1989:185). Høgre foten hans hadde brote rett over kneet, men om dette skjedde før eller etter han døyde er vanskeleg å vete. Mannens hjerne kunne ein tydeleg sjå gjennom eit hål i skallen. I tillegg hadde han ei løkke rundt halsen (Pearson, 2002: 68).

Vestergaard Nielsen meinte at Borremosemannen vart nedlagt i myra i same posisjon og på same stad som dei fann han på, men eit viktig, eller heller tre viktige funn påviste at myra ikkje ligg heilt i ro. Det vart funne tre tånegle, som hadde tilhøyra Borremosemannen, rundt mannens kne. Dette var eit resultat av høgmyras rørsler. Rørslene er eit resultat av at myra veks mest på midten og tyngdekrafta får den til å bevege på seg (Fischer, 2007: 116). Over kroppen låg det ei tjukk grein. Denne var kanskje plassert der for å halde han nede (van der Sanden, 1996: 99-100).

ix.ii. Kler og tilbehør

Mannen var naken i myra, men hadde eit stykke stoff som var lagt under hovudet og to saueskinnskapper som var samanrulla under beina hans (Pearson, 2002:68). Den eine kappa hadde ein krage på toppen (Coles og Coles, 1989: 185). I tillegg hadde han, som skrive, eit reip som var funne rundt halsen på han. Reipet av bast viser at det er bevaringspotensiale i høgmyrer. Det er tidlegare spekulert i om fleire myrlik har hatt kler på seg av vegetabilsk materiale, men at desse har blitt oppløyst av det sure myrvatnet (Fischer, 2007: 117).

ix.iii. Mogleg dødsårsak

Det er truleg at han vart hengt eller kvelt med reipet som låg rundt nakken hans. Reipet var 94 cm langt og var laga av tre trådar av fletta hamp og hadde i enden ei

renneløkke. Holet i skallen kom, i følge forskarar, truleg av trykket frå myra som pressa over han (Chamberlain og Pearson, 2001: 60-61).

ix.iv. Datering

Kolstoffprøvene frå Borremosemannen daterte han til om lag 650 f.Kr (Fischer, 2007:118).



Bilete 8, van der Sanden, 1996: 110.

x. Liket frå Borremose, 1947

Datert til: om lag 430 f.Kr. (Fischer, 2007:118-119).



Bilete 9, Fischer, 2007: 119.

Det vart i Borremose i Himmerland 27. juni 1947 funne nok eit lik. Fischer (2007) meiner at dette var ein mannskropp, medan andre kjelde, som til dømes van der Sanden (1996) og Glob (2004) trur heller at det her var snakk om ei kvinne.

x.i. Funnet – posisjon og tilstand

Dette liket var funne nord-aust i myra, men ikkje så veldig langt frå Borremosemannen som var funne året før. Liket låg på litt mindre enn 2 meter ned i myra (Glob, 2004: 91). Kroppen vart etterkvart frakta ut av myra, lagt på ei sinkplate og sendt til Nationalmuseet i København for nærare gransking (Fischer, 2007: 118).

Myrliket låg på magen med andletet ned i myra. Hovudet låg mot nord og beina mot sør. Store delar av kroppen hadde forsvunne. Skallen var knust i fleire delar og hjernen var synleg. Håret var kortklipt og raudleg-brunt (Pearson, 2002: 68). Liket var moglegvis skalpert og andletet knust, som skrive, men det kan sjå ut til at andletet vart knust etter at ho eller han døyde (van der Sanden, 1996:165). Den høgre foten hadde eit brot like under kneet. Ved mageområdet hadde kroppen tre pinnar på rundt 10 cm lange. Langs eine sida låg det nokre små bein som kan ha vore beina til eit spedbarn (Glob, 2004: 93).

Fischer, 2007: 118) skriv at Elise Thorvildsen som hadde ansvaret for utgravinga av liket frå Borremose hevda i sine skildringar at kjønnsorgana var dårleg bevart, men at ho likevel var rimeleg sikker på at dette var liket av ein mann. Fischer trur at det er smykka og beifunna som kan vere frå eit lite barn som er årsaka til at så mange trur at det er snakk om ei kvinne (Fischer, 2007: 118).

x.ii. Kler og tilbehør

Kroppen låg naken på ei seng av bjørkebark. På underkroppen hadde ho eit slags teppe; eit sjal og ulike delar av brunt materiale av ull (Coles og Coles, 1989:185) Chamberlain og Pearson (2001: 61) skriv at nokre forskarar meiner at dette materialet tidlegare hadde vore ein mannskappe, med tanke på nål-hola og slitasjemerka. Det var i tillegg funne ei lær-tang i nærleiken av kroppen.

Ved halsen og over brystet hadde ho to lær-snorer som var knytt saman. Ved sida av låg det ei perle av rav på og ei bronseplate på 21-22 millimeter. Dette har moglegvis ein gang vore ein del av eit halssmykke. Utover snørene som låg ved halsen var det funne endå eit snøre som låg nede ved beina. Desse står ikkje nedskrivne i skildringane av liket, men kan tydeleg sjåast på fotografia av kvinna (Fischer, 2007: 118).

Oppe ved høgre armen låg ei halv keramikkpote. Dette saman med geologiske studier og kolstoffprøver var med på å datere liket (Glob, 2004: 93).

x.iii. Datering

Kolstoffprøver av liket har gjeitt ei datering til om lag 430 f.Kr. Keramikkpotta som var funne saman med liket samsvarar med denne dateringa (Fischer, 2007:118-119).

xi. Borremosekvinna, 1948

Datert til: om lag 770 f.Kr. (Fischer, 2007:120).



Bilete 10, Fischer, 2007: 120.

I 1948 vart eit tredje myrlik funne i Borremosa ved Himmerland. Som med dei to andre vart dette òg tatt ut av myra med ei torvblokk rundt seg og sendt til Nationalmuseet i København for nærare forskning (Fischer, 2007: 119)

xi.i. Funnet – Posisjon og tilstand

Det hadde vore mykje diskusjon om det andre myrliket, det som vart funne i 1947, var ei kvinne eller ein mann. Liket som vart funne i 1948 var dei fleste einige i at var ei kvinne ettersom kjønnsorgana var godt bevart (Fischer, 2007: 119-120).

Kvinna låg plassert på magen med hovudet mot aust og andletet ned (Pearson, 2002: 68). Høgre armen var bøygd opp mot andletet og venstre armen låg plassert under venstre beinet som òg var bøygd oppover (Coles og Coles, 1989: 185). Kroppen var lagt på ei seng av små, kvite bomullsblomar. Desse blomane vart, av biologar antatt at hadde kome frå ein annan del av myra (Pearson, 2002: 68).

Både hendene og føtene hennar var relativt godt bevart. Neglene, derimot, hadde dotte av og låg strødd rundt liket. Seks av neglene låg riktig nok i nærleiken av liket og viste, som med liket frå 1947, at myra har vore i bevegelse (Fischer, 2007: 120).

Ho var rundt 143 cm lang då ho vart funne, men ho har truleg krympa inn litt etter at ho hamna i myra. Liket var usedvanleg kraftig (ibid:120). Borremosekvinna var moglegvis mellom 20 og 35 år gamal då ho døyde (Coles og Coles, 1989: 185).

xi.ii. Kle og tilbehør

Kvinna var pakka inn i eit stort ullteppe. Nokre kjelder skriv at dette var på om lag 175x115 cm (Fischer, 2007: 120). Andre skriv at det var på 180x120 (van der Sanden, 1996: 128). Det er spekulert i om dette moglegvis var snakk om eit skjørt, basert på hola i det og eit lær-snøre som var funne ved det (ibid:128).

xi.iii. Dødsårsak

Mogleg dødsårsak var kraftige slag mot hovudet framanfrå . Desse hadde nesten fullstendig knust delar av andletet; hake og kinn. Huda over skallen med håret var reven av (Pearson, 2002: 68). Eit større stykke av denne huda låg plassert ved halsen og ved den høgre handa hennar (Fischer, 2007: 120).

Det var laga eit scenario rundt måten Borremosekvinna døyde. Dette gjekk ut på at ho var ei utru kone som vart tatt av mannen sin. Ho vart barbert på hovudet og jaga ut av landsbyen og inn i myra. Etter at folk frå landsbyen hennar hadde greve eit hol i myra og gjeitt ho fleire slag i hovudet dumpa dei ho i myra og holet vart fylt att (Coles og Coles, 1989:197).


Dette er eit scenario som moderne forskarar ikkje ser seg einige i. Det er mogleg at slaga til hovudet skjedde etter at ho var død. Årsaka til at forskarar trur dette er fordi ho ikkje har nokon forsvarsmerker på armane. Noko som hadde vore naturleg (Coles og Coles, 1989: 197). Dødsårsaken til Borremosekvinna er difor registrert som ukjent.

xi.iv. Datering og Forsking

Med dei fleste myrlik blir det ikkje funne noko blod saman med dei. Dette er fordi hjartet, blodkar og kroppsveskene normalt sett blir nedbrote i myra. Det vart derimot

funne ei lita klynge med blodlegeme i litt av vevet. Noko særlig forskning på dette har ikkje vore gjort (Brothwell, 1987: 54).

Kolstoffprøver vart teken av liket og viste ei datering til rundt 770 f.Kr (Fischer, 2007:120).



Bilete 11, Fischer, 2007: 175.

xii. Tollundmannen, 1950

Datert til: om lag 220 f.Kr.



Bilete 12, van der Sanden, 1996: 17.

Tollundmannen er kanskje det mest kjende myrliket i verda. Han vart funne i 1950 ved Bjældskovdal på Jylland og er skildra som sjøve andletet på Europas forhistorie (van der Sanden, 1996:16-17). Det som dei fleste merka seg med denne mannen er det fredelige andletet og den roen som ser ut til å ligge over han (Sanders, 2009:1).

xii.i. Funnet – posisjon og tilstand

Tollundmannen var lagt i ei grav som var greven ut i myra. Kroppen hadde blitt forsiktig plassert på venstre side med beina bøygde (Fischer, 2007: 35). Chamberlain og Parker Pearson (2001: 62) meiner at ettersom han vart lagt ned på ein slik forsiktig måte, med både auge og munn lukka att, var dette eit bevis på at dei som plasserte han der tydeleg brydde seg om han.

Tollundmannens hovud er det best bevarte menneskehovudet som har overlevd frå antikken. Hans korte hår, mellom 2-3 cm langt, var ikkje frisert på noko som helst måte. Augebryna var delvis preservert, og dei korte skjeggstubbane var tydelege på overlippa, haka og kjakane (Fischer, 2007: 36).

Kroppen til Tollundmannen var relativt godt bevart. Det meste av overkroppen var framleis dekket av hud. Venstre side av brystet og skuldra, derimot, var noko nedbroten og overhuda var vekke på delar av området. Ei rekke av små kutt kunne ein sjå nedover ryggen på han. Desse kom frå torvkuttinga, då han vart oppdaga i myra. Det venstre hoftebeinet stakk ut frå huda og magen låg i folder. Kjønnorganet var godt bevart.

xii.ii. Kle og tilbehør

Tollundmannen var naken i grava si, med unntak av ei saueskinnsjette og eit enkelt skinnbelte (Glob, 2004: 31-32). I tillegg hadde han eit langt, fletta lær-reip festa rundt halsen på han (Glob, 2004: 31-32). Reipet var dyktig fletta frå to hudreimer på om lag 1 cm bred, og var målt 1,5 m frå snøreholet til ytterpunktet, det har derimot truleg blitt kuttet og var tydelegare kanskje lengre (Glob, 2004: 32)

xii.iii. Datering og forskning

Då han berre var 1,61 m var han ein kort mann frå samtida. Alderen var truleg mellom førti og femti år då han døyde, og han er difor relativt gamal for eit menneske frå eldre jernalder å vere (Chamberlain og Parker Pearson, 2001: 62).

Ekspertar meiner at han vart hengt med reipet som var funne rundt halsen på han. Sidan nakkevirkane ikkje var forskyvde, kan det sjå ut som om reipet forårsaka sakte kveling, i staden for eit nakkeknekkande fall eller rykk (Chamberlain og Parker

Pearson, 2001: 62). Løkka rundt halsen var laga slik at den kunne stramast bak. Den hadde laga klare spor i huden under haka og på sidene av halsen, men ingen merke bak i nakken der knuten låg (Glob, 2004: 32).

Det er truleg at det var dette reipet som forårsaka Tollundmannens død. Nakkevirvlane ser ikkje ut til å ha blitt skada, men rettsmedisinske ekspertar som tok del i undersøkinga meinte likevel at reipet som var plassert rundt Tollundmannens hals ikkje var brukt for kveling, men for henging. Det vart gjort eit forsøk på å kunne påvise dette ved hjelp av røntgen ved Bispebjerg sjukehus av Dr. Baastrup. Resultatet var ubestemmeleg. Røntgen av skallen vart tatt på same tid. Dette viste klart at hovudet var uskadd. Visdomstennene hadde utvikla seg, noko som indikerte at mannen måtte ha vore over 20 år. Hjernen var intakt, men hadde krympa. Ein obduksjon viste at dei indre organa, som til dømes hjartet, lungene og levera var særskildt godt bevart. Det var òg fordøyingsorgan, som vart fjerna av ein paleobotanikar, Dr. Hans Helbaek, for å kunne undersøke mannens siste måltid. Dette var framleis tilstade i magesekken og både tjukktarmen og tynntarmen var relativt godt bevart til trass for tyngda på den overleggane myra (Glob, 2004: 32).

Då den grundige undersøkinga på Tollunmannen var gjort vart det bestemt at han skulle bevarast for framtida. Diverre vart det bestemt at ein berre skulle bevare hovudet. Etter meir enn eitt års behandling vart hovudet sendt til Silkeborg museum på det sentrale Jylland (Glob, 2004: 35-36). I løpet av prosessen med å bevare hovudet krympa det med om lag 12 prosent. Til trass for dette er det framleis det best bevarte menneskehovudet som er funne til no (ibid:36).

Det vart tatt fleire kolstoffprøver av Tollundmannen før forskarane vart einig om datering. Denne datering var satt til om lag 220 år f.Kr. (Fischer, 2007: 71).

xiii. Grauballemannen, 1952

Datert til: om lag 350 f.Kr.



Bilete 13, Fischer, 2007: 69.

På ein laurdag, 26 april 1952 vart Grauballemannen funne av nokre torvkutterar på Nebelgård Fen, 10 km nordaust for Silkeborg (Boe, pers.med).

Det var tydeleg at mannen låg i eit eldre torvlag. Eit mjukt 'teppe' av sfagnum-mose låg både over og under kroppen og viste linjene til utgravinga sjølv om ein ikkje lengre kunne sjå gravas fulle lengde då dette var greven vekk på tre sider (Glob, 2004: 37).

Etter at det var klart at det her var snakk om funn av ein mann frå elde tider vart Professor Glob i Århus kontakta og han vart sendt til det forhistoriske museum i Århus der han ligg den dag i dag (Boe, pers.med). På Århus museum hadde det blitt etablert ei konserveringsavdeling kort tid før funnet. Glob var rimeleg bestemt på at Grauballemannen ikkje skulle sendast til København, der han meinte at begeistringa for myrlik som forskingsobjekt ikkje var som det skulle vere (Asingh, 2009: 14).

xiii.i. Funnet – posisjon og tilstand

Mannen frå jernalderen var plassert delvis på skrå i myra. Både hovud og delar av overkroppen var reist kvilande opp på grunnen av den gamle utgravinga. Hovudet låg mot nord og beina mot sør. Venstre beinet var utstrekt, medan det høgre var bøygd. Venstre skinnlegg var i tillegg broten (Bryony og Coles, 1989: 181). Han låg på brystet. Høgre armen var lett bøygd og underarmen var delvis snudd slik at handflata låg nedover. Venstre armen låg rett ned med kroppen og armen var delvis knyta (Asingh, 2009: 31).

Håret på mannens hovud var kortkutta, rundt 5 cm langt og han hadde skjeggstubbar på haka. Sjølve hovudet til Grauballemannen var ikkje i like godt stand som Tollundmannens hovud. Dette hadde både å gjere med tyngda på torva som hadde pressa det ned i over 2000 år og at torvkuttarane hadde råka hovudet då han vart funne. Til trass for dette gjev Grauballemannes hovud og andlet eit inntrykk av korleis denne mannen såg ut då han døydde (Bryony, Coles, 1989: 181). Som tidlegare skrive viste Tollundmannen eit andletsuttrykk av fredfullhet og ro. Dette kan kanskje opplevast motsett med Grauballemannen. Hans andlet visar meir redsel og skrekk (Glob, 2004:39).

Skrekken ein ser i andletet til Grauballemannen kan vere noko ein berre innbillar seg, men det blir gjerne forsterka når ein ser at han har fått strupen kutta frå øyre til øyre. Det er blitt vurdert om han i tillegg har fått eit slag over den høgre tinning. Tennene hans var slitne og han hadde mista tre i løpet av livet. Han hadde karies i fleire av tennene (Pearson, 2002: 67).

Skjelettet hans var blitt mjukt og dei indre organa hadde delvis blitt nedbrotne. Før han døyde ser det ut til at han hadde hatt eit måltid som var lik Tollundmannens. Dette var ein slags graut med blant anna havre, bygg og urter. Det var i tillegg funne spor etter kjøtt og nokre dyrehår (Pearson, 2002:68).

xiii.ii. Kler og tilbehør

Under utgravinga som vart utført etter at Grauballemannen hadde blitt fjerna frå myra fann ein ikkje noko spor etter tekstilar eller andre gjenstandar saman med liket. Materiale som skinn eller ull, som er funne saman med fleire andre myrlik, ville ha

vore bevart, så forskarane var rimeleg sikre i sin sak. Grauballemannen var naken og aleine i myra (Asingh, 2009: 14).

xiii.iii. Datering

Dei første dateringane av Grauballemannen viste han var frå om lag 210 og 410 år e.Kr. Ei andre og ei tredje prøve vart tatt. Den siste prøva, altså den tredje, viste at han truleg var frå ca. 350 f.Kr (Fischer, 2007:73).